




Fylkesmannen i Rogaland



**Årsrapport 2016**

## Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Fylkesmannens beretning	4
1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse	4
1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året	4
1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater	4
1.4 Andre forhold	4
Sted, dato og fylkesmannens signatur	4
2 Introduksjon til embetets hovedtall	6
2.1 Embetet og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	7
2.4 Andre forhold	10
3 Årets aktiviteter og resultater	11
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	11
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	11
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	12
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	
Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	13
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	14
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	14
3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet	16
3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap	17
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	17
3.1.1.5 Øke tilgjengelighet og kapasitet, samt styrke kvalitet og innovasjonsevne i helse- og omsorgssektoren og i folkehelsearbeidet	18
3.1.1.6 Økt kapasitet og kompetanse om psykisk helse og rus, med satsing på bedre forebygging og sammenhengende tjenester	19
3.1.1.7 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester	20
3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truete arter er i bedring	20
3.1.1.9 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø	22
3.1.1.10 God økonomiforvaltning i kommunene	23
3.1.1.11 Kommunereform	23
3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket	23
3.1.1.13 Bærekraftig landbruk	26
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	27
3.1.2.1 Godt tjenestetilbud for barn og unge	27
3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	28
3.1.2.3 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap i fylket	28
3.1.2.4 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	28
3.1.2.5 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	29
3.1.2.6 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktningssituasjonen	30
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	30
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling	31
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	33
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige	

tjenester	34
3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende	37
3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	39
3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene	39
3.1.5 Gjennomførte evalueringer	39
3.1.6 Særskilt om oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i Virksomhets- og økonomiinstruks	39
3.2 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	40
3.3 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	62
3.4 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	63
3.5 Andre forhold	63
4 Styring og kontroll i embetet	64
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging	64
4.1.1 Embetets risikostyring	64
4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak	64
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet	64
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	64
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekka svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	64
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	64
4.3 Andre forhold	65
5 Vurdering av framtidsutsikter	66
5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	66
5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	66
5.3 Andre forhold	66
6 Årsregnskap	67

## 1 Fylkesmannens beretning

### 1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse

Det er dei økonomiske og menneskelege ressursane som avgjør om vi løyer oppgåvane og oppnår resultat av arbeidet vårt. Vi har god kompetanse i arbeidsstokken, vi har arbeidssame og engasjerte medarbeidrar. Dei er også relativt trufaste, 4,4 prosent turnover siste året. Vi har og god rekruttering til ledige stillingar.

Vi er nøgde med at ansvaret for forarkortsakene er avklart, men opplever stadig vekst i saksmengde innafor dei oppgåvane vi har frå før. Trass i større fridom til å prioritere, er det framleis rige krav på nokre område. Tal på tilsyn er eit av fleire døme på det. Vi ønskjer større fleksibilitet, det gir større rom for risikobasert styring. "Glassjentesaka" vart ein vekkar for mange. Den saka viser at også ein gjennomgang av tilsynsmetodikken er nødvendig.

Kutt i løvingane, med forventa effektivisering og produktivitetsvekst, er utfordrande. Kutta dei siste åra fører til at minimum ei stilling forsvinn kvart år. Fleire av oppgåvane våre, mellom anna tilsyn og enkeltsaksbehandling, er arbeidskrevjande og kan i berre liten grad forenklast ved tekniske løysingar og digitalisering. Vi har likevel hausten 2016 oppretta eige prosjekt internt for auka bruk av digitalt førsteval i alle avdelingane.

I det store biletet brukar vi mest ressursar på formidling av nasjonale mål og krav, sjølv om lovfesta rettstryggleiksoppgåver har første priorititet. Desse hovudoppgåvane går ofte over i kvarandre, i og med at vi også brukar både tilsyn og enkeltsaksbehandling for å orientere om nasjonale krav og verdiar.

Ressursane er for knappe til å løye alle oppgåvane like godt. På nokre felt har vi avvik også i 2016. Ressursmangelen er særleg tydeleg innafor helse og sosial. Vi har heller ikkje i 2016 klart å gjennomføre alle tilsyna der. Vi meiner likevel at prioritering og risikovurdering gjer at dei rette tilsyna blir utførte.

2016 ga også rom for nokre særskilde satsingar. Vi nemner Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland og oppfølging og samordning av flyktingarbeidet i kommunane.

Trass i knappe ressursar, kom vi 2016 ut med eit lite pluss på 240 000 på hovudkapittel 0525. Overskotet skuldast refusjon for sjukefravær og innsparte lønsmidlar i korte vakanseperiodar.

Verjemålsarbeidet er særstakt sett i eit rettsstryggleiksperspektiv. Vi er særstakt godt nøgde med resultat og innsats i 2016. Ekstraløyvingane i løpet av året redda situasjonen. Med relativt vesentleg kutt i 2017, er vi bekymra for dette viktige arbeidet framover.

Oppsummert er eg godt nøgd med måloppnåing, resultat, innsats, budsjett- og ressursutnyting i 2016.

### 1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringar for året

Prioriteringane våre er i stor grad styrte av krav og forventningar i overordna styringsdokument. Knappe ressursar gjer likevel at vektinga mellom ulike mål og resultatkrav blir forskjellig. Som hovudprioritet står lovfesta oppgåver og rettstryggleiksoppgåver med fristar til saksbehandling.

Det er også nødvendig å endre merksemad undervegs. 2016 vart i stor grad var prega av arbeidet med kommunerformen. Etterdønningane etter flyktningsituasjonen i 2015 medførte stort behov for rettleiing og oppfølging overfor enkeltkommunar. Planlagt arbeid med risiko- og sårbarheitsanalyse for fylket måtte såleis utsetjast til 2017. Arbeidet med "Sjumilssteget" heldt fram i 2016, eit arbeid som involverer alle avdelingane i embetet. Oppvekstvilkåra for barn og unge skal gjennomgående ha høg prioritet hos oss. Rogaland har lange tradisjonar med frivillig innsats. Dette engasjementet vart forsterka hausten 2015 og heldt fram i 2016. Oppgåver kring flyktingemottaka og i høve busetjing vil fortsetje. Eg ser det som viktig å oppmuntre både eksisterande organisasjonar, frivilligsentralar og nye tiltak som veks fram. Frivillig innsats er eit viktig supplement for å sikre betre overgangar mellom mottak og busetjing, mellom rus, psykiatri eller fengsel og busetjing og frå arbeid til arbeidsløyse.

I 2016 styrka vi dessutan mellombels innsatsen for å handtere utsleppssøknader, særleg for oppdrettsnæringa. Vi styrka også tilsyn i helsektoren, dette for å kompensere for fleire vakante legestillingar, inkludert fylkeslege.

### 1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater

Nedskjeringane i olje- og gassnæringa har prega Rogaland dei siste to åra. Arbeidsløysa ligg ved årsskiftet på rundt 5 prosent, høgast i landet. Dette er ein situasjon som først og fremst merkast for den enkelte. 12 000 ledige gir også ringverkna for familiær og naboor. NAV og kommunane måtte forsterke innsatsen. For Fylkesmannen fører det først og fremst til fleire klagesaker på økonomisk sosialhjelp. Kommunane har trass i stor vekst i arbeidsløysa, likevel klart seg bra gjennom 2016.

Andre konsekvensar av arbeidsmarknadssituasjonen er redusert folkets vekst, lågare bustadprisar og noko mindre utbyggingspress. I 2016 vaks folketalet i Rogaland med berre 0,4 prosent. I fleire år har vi konkurrert med Oslo og Akershus om vekstnivå. I desse fylka var veksten på rundt 1,5 prosent i 2016.

Trass i dette er det framleis stor aktivitet på planlegging og bygging i fylket. Dette pregar også fylkesmannsarbeidet gjennom medverknad i kommunale planar og vekst i klagesakene etter plan- og bygningslova også i 2016. Nedgangen i oljeverksemda fører heller ikkje til at tala på ufaglært i skole- og barnehage går merkbart ned. Dette er framleis ei utfordring i Rogaland. Veksten i andre næringar, som til dømes i havbruk, pregar også arbeidssituasjonen hos Fylkesmannen. Det same gjer klimaendringar. Her er det behov for større merksemad i kommunale arealplanar og på på byggjeverksemad i flaumutsette område. Her er også ofte varsling av ekstremvêr.

Flyktingtilstrøyminga i 2015 medførte for Fylkesmannen eit særleg fokus på barnefamiliar og einslege mindreårige. Samordninga og samarbeidet med UDI og IMDI vart vesentleg styrka.

Vi kjem heller ikkje under dette rapporterpunktet utanom kommunereforma. Denne reforma involverte heile embetet og var eit viktig punkt i fylkesmannen og resten av leiargruppa sine besøk til kommunane våren 2016.

Internt var verksemda prega av stort arbeidspress, knappe og reduserte ressursar, samt vakanse i viktige stillingar. I 2016 var manglande medisinsk kompetanse i periodar hovudutfordringa.

Vi gjennomførte medarbeidarundersøking i 2016. Undersøkinga viser at det no stort sett er godt arbeidsmiljø og høg trivsel i embetet. Undersøkinga blir følgt opp i alle avdelingane. Vi gjennomførte også ei brukarundersøking og kan registrere jamnt over gode tilbakemeldingar på arbeidet vårt.

### 1.4 Andre forhold

Saman med Fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane gjennomførte vi i 2016, med hjelpe frå NIVI Analyse, ein rapport om potensial for flytting av oppgåver frå sentrale styresmakter, departement, direktorat og statlege regionnivå, til fylkesmennene. Rapporten er sendt til KMD/departementa. Rapporten bør vere eit godt verktøy i vurderinga av utflytting av arbeidsplassar eller arbeidsoppgåver, frå Oslo til eit alt godt fungerande forvaltningsapparat hos fylkesmennene.

## Sted, dato og fylkesmannens signatur

Stavanger, 28. februar 2017

Magnhild Meltveit Kleppa (sign.)



## 2 Introduksjon til embetets hovedtall

### 2.1 Embetet og samfunnssoppdraget

Dei nye styringsdokumenta frå KMD og fagdepartement/direktorata i 2016 tydelegger og klargjer Fylkesmannens samfunnssoppdrag. Nytt tildelingsbrev, og ikkje minst verksamheds- og økonomiinstruks, har gitt noko større handlingsrom og prioriteringssmuligheter innanfor avklarte mål og tildelte midlar. Over tid så er likevel samfunnssoppdraget slege fast i instruksar for Fylkesmannen, både generell instruks for Fylkesmannen og instruks for beredskapsarbeidet. Fylkesmannen i Rogaland har i tillegg utarbeidd ei rekke eigne styringsdokument og direktiv. Her er mellom anna oppdraget samanfatta slik:

*"Fylkesmannen er staten sin representant i fylket og skal medverke til å gjennomføre statleg politikk lokalt og regionalt, på rettsleg korrekt, heilsakleg og samordna måte. Fylkesmannen har ein særleg viktig funksjon i grenseflata mellom statleg sektorpolitiske og kommunalt sjølvstyre, og mellom kommunane og innbyggjarane. Fylkesmannen skal også medverke til å styrke legitimiteten til det lokale sjølvstyret".*

Fylkesmannen har fleire ulike roller:

1. Informere om og medverke til iverksetjing av nasjonal politikk og tiltak i fylket
2. Samordne statleg verksemad i fylket, særleg overfor kommunane
3. Medverke til å sikre rettstryggleik for innbyggjarane og
4. Melde frå om konsekvensar og effektar av nasjonal politikk i Rogaland.

Visjonen vår: *Vi tar vare på Rogaland* står ved lag. Det same gjer verdiane:

- Kompetent og truverdig, heilsakleg og lojal, open og tydeleg.

### Samarbeid

Fylkesmannen har fleire møteplassar med andre statsetatar. Alle statsetataane blir inviterte til samordnings- og gjensidig informasjonsmøte to gonger i året. Fylkesmannen har faste samordningsmøte med NAV fylke, der KS også er med.

Fylkesmannen kallar inn Fylkesberedskapsrådet minst to gonger årleg. Her er også fylkeskommunen og frivillige organisasjonar med. Leiargruppene hos dei tre vestlandsfylkesmennene; Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland etablerte i 2014 ein ny samarbeidsarena, der heile leiagruppera i dei tre embeta samlast ein gong i året. I 2016 var samlinga hos oss i Rogaland. I 2016 hadde dei tre embeta i tillegg eit særslig samarbeid om rapporten "[Ei dør til staten](#)", om potensial for flytting av oppgåver frå sentrale statlege etatar til fylkesmannsembetet.


Fleire av fagavdelingane har også fagsamlingar med sine kollegaer i nord eller sør, fleire gonger i året.

Vidare nemner vi:

Kystsonenettverket, samordning av motsegner til kommunale planar, partnarskapet for utviklingsarbeid (landbruk), samordning av tilsyn - særleg samarbeid med Arbeidstilsynet, Fylkesmannen deltek også i arbeidsgrupper knytte til regional planlegging, eller større samferdsleprosjekt. Vi kan også nemne samarbeid om byutviklingsavtalar. Denne oversikta er ikkje uttømmande.

Kommunane er Fylkesmannen sine nærmeste samarbeidspartnarar. Tett dialog og kontakt med desse er ein viktig del av det daglege arbeidet. Faste møteplassar ligg inne i årsplanen. I 2016 vart alle kommunane (med unntak av Utsira, som blir besøkt i 2017) besøkte av fylkesmannen, saman med leiagruppera. Hovudtema; kommunereform, men andre tema vart drøfta, mellom anna etter ønske frå kommunane sjølv.

### 2.2 Organisasjon og ledelse



Fylkesmannsembetet har sidan hausten 2010 vore lokalisert sentralt i fylkeshovudstaden Stavanger, Statens Hus. Adresse: Lagårdsveien 44. Fleire andre statsetatar er lokaliserte i det same bygget.

### Embetsleiing

- fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa
- assisterande fylkesmann Harald Thune

Embetet hadde ved årsskiftet 185 årsverk, 117 kvinner og 68 menn. Leiargruppa består av 9 personar, inkludert kommunikasjonssjefen, som er plassert i stab under embetsleiinga. Avdelingsstrukturen er ikkje endra sidan førre rapportering. Sjå organisasjonskartet over. To av avdelingane endra namn i 2016, for betre å spegle oppgåvane.

#### Avdelingsstrukturen

- Administrasjonsavdelinga
- Utdanningsavdelinga
- Helse-, sosial- og barnevernsavdelinga
- Landbruksavdelinga
- Miljøvernnavdelinga og
- Samfunns-, beredskaps-, og kommunalavdelinga (som også er tilført verjemålsoppgåvane)

Dei fleste avdelingane har lagsstruktur (teamorganisering) og har ein leiar og ein nestleiar. Helse-, sosial- og barnevernsavdelinga har to nestleiarar. Miljøvernnavdelinga er delt i to seksjonar, med ein leiar for kvar av desse. I tillegg til avdelingsstrukturen, har vi etablert avdelingsovergripande lag/prosjektgrupper for å ivareta særskilde oppgåver eller tidsavgrensa prosjekt, til dømes: Kommunale planar, samordning av tilsyn, god oppvekst, digitalisering m.v.

Leiargruppa har møte kvar måndag. Siste måndagen i kvar månad er også nestleiarane med. Nestleiarane har dessutan eit eige forum, der dei møtest ein gong i månaden.

#### 2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

##### Embetets alders- og kjønnsammensetning

Fylkesmannen i Rogaland hadde per 31.12.2016 185 tilsette. I år, som tidlegare år, er kvinnene i overtal. 63% av embetets tilsette er kvinner og 37% er menn. Ser ein eksplisitt på leiargruppa, saman med ass.dir/sektsjonsleiarar, er kjønnsfordelinga annleis, der 48% kvinner og 52% menn. Aldersfordelinga i embetet viser at den største gruppa (53 personar) av dei tilsette tilhører aldersgruppa 50-59 og aldersgruppa 40-49 på ein god andreplass.

##### Grunnlagstal

Per 31.12.16 hadde embetet 151 årsverk (desember er den månaden med lågast årsverk gjennom heile året for embetet). Gjennomsnittsårsverket for heile 2016 er 162. Generelt sett har menn ei noko høgare snittløn enn kvinner (bortsett frå leiargruppa der kvinner i snitt har høgare løn enn menn, kan her nemme at fylkesmann og fylkeslege er kvinner). Me ser ein klar trend (som har vart i fleire år) at det blir tilsett rundt 50% fleire kvinner i midlertidige stillingar enn menn. Same trend ser me også igjen i andelen av deldistilsette, der kvinner står for rundt 80% og menn for rundt 20%. Embetet har ein turnover på rundt 4%. Sjukefråværet per 2016 var på 4%, som er 0,6 prosent lågare enn i 2015.

##### Lærling

Embetet har i 2016 hatt ein lærling som er i avsluttande halvår nå. Embetet har i budsjettforslaget for 2017 sett av midlar til to nye lærlingar.

Tabellane nedanfor viser utvalde nøkkelta for Fylkesmannen i Rogaland. Rapportane og tala som kjem fram i denne rapporteringa er omarbeidde på bakgrunn av brukarrettleininga frå KMD.

##### Andel administrasjon av totalt antall årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum, andel administrasjon	Økonomi	Lønn	IKT	Personal	Arkiv	Resepsjon og sentralbord	Antall årsverk totalt
Antall årsverk	13.6 %	4.1	0.9	4.4	2.8	7.0		1.4

*Her rapporteres på andel av administrasjonsavdeling pr 31.12.16. Me har også ein lærling 100%, då det ikkje finns ein eigen kolonne til lærling så held me han utanfor denne rapportering. Embetsleieinga er for ordensskuld ikkje tatt med. Vårt sentralbord er i Engerdal, så andel årsverk i rubrikk "Recepjon og sentralbord" gjeld kun recepsjon. Øvrig administrativ ressursbruk i fagavdelingane er ikkje tatt med da denne er vanskelig å måle.*

##### Administrativ kostnadsdekning

Betegnelse på rapporteringskrav	Tall i 1000 kr.
Administrativ kostnadsdekning	8 365

##### Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (kr)	241.0
Budsjettavvik (%)	0.2 %

##### Driftsutgifter og lønn

Driftsutgifter	102 748.0
Lønn 052501	82 579.0
Lønnsandel av driftsutgifter	80.4 %

##### Husleie

Husleie (tall i 1000 kr)	16 362
Husleie (% av driftsutgifter)	16 %

##### Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	98 247	65 310	32 937

*Vergeregnskap,- det føres en journalpost pr dokument:• Fullstendighetserklæring• Kontoutskrifter• Selvangivelse• Årsoppgaver*

**Medarbeiderundersøkelsen**

Betegnelse på rapporteringskrav	Differanse 2016-2014	Gjennomsnittlig score for 2016	Gjennomsnittlig score for 2014
I vårt embete stimuleres det til læring og samarbeid på tvers av avdelingene	0.3	3.6	3.3
I vårt embete utvikler vi oss faglig ved gjensidig kontakt med andre embeter	0.0	3.6	3.6

I den grad du kan samanlikne spørsmål fra MU 2016 "I verksemda vår er det lagt til rette for god samhandling på tvers" med spørsmål fra MU 2014 "I vårt embete stimuleres det til læring og samarbeid på tvers av avdelingene" Der det kun i 2014 er nevnt konkret "på tvers i avdelinga" i spørsmålsformuleringa. Det er også noko ulik formuleringa mellom MU 2016 "I vårt embete utviklar vi oss fagleg gjennom læring og erfaringsutveksling med andre embete!" og i MU 2014 "I vårt embete utvikler vi oss faglig ved gjensidig kontakt med andre embeter"

**Regnskapstall sortert på poster**

Betegnelse på rapporteringskrav	2016
052501	103 554
052521	8 679
<b>Post 01 (unntatt 052501)</b>	33 399
<b>Post 20-29 (unntatt 052521)</b>	78 197
<b>Post 30-39</b>	1 195
<b>Post 40-49</b>	0
<b>Post 60-69</b>	175 017
<b>Post 70-79</b>	17 477
<b>Post 80-89</b>	2 712

**Aldersfordeling**

Totalt antall ansatte pr. 31.12	Antall ansatte under 20 år	Antall ansatte 20 - 29 år	Antall ansatte 30 - 39 år	Antall ansatte 40 - 49 år	Antall ansatte 50 - 59 år	Antall ansatte over 60 år
185	1	20	37	41	53	33

**Årsverk og lønnsutgifter**

Betegnelse på rapporteringskrav	Rapporteringsåret
Gjennomsnittlig totalt antall årsverk for aktuelt år	151.49
Gjennomsnittlig årsverk for kvinner	91.93
Gjennomsnittlig årsverk for menn	59.56
Gjennomsnittlig årsverk for faste stillinger	131.33
Gjennomsnittlig årsverk for midlertidige stillinger	20.16
Gjennomsnittlig lønnsutgifter per årsverk	634 958.00
Gjennomsnittlig lønnsutgifter per årsverk for kvinner	627 469.00
Gjennomsnittlig lønnsutgifter per årsverk for menn	646 362.00

Årsverk for heile året (gj.snitt) er 162 og årsverk pr desember 31.12.16 (taldato i SAP-rapport me skal nyttja) er 151. Ein differanse på ca 11 årsverk som i stor grad er knytt til tilsette som i løpet av 2016 har gått ut i uløna permisjon, tilsette som har sluttet i løpet av året, eller tilsette som har fråver/sjukmeldt pr 31.12. Merk: Overslag av gjennomsnittleg lønnsutgifter pr årsverk er i hht instruks (pr 31.12.16), men me tykkjer ikkje at tala som her kjem fram har heilt samanheng med verkelegheita (desember er den månaden embedet har det lågaste årsverket gjennom heile året). Det er også problematisk å samanlikne tala mellom kvinner og menn her, dette fordi det er vesentleg fleire kvinner i deltidstillinger enn menn, dette tar ikkje denne rapporteringa hensyn til. Alle tilsette hensyntatt i beregning, også fylkesmann (ikkje tilsette i svangerskapspermisjon) men vikarar er med.

**Turnover**

Turnover i prosent	Gjennomsnittlig antall ansatte i rapporteringsåret	Totalt antall ansatte som har sluttet (ekskludert naturlig avgang) i løpet av rapporteringsåret og ble erstattet	Totalt antall ansatte som har sluttet (inkludert naturlig avgang) i løpet av rapporteringsåret
4.40 %	182.00	8.00	12.00

Merk: Rapport som her er nyttja YHR\_AARSVERK (01.01.16 - 31.12.16) for å kunne finna gjennomsnittleg antall atilsette gjennom året kan ein ikkje kun sjå på rapport for 31.12.16. Har her bearbeida rapport og kun talt med dei tilsette (faste + midlertidige) som har aktive årsverk dei forskjellige månadane i året. I rubrikk for totalt antall ansatte som har sluttet- og erstattet/ og sluttet naturlig avgang er det kun sett på faste stillinger som har sluttet, ikkje midlertidige da desse ikkje blir erstatta.

## Tilstandsrapportering om likestilling i embetet

Betegnelse på rapporteringskrav:	2015	2016
<b>Sum Antall ansatte</b>	202.00	185.00
<b>Grunnlagstall 1: Antall menn</b>	73.00	68.00
<b>Grunnlagstall 2: Antall kvinner</b>	129.00	117.00
<b>Grunnlagstall 3: Gjennomsnittlig månedslønn for menn</b>	48 050.00	47 914.00
<b>Grunnlagstall 4: Gjennomsnittlig månedslønn for kvinner</b>	40 651.00	42 909.00
<b>Sum antall deltidsansatte</b>	22.00	26.00
<b>Sum prosent andel deltidsansatte</b>	10.89 %	14.05 %
<b>Grunnlagstall 5: Antall menn i deltidsstilling</b>	4.00	5.00
<b>Grunnlagstall 6: Antall kvinner i deltidsstilling</b>	18.00	21.00
<b>Sum antall midlertidige ansatte</b>	29.00	23.00
<b>Sum prosent antall midlertidig ansatte</b>	14.36 %	12.43 %
<b>Grunnlagstall 7: Antall menn i midlertidig stilling</b>	7.00	8.00
<b>Grunnlagstall 8: Antall kvinner i midlertidig stilling</b>	22.00	15.00
<b>Sum personer i foreldrepermisjon</b>	5.00	5.00
<b>Grunnlagstall 9: Antall menn i foreldrepermisjon</b>	0.00	1.00
<b>Grunnlagstall 10: Antall kvinner i foreldrepermisjon</b>	5.00	4.00
<b>Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)</b>	1 939.00	1 702.00
<b>Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)</b>	366.00	220.00
<b>Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)</b>	1 573.00	1 482.00
<b>Sum andel legemeldt sykefravær menn</b>	1.35 %	0.49 %
<b>Sum andel legemeldt sykefravær kvinner</b>	4.76 %	4.15 %
<b>Grunntall 11: Antall legemeldte sykedager for menn</b>	211.00	78.00
<b>Grunntall 12: Avtalte arbeidsdager for menn</b>	15 611.00	15 864.00
<b>Grunntall 13: Antall legemeldte sykedager for kvinner</b>	1 247.00	1 101.00
<b>Grunntall 14: Avtalte arbeidsdager for kvinner</b>	26 220.00	26 552.00
<b>Sum andel egenmeldt sykefravær menn</b>	0.99 %	0.90 %
<b>Sum andel egenmeldt sykefravær kvinner</b>	1.24 %	1.43 %
<b>Grunntall 15: Antall egenmeldte sykedager for menn</b>	155.00	142.00
<b>Grunntall 16: Antall egenmeldte sykedager for kvinner</b>	326.00	381.00

Omarbeida SAP- rapport: Antall ansatte- Fjerna dei ansatte som ligg med 0 i faktisk avlonningsprosent (dei som er i uløna permisjon pr 31.12.2016) Desse vart hensyntatt i årsrapportering for 2015, derfor noko avvik på antall ansatte mellom åra 2015 - 2016. Merk: Dei som er i svangerskapspermisjon og vikarane deira er hensynt i rapport. Gj.snitt månadsløn: beregna på grunnlag av rapport -1 (M) som har timelønn pensjonistvilkår og ikkje ligg inne med månadsløn i rapport som derfor er trekt ut. I 2015 vart det rapportert på gj.snitt årsløn, så har foretatt ny beregning på gj.snitt månadsløn for 2015. Deltidsansatte: Ansatte med omsorgspermisjon ligg inne med faktisk avlonningsprosent og dei som i rapport ligg med \* ligg med dellonnsprosent. Sjukefravær: Rapportert på grunnlag av embetets egen beregning (hensyntar også personer som har vært i arbeid før dei har gått ut i uløna permisjon).

## Tilstandsrapportering om likestilling på leder- og medarbeidernivå

Betegnelse på rapporteringskrav:	2016	2015
<b>Antall ansatte i embetet</b>	185.00	202.00
<b>Antall kvinnelige ansatte</b>	117.00	129.00
<b>Antall mannlige ansatte</b>	68.00	73.00
<b>Antall kvinner med personalansvar</b>	10.00	10.00
<b>Antall menn med personalansvar</b>	11.00	15.00
<b>Sum antall ansatte med personalansvar</b>	21.00	25.00
<b>Andel kvinner med personalansvar</b>	5.41 %	4.95 %
<b>Andel menn med personalansvar</b>	5.95 %	7.43 %
<b>Andel ansatte med personalansvar</b>	11.35 %	12.38 %
<b>Antall ansatte uten personalansvar</b>	164.00	177.00
<b>Antall kvinnelige medarbeidere uten personalansvar</b>	107.00	119.00
<b>Antall mannlige medarbeidere uten personalansvar</b>	57.00	58.00
<b>Andel kvinnelige medarbeidere uten personalansvar</b>	57.84 %	58.91 %
<b>Andel mannlige medarbeidere uten personalansvar</b>	30.81 %	28.71 %
<b>Gjennomsnittlig månedslønn for kvinnelige ledere</b>	70 849.00	65 790.00
<b>Gjennomsnittlig månedslønn for mannlige ledere</b>	66 853.00	65 616.00
<b>Gjennomsnittlig månedslønn for kvinnelige medarbeider</b>	43 025.00	38 975.00
<b>Gjennomsnittlig månedslønn for mannlige medarbeidere</b>	46 033.00	42 831.00

Omarbeida SAP- rapport: Antall ansatte- Fjerna dei ansatte som ligg med 0 i faktisk avlønningsprosent (dei som er i uløna permisjon pr 31.12.2016) Desse vart hensyntatt i årsrapportering for 2015. Det har også vært en del færre midlertidige tilsette i 2016 enn 2015, som også bidrar til en differanse på antall ansatte mellom åra 2015 - 2016. Kvinner/menn med personalansvar: Embetsleienda og ass direktørar. Gj.snitt månadslønn ledere: Embedsleienda + ass direktørar. Gj.snitt månadslønn medarbeidere: Senioringeniør, seniorrådgjevar, fagdirektør, Rådgjevar, konsulent sekretær osv.

## Gjennomsnittlig månedslønn

Betegnelse på rapporteringskrav	Årstell	Prosent menn av alle ansatte pr. 31.12.	Prosent kvinner av alle ansatte pr. 31.12.	Månedslønn menn pr. 31.12	Månedslønn kvinner pr. 31.12	Prosentandel kvinners månedslønn av menns månedslønn pr. 31.12
Totalt i virksomheten	2016	36 %	64 %	48 963	45 403	93
Totalt i virksomheten	2015	37 %	63 %	47 578	40 962	86
Embetsledelse / dir. / adm.sjef	2016	2 %	3 %	73 496	79 827	109
Embetsledelse / dir. / adm.sjef	2015	3 %	2 %	73 138	71 975	98
Seksjonssjef / ass. dir.	2016	4 %	3 %	63 057	61 871	98
Seksjonssjef / ass. dir.	2015	5 %	3 %	61 854	61 667	100
Saksbehandler 1	2016	15 %	18 %	49 548	49 026	99
Saksbeandler 1	2015	1 %	2 %	45 984	44 996	98
Saksbeandler 2	2016	14 %	36 %	43 007	41 306	96
Saksbeandler 2	2015	13 %	35 %	41 129	37 601	91
Kontorstiller	2016	1 %	4 %	34 646	32 454	94
Kontorstiller	2015	2 %	6 %	28 150	29 954	106
Fagarb.stillinger	2016					0
Fagarb.stillinger	2015					0
Lærlinger	2016	1 %	0 %	13 346	0	0
Lærlinger	2015	0 %	1 %	0	13 171	Infinity

Bruk rapporten Ad hock\_spørring. For at KMD her skal kunne sjå skillet på gjennomsnittslønn kvinner/menn så er beregning gjort på bakgrunn av at kvar tilsett teller 1(100% stilling) og 100% lønn. Ansatt på pensjonistvilkår er holdt utenfor.

## 2.4 Andre forhold

Ingen særskilde forhold.

### 3 Årets aktiviteter og resultater

#### 3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

##### Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

###### **Hovedmål 1**

Store delar av Fylkesmannen sin kapasitet går med til å fremje og målbere nasjonal politikk på alle fagfelta våre. Dette skjer gjennom konferansar, møte, direkte kontakt med kommunane og andre brukargrupper, gjennom tilsyn og enkeltsaksbehandling, og ikkje minst gjennom dagleg kontakten med fagpersonell i kommunane.

Resultat og effekt av dette arbeidet varierer og er ikkje alltid lett å måle, men heile verksemda sett under eitt er vi godt nögde med arbeid og innsats innanfor dette hovudmålet. Nedanfor nemmer vi nokre område spesielt.

###### **Miljøvern**

Målloppnåinga er gjennomgående god, med nokre få avvik når det gjeld avfallshandtering og forureina grunn. Med bakgrunn i hovudmålsetjinga om at nasjonal politikk skal vere kjend i fylket, så opplever vi likevel at på delar av miljoområdet er politikken for lite kjent og for lite akseptert i fylket. Dette gjeld særleg omsynet til området med høgt biologisk mangfald, til dømes i saker som gjeld nydyrkning, skogplanting, plassering av akvakulturlanlegg, utfylling i sjø, nydyrkning, etablering av veg, detaljplanlegging og nye område for utbygging.

###### **Landbruk**

Nasjonal politikk på landbruksområdet er godt kjent i Rogaland. Årsakene til dette er fleire: I Rogaland har vi «regionalisert» nasjonal politikk gjennom [Regionalplan landbruk](#), der nye nasjonale føringer blir følgde opp og innarbeidde i handlingsprogram. Gjennom gode prosesser knytt til saksbehandlinga vår, formidlar vi nasjonal politikk. Også gjennom ulike regionale partnarskap kommuniserer og implementerer vi nasjonal politikk. Som kompetansesenter for kommunane er kontinuerleg dialog og informasjon viktig, både overfor administrasjon og folkevalde. I 2016 arrangerte vi fire regionale samlingar som oppfølging av nasjonal jordvernstrategi.

###### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Nasjonal politikk på dette området er godt kjent i kommunane og blant viktig regionale beredskapsaktørar. Fylkesmannen møter kommunar og regionale etatar på ei rekke ulike arenaer og nyttar høvet til å formidle nasjonal politikk. Dette gjeld mellom anna i Fylkesberedskapsrådet, årlege møte med beredskapskontakter og informasjonsmedarbeidarar i kommunane, tilsyn og øvingar. Vi opplever ei generell betring når det gjeld bruk av risikoanalyser. Kvaliteten på analysane blir stadig betre, men det er framleis ei utfordring at mange aktørar manglar kompetanse og forståing for nytta av ROS-analyser. Dette gjeld særleg i arealplanlegginga, der mange kommunar og private aktørar fremmar planar utan god nok risikoanalyse.

###### **Alkohollovsnettverk**

Arbeidet med alkohollovsnettverket for folkehelse, kriminalitetsforebygging og ansvarleg alkoholhandtering er vidareført i 2016. Det er samansett av representantar frå KORUS, KS, politiet, næringa, kommunar og to av fagavdelingane til Fylkesmannen. I nettverket har vi ei styringsgruppe og ei ressursgruppe som diskuterer relevante tema og planlegg ein årleg nettverkskonferanse. Det var over 100 deltakarar på nettverkskonferansen, der over halvparten var frå skjenkenæringa. Tema på konferansen var mellom anna alkoholreklameforbodet - og utfordringer med falsk/lånt legitimasjon som kan medføre skjenking til mindreårige. Slik vi vurderer det, har møta og nettverkskonferansen bidratt til større rolleforståing og kunnskap hos aktørane. Dette kan også ha medverka til at vi har mottatt få klagesaker etter alkohollova i 2016.

###### **Kompetanse i barnehagane**

Kvalitet i barnehagane er avhengig av kompetanse. Rogaland har store utfordringar med å rekruttere til barnehageutdanninga og til arbeid i barnehagen. Trass i framgang, manglar det framleis mykje på at lova sine krav til pedagogisk kompetanse er oppfylt. Det kan bli vanskeleg å møte forventningane i ny rammeplan, og skjerpa "ped-norm".

Kommunalt barnehageforum Rogaland, stifta i 2015 etter initiativ frå Fylkesmannen, er ein tenleg arena for å gjere nasjonal politikk kjend og sett i verk.

###### **Grunnopplæringa**

Her er Skoleiegarforum Rogaland den viktigaste samordningsarenaen, etablert med tre kommunenettverk i 2012. Fylkesmannen (v/utdanningsdirektøren) er med i forumet. Fylkesmannen nyttar forumet til å setje nasjonale mål på sakskartet. Etter endringa i 2012 har merksemda på skoleiegarrolla vorte styrkt. Dette har gitt resultat. Det er uheldig at UH og lærarorganisasjonen ikkje lenger er med. I 2016 vart det likevel tatt initiativ til systematisk kontakt med Universitetet i Stavanger og Høgskolen på Vestlandet gjennom arbeidsutvalet for Skoleiegarforumet.

Kvalitetsindikatorar for barnehage og grunnopplæring vart tatt opp med alle kommunane våren 2016, i samband med at heile Fylkesmannen si leiargruppe besøkte alle kommunane. Store variasjonar mellom kommunane i gjennomføring av vidaregåande opplæring vart også tatt opp under desse besøka.

###### **Vaksenopplæring**

Fylkesmannen tok i 2015 initiativ til etablering av Vaksenopplæringsrådet for Rogaland, konstituert i mars 2016. Rådet arbeider no med ein strategi og handlingsplan. Vi undrar oss likevel over at Fylkesmannen ikkje er nemnd i den nye nasjonale strategien på området.

###### **Helse, sosial og barnevern**

Helse, sosial omsorg og barnevern blir tatt hand om av ei og same avdeling. (Helse-, sosial- og barnevernavdelinga). Avdelinga har ei brei kontaktflate til kommunar og verksemder og i all aktivitet vert det prioritert å ha merksemd på nasjonale opptrappingsplanar, nye retningslinjer, lov og forskrift.

Rogaland har komme lang i samarbeid med kommunar og fagmiljø om satsingar på rus og psykisk helseområdet, og har ei svært høg deltaking i Brukarplan (99,3% basert på folketal). Fylket har nytta Brukarplan i ei årrekke og karlegginga er viktig i vår vurdering av risiko opp mot tilsyn, råd og rettleiing og tildeiling av tilskott.

Ei av dei store utfordringane i fylket jf. Brukarplan er å fange opp rus og psykisk helseproblematikk i ei tidleg fase.

Fylkesmannen har i ei årrekke hatt ei kompetansegruppe for rus og psykiske helse i samarbeid med KORUS region vest, kommunane, brukarorganisasjonar, helseføretak, universitet og høgskule, NAPHA, KORFOR mv. Dei siste to åra er og Fylkesmannen i Hordaland og Husbanken invitert med.

Denne kompetansegruppa for rus og psykisk helsefeltet er blitt eit viktig forum for implementering av nasjonale mål og satsingar i opptrappingsplanen for rusfeltet. Som forgreiningar frå denne gruppa er det etablert både recovynettverk og ROP- nettverk. Brukarmedverknad står sentralt. Opptrappingsplanen for rusfeltet heng saman med 0-24 satsinga og strategien Bolig for velferd. Avdelinga samarbeider tett med Husbanken, region vest og aktuelle statlege aktørar (IMDI, Bufetat, Kriminalomsorgen, NAV fylke/namsmann) om fokus på varig bustad til personar som har særlege vanskår på bustadmatrikkelen. Det er eit nært samarbeid med kommunane om tiltaksplanen knytt til strategien, særleg har ein hatt fokus på å redusere bruk av mellombels bustad. Kommunane i fylket har no god oversikt over kven som står utan varig bustad, og desse får mykje raskare enn tidlegare tilbod om varig bustad. Det er framleis ei utfordring å få busett dei med mest samansett problematikk.

Kurs, konferanser, nettverk er gode verkemiddel for å implementere lov/forskrift og nasjonale satsinger

## Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

### **Hovedmål 2**

Samordning og samarbeid med andre etatar blir betre og betre. Samordning er likevel ressurskrevjande, og samordninga kan lide når kapasitet og ressursar i større grad går med til å takle enkeltsaker og enkelthendingar. Samordning er likevel høgt prioritert hos Fylkesmannen i Rogaland.

Fylkesmannen har etablert eigne rutinar og instruks for samordning, både intern og eksternt. Samordning er eit sentralt element i all saksbehandling. For å ivareta særkilde samordningstiltak har vi etablert avdelingsovergripande og etatsovergripande grupper eller lag. Vi nemner særskilt:

- samordning av tilsyn med eige tilsynslag
- [Sjumilssteget for god oppvekst](#) som er prosjektorganisert
- planarbeid med planlag, der samordning av motsegner også er med (sjå nedanfor)
- intern flyktninggruppe, som har kontakt med mellom andre UDI og IMDi.

Vi nemner også samordning av samfunnstryggleik og beredskap gjennom Fylkesberedskapsrådet og faste møte med alle statsetatane i regionen. I 2017 er det etablert eit eige etatsovergripande prosjekt for utarbeiding av ny fylkesROS. Fagavdelingane har etablerte samarbeidsforsa med andre Fylkesmenn.

### **Samordning av motsegner etter plan- og bygningslova**

Samordningsforsøket om statlege motsegner har vist at det er lite motstrid mellom motsegner frå statlege instansar til kommunale planar. Prosjektet har likevel vore nyttig og bør vidareføra. Det vart i 2016 sendt ut 10 samordna brev. Berre fire av desse inneholdt motsegner. Talet er lågt mellom anna fordi Statens vegvesen sjeldan fremjar motsegn med bakrunn i rolla si som statleg vegstyresmakt. Vegvesenet fremjar langt fleire ut frå si regionale rolle, på vegner av fylkeskommunen. Slike motsegner er ikkje inkluderte i samordningsforsøket.

Fylkeskommunen, som ivaretakar av antikvariske verdiar på vegne av Riksantikvaren og regional vegstyresmakt, burde vore med i samordningsforsøket, gjerne utan at Fylkesmannen har rett til å avskjere motsegner frå desse.

### **Landbruk**

På landbruksområdet har Fylkesmannen eit utstrekkt samarbeid med regionale aktørar, mellom anna med dei fagpolitiske organisasjonane, ulike matmiljø innan FOU og andre forskingsmiljø. God regional dialog har bidrige til gode fellesløysingar. Vi har god dialog med Innovasjon Norge for målretta bruk av investeringsmidlane i landbruket, og tett samarbeid regionalt knytt til miljøutfordringar. Gjennom året har vi prioritert å styrka samarbeidet med Mattilsynet, noko som er særleg viktig grunna aukande utfordringar knytt til plante- og dyrehelse.

### **Samordning av tilsyn**

Vi opplever god dialog både internt og med kommunane i samband med tilsynsgjenomføringa. Vi har i mange år hatt samarbeidsmøte og samordna tilsyna våre med dei andre statlege tilsyna i fylket - dei siste åra også med kontrollutvalsssekretariata. Denne samordninga gjev nyttig informasjon mellom tilsyna og god læring.

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Fylkesberedkapsrådet møtest minst to gonger i året. Statlege regionale etatar er med på alle møta, saman med fylkeskommunen og frivillige organisasjonar. Statsetatar med berdskapsansvar er også med på nettverksmøtet med kommunane. Dette legg til rette for godt samarbeid både i det daglege og i krisesituasjonar. På siste møte i Fylkesberedkapsrådet i 2016 vart prosjekt for utarbeiding av ny fylkesROS etablert. Fylkesmannen planlegg øvingar for handtering av uønska hendingar i eige øvingsutval, saman med Heimevernet, Sivilforsvaret, politiet og helseføretaka.

### **Verjemål**

Når det gjeld einslege mindreårige asylsøkjarar, har vi opplevd noko manglande regional samordning frå IMDI og UDI for å sikre god etterleving av Barnekonvensjonen.

### **Miljøvern**

Innan miljøvern er det stor grad av samordning av statleg og fylkeskommunalt ansvar gjennom dialog, rettleiing og uttale til kommunale planar. Me deltek også tidleg i store statlege utbyggingsprosjekt i regi av Statens vegvesen og Jernbaneverket. Det var svært stor ressursbruk også i 2016 på søknader om massebruk frå store infrastrukturprosjekt. Me har tett kontakt med blant andre Statnett og Statens vegvesen om dette, inkludert utslepp av plastfiber frå utfylling i sjø.

### **Helse,- sosial og barnevern**

Pasient og brukar si oppleiving av samanheng i tenestene er avhengig av at alle aktørar i hjelpeapparatet evnar å samordne seg. Vidare må premissleverandørar som departement, direktorat og statlege aktørar samordne seg, og embeta gjøre det same.

Dette er ei krevjande oppgåve som medverkar til at Fylkesmannen i stadig større grad arbeider på tvers av fagfelt. Felles tilsyn/tilsynssaker og felles oppgåver på utviklingsområda legg grunnlag for samanheng i tenestene til beste for pasient og brukar.

I 2016 ble "Ida-saka" ei stor og krevjande sak som tre fylkesmann handsama. At ein måtte styrke samarbeidet mellom barnevern og helseteneste var kjend frå før, men dette blei enno meir tydeleg i Ida-saka.

At ein i VOI og TB no har ei forventning til samordning av nasjonale satsinger/strategier på opptrappingsplanen for rusfeltet, innan bustad for velferd, barnefattigdom, 0-24 satsinga mv motiverer til eit breitt samarbeid ekstert og internt.

## Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

### **Hovedmål 3**

Dei mest sentrale rettstryggleiksoppgåvene våre er tilsyn og klagebehandling. Vidare har Fylkesmannen fleire saksfelt der vi er førsteinstans. Rettssikker behandling er svært viktig også i desse sakene.

Vi maktar ikkje å oppfylle alle krava til saksbehandlingstid. Dette skuldast både vekst i saksmengde, sårbar kapasitet og kompetanse og behov for (frå tid til annan) å prioritere andre lovpålagde og presserande oppgåver, som til dømes tilsyn. Våre risikovurderingar viser at kutt i løyingane til Fylesmannen kan føre til lengre saksbehandlingstid på fleire fagfelt.

Bruk av juridisk kompetanse i alle avdelingane medverkar til styrking av rettstryggleiken og til til å heve juridisk kvalitet på vedtak. Samarbeid og samordning internt er ofte utfordrande når ulike særlovsprofesjonar har ulike vurderingar, men det er også ei stor kjelde til lærings og heva rettstryggleik.

## Fri rettshjelp

Vi har tilfredsstillende saksbehandlingstid for stykkprissakene. Restansesituasjonen for søknader om fri rettshjelp er likevel betydeleg. Rettshjelp taper i prioriteringen med andre oppgåver innan Justisdepartementet sitt fagområde.

## Klagesaker etter plan- og bygningslova

Fylkesmannen er både klagemyndighet og klagar innan dette lovverket.

Fylkesmannen har rett til å klage på kommunane sine dispensasjonsvedtak. Her kan vi gripe inn i og endre vedtak der kommunane har gitt søker medhald, og Fylkesmannen bruker denne klageretten. Me vurderer alltid noe kva saker me skal klage på. Ein god del dispensasjoner vert frårådde, men likevel ikkje klaga på, ut frå at kommunen si grunngjeving for vektig er god, eller at me ikkje reknar regionale eller nasjonale interesser som truga. Me er særskilt nögd med at me etter å ha heva lista for klage frå vår side, får medhald i praktisk talt alle slike saker hos settefylkesmann.

Når det gjeld rolla som klagemyndighet, så har vi god kompetanse, men også saks mengde gir også her utfordringar med omsyn til å halde saksbehandlingstida nede. Saks mengde har også jamt og trutt dei siste åra. I 2016 hadde vi 50 fleire slike saker enn i 2015.

## Forureining

Fylkesmannen får jamt over relativt mange klager på eigne vedtak etter forureningslovgjevinga. Denne klagebehandlinga gir eit godt høve til å få nivellert vedtaka våre i tråd med ønska nivå hos overordna styremakter/fagdirektorat. Vi opplever at klagene i desse sakene er jamt fordelt på for strenge og for svake vilkår, og på søker og berørt part.

## Landbruk

Innan landbruk har Fylkesmannen særleg merksemad på forvalting av dei inntekts- og velferdspolitiske ordningane, noko som utgjer store pengesummar for Rogaland. Det er i hovudsak kommunane som er førstelina på dette området, men vi ser at det er ei utfordring i enkelte kommunar å ha gode nok saksbehandlingsrutinar og kontrollsysteem mot enkeltføretaka. Ein del kommunar har utfordringar knytt til den enkelte tilskotsmottakar, noko som utfordrar rettstryggleiken. Eit typisk døme her er kompliserte saker om driftsfellesskap.

Det er elles vår erfaring at saker etter sektorlovar som jord- og konsesjonslov i aukande grad blir overprøvd på nasjonalt nivå, særleg gjeld dette prisvurdering etter konsesjonslova. Dette gir oss ei utfordring, mellom anna når det gjeld forskjellsbehandling.

## Verjemål

Likebehandling og god kvalitet i saksbehandlinga har stått i fokus og vi har utvikla rutinar og prosedyrar for sikre dette. Dette gjeld både for opprettning av verjemål, arbeidet med verjegodtgjering og bruk av kapital. I arbeidet med tilsyn av verjer, har vi prioritert gjennomgang av verjerekneskapane og gjennomført samtale med alle faste verjer. Vi har hatt særleg fokus på etterleving av barnekonvensjonen i verjemålsarbeidet.

## Skole og barnehage

Fylkesmannen opplever store variasjonar i forvaltningskompetansen hos skoleigarane. Denne variabelen kan vere ein kritisk faktor for å sikre rettstrygg behandling. Vi medverkar til å styrke denne kompetansen gjennom kurs, møte med skoleigarane og rettleiing etter tilsyn.

Fylkesmannen si klagebehandling på kommunale vedtak viser at mange får medhald, noko som igjen fører til at klagar ofte får retten sin oppfylt.

Fylkesmannen får sjeldan klager som gjeld vidaregåande opplæring. Tilsyn tyder på at dette ikkje berre skuldast at regeletterlevinga er god. Også i 2016 er det gitt pålegg i mest alle tilsyn retta mot vgs. Fylkesmannen er uroleg for at rettane til dei som treng mest hjelpe ikkje blir ivaretakne.

Vi har også grunn til å tro at ikkje alle flyktningar får oppfylt rettane sine, korkje i barnehage eller skole. I 2016 inviterte Fylkesmannen til fleire samlingar om flyktningsituasjonen. Vi har også gjennomført nokre tilsyn, men har ikkje kapasitet til det vi meiner er nødvendig.

Barn og unge i barnevernet treng særskilt merksemad når det gjeld opplæring. Vi har hatt nokre krevjande saker. For å vere betre skikka til å takle dette, har vi utvikla tett samarbeid mellom Utdanningsavdelinga og Helse-, sosial- og barnevernsavdelinga. Dette samarbeidet har også vore svært viktig i samband med hendingsbasert tilsyn, med bakgrunn i varsel om ulovleg bruk av tvang og makt i spesialundervisninga.

Kapasitet og kompetanse i PP-tenesta er også ein viktig føresetnad for å ivareta rettstryggleiken til barn og unge med særlege behov. Vi er urolege for dette, i ein situasjon med arbeidsløyse, sviktande skatteinngang og påfølgjande nedskjeringar i kommunane.

Innan utdanning og barnehage er det etablert avtalefesta og løpende samarbeid mellom fylkesmannsembata - særleg i Sør-Vest.

## Helse,- sosial og barnevern

Tilliten frå innbyggerane til tenestene og ivaretaking av rett til forsvarlege og naudsynte tenester, er ei av hovudoppgåvene til helse-, sosial og barnevernadvelinga hos Fylkesmannen. Nokre verkemiddel for å nå desse måla er handsaming av klager og planlagde tilsyn. Avdelinga har hatt eit krevjande år med store utskiftingar i leiring og personell. Dette har påverka resultata i avdelinga til ei viss grad, særleg på helseområdet. Tid for sakshandsaming ligg over måltal, og talet på gjennomførte systemrevisjonar i kommunehelsenesta ligg under måltaket. Ein har tatt mål av seg til å gjennomføre dei rette tilsyna basert på ei risikovurdering, samt å prioritere dei klagesakene som betyr mest for einskildmenneske sin rettstryggleik.

På sosialtenesteområdet har endringar i situasjonen på arbeidsmarknaden medført auke i tal på rettigheitsklager og større behov for opplæring i lov opp mot NAV-kontor som er i ein presa situasjon.

Avdelinga har prioritert å vere tilgjengeleg for einskildpersonar i helse, - sosial og barneverntenesta som treng råd og rettleiing, og vi deltek i ei rekkje møter og samhandlingsarenaer for å støtte opp om kvalitet og kapasitet i tenestene.

Petroleumsvirksemada er inne i ei krevjande tid med reduksjon av tilsette og kutt i kostnadane. Det er på dette feltet særleg viktig å følge med på at kutta ikkje truar forsvarleg beredskap og forsvarlege helsetenester i petroleumsverksemada.

Nærleiken til pasient, brukar og tenestene gjer at fylkesmannen tidleg kan oppdage nye behov for, og utfordrar i lov og fag. Vi gjer innspell på sentrale høyringar, og deltek i dialog i møte med sentrale styremakter.

Vi har samarbeidsmøter på tvers av vestlandsfylka både på barnevern og sosial området for å diskutere utfordringar og ivareta rettsikkheten på tvers av embetata. Vi har også felles tilsyn både på barnevern, sosial og helseområdet.

**Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk**

## Hovudmål 4

På dei fleste område er det tett fagleg kontakt mellom fylkesmannsembetet og departement/direktorat. Verknad av nasjonal politikk, føringer og satsingar er naturlege tema i denne dialogen. Nokre direktorat er særskilt flinke til å innhente synspunkt frå fylkesmannsembeta før tiltak blir sett i verk. Med sin kunnskap om fylket, og ikkje minst kommunane, har Fylkesmannen som oftast mykje å bidra med i denne kontakten.

Fylkesmannen blir også spurt om merkander til lovendringsforslag, utgreiingar og andre høyringsutkast. Også her har fylkesmennene både kunnskapar og erfaringar som kan vere verdulle i utgreiingsarbeidet. Avgrensa kapasitet gjer likevel at vi ofte må prioritere ned slikt høyringsarbeid. Vi prioritérer å gje merknader til viktige høyringer som gjeld arbeid vårt, kommunane og utgreiingar om vesentleg endringar og omstillingar, som er viktige for større delar av samfunnslivet.

Ideelt sett skulle vi haft kapasitet til å gje uttale til fleire nasjonale høyringer, til dømes innan miljøvernfeltet og særleg dei som har stor betydning for «det grøne skifte» og berekraftig næringsutvikling. Fylkesmannen kunne også i større grad tatt på seg å samordne fråseigner frå fylket/kommunane.

Vi ka til dømes tenkje oss forsøk der me fekk ekstra ressursar til å gje betre og regionalt samordna innspel frå kommunar og statlege instansar i Rogaland til nasjonale høyringer. Det hadde vore ein svært god måte å nå dette hovedmålet på. Me kan lage prosjektskisse som involverer regional stat, fylkeskommune og kommunar i samarbeid om å gje fråseigner til nasjonale høyringer.

## Landbruk

På landbruk opplever vi at det er låg terskel til «uoppfordra» å ta kontakt med både departement og direktorat. Vidare prioritérer vi å svare på spørsmål og høyringer, og har som mål å gi klare tilbakemeldingar på korleis nasjonal politikk verkar i Rogaland. Vi meiner samlingar, styringsmøte og andre formelle treffpunkt er viktige. Likevel trur vi denne «tilbakemeldingsrolla» kan bli betre. Mellom anna trur vi at sentrale styresmakter årleg bør ha minst eitt fysisk møte med kvar fylkesmann (landbruksavdeling v/leiinga), for å avklare forventningar - og om ressursar, kompetanse og kapasitet står i høve til oppdragene. Dette kan vere korte møte i samband med andre samlingar og i tida rundt utarbeiding av VØI og tildelingsbrev.

I samband med krevjande saker innan jordvern har vi vanskar med å forstå vurderinga og utfallet i motsegnsaker som har vore til behandling i KMD, sett opp mot Stortinget sitt klare mål om eit styrkt jordvern. Som døme viser vi til godkjenning av plan for ny omkjøringsveg ved Åkra i Karmøy kommune.

## Skule og barnehage

Nærskuleretten er også eit tilbakevendande tema. Mange kommunar er opptekne av at nærskuleretten gir for lite handlingsrom for å utnytte kapasiteten effektivt. Det er behov for å klargjere dette.

Vi har også ved fleire høve markert at trekk- og korreksjonsordninga knytt til friskulane bør vurderast. Slik ordninga er i dag, gir ho ueheldige utslag i nokre kommunar.

I 2016 meinte Fylkesmannen det var nødvendig å seie frå om at barn sitt beste ikkje var forsvarleg ivaretatt då UDI hausten 2016 la ned flere mottak. Det bør bli gitt føringer for dette for framtidia.

Vi vil også peike på at endringar i vilkåra for tilskot til tiltak for minoritetsspråklege barn i barnehage har gitt ueheldige utslag. Ordninga er ikkje dyr, men innstramminga har ført til at fleire mindre kommunar som gjorde ein stor innsats under flyktningssituasjonen, ikkje lenger oppfyller vilkåra for å få tilskot. Vilkåra bør endrast.

## Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen held overordna styresmakter løpende orienterte om særskilde krisesituasjonar og uønska hendingar i fylket. Vi sender også statusrapportar og evalueringar.

Mot slutten av 2016 retta vi mersemda særskilt mot planlagde nedskjerings i heimevernsdistriktet. Noko som, viss gjennomført, kan føre til vesentleg svekking av beredskapen i regionen vår.

## Anna

Fylkesmannen melder også med ujamne mellomrom frå om anna regelverk som kan gi ueheldige utslag i fylket, særleg for kommunane. Døme på dette er skattlegging av arbeidskraft som flytter frå kommune til kommune og gjerne berre har ei kontoradresse i den kommunen dei skattar til. Vi har også ved fleire høve etterlyst ferdigstilling av gjødselsforskrifta (her er det no noko på gang).

### 3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

#### 3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Vi har i 2016 haft eit særleg fokus på høyringa av kommunale planstrategiar. I vår dialog med kommunane har vi peika på at planlegginga skal vere berekraftig gjennom å sikre naturmangfold, dyrka jord, strandsone, klima, folkehelse og omsynet til barn og unge. Samfunnsikkerheit har vore eit sentralt tema, og er særleg aktualisert gjennom ukundane grad av ekstremvar.

Fleire store samferdselssaker i prosess har vore utfordrande, m.a. når det gjeld jordvern og mål om redusert transportarbeid. Det er framleis krevjande å medvirke til samordna areal- og transportplanlegging for å oppnå redusert klimagassutslepp, eksempelvis i spørsmål om lokalisering av handel.

##### Resultatmål 3.1.1.1.1

###### Rapportere på

FM har hatt dialog med og formidlet nasjonale og regionale hensyn til alle kommuner i fylket.

Fylkesmannen sjølv med heile leiargruppa har i 2016 igjen vitja alle kommunane i Rogaland. Det har vore svært god dialog på desse møtene der Fylkesmannen har formidla nasjonale og regionale føringer til alle kommunane. Og kommunane har gitt oss viktige tilbakemeldingar.

Vidare har dei aller fleste kommunane sendt på høyring og fått våre fått tverrfaglege tilbakemeldingar på sine planstrategiar i 2016.

Oppdraget i 2017 om formidle bruk av plan- og bygningslova i jordvern er i stor grad gjennomført i 2016 gjennom fire regionale kurs for politisk og administrativt nivå i kommunane.

Nasjonal politikk på alle våre fagområde vert formidla jamleg gjennom nettside, media, brev, møte og konferansar m.m.

##### Resultatmål 3.1.1.1.2.1

**Rapportere på**

Prinsippene i de statlige planretningslinjene er lagt til grunn i alle relevante regionale og kommunale planer.

Prinsippa i statlege planretninglinjer (rikspolitiske retningslinjer for omsyn til barn og unge, samordna bolig, areal og transport (BATP), verna vassdrag og rikspolitiske føresegner klima og energiplanlegging og for handelsetablering) vert i stor grad følgd opp i Rogaland både i kommunale planar og i regionalplanarbeid. Unntaka er få og knytt til at lokalpolitiske omsyn vert vektlagt i vår vurdering av planar og dispensasjoner. I nokre få og utfordrande saker vinn lokalpolitiske vurderinger fram i drøfting, mekling og motsegnsvgjelder i KMD, slik at resultatet blir i strid med gjeldande RPRar og RPBar.

Ordlyd og ansvar for oppfølging av nasjonale føringer for barn og unge i planlegging, verna vassdrag og etablering av kjøpesenter bør oppdaterast og fornyast. Dei bør også sjåast i samanheng med RPR og BATP.

**Resultatmål 3.1.1.3.1****Rapportere på**

Andel relevante kommunale og regionale planer med tidlig medvirking: 100%

Fylkesmannen i Rogaland vurderer alle kommunale planar og plandispensasjoner som vert sendt til oss på høyring. Me sender uttale med råd til dei planane der det på høyringstidspunktet er tydeleg at det kan bli konflikt med nasjonale og viktige regionale interesser.

Fylkesmannen deltar i alle planforum som Rogaland fylkeskommune inviterer til. I tillegg deltar me i planleggingsfasen i lag med statleg utbyggjar i store infrastrukturprosjekt, har faste eller avtalte arbeidsmøte med dei kommunane som vil det, for å få tydeleg og tydeleg avklaring.

Det er svært stor plansaksmengde i Rogaland. Kapasitet er både vår og kommunane sin viktigaste barriere for endå betre og meir effektiv kommunal planlegging.

**Resultatmål 3.1.1.3.2****Rapportere på**

Mekling i planer med uløste innsigelser: 100%

I praktisk talt alle saker der det er motsegner til kommunale planar i Rogaland, er det drøfting på lågast mogleg nivå for å finna gode løysingar som kommunen kan vedta. Me har lang praksis for dette. Me løyser dei aller fleste motsegne slike. Når det av og til ikkje fører fram, så ber kommunen om formell mekling med fylkesmannen sjølv som meklar. Dette gjeld uavhengig av kven som har fremja motsegna.

Samordningsforsøket bidrar til at det ikkje vert "liggjande att" motsegner frå andre regionale aktørar.

**Mekling i planprosesser med uløste innsigelser**

Resultatmål	Differanse	Resultat
100 %	0 %	100 %

Allle uløyste motsegner vert søkt løyst gjennom drøfting og mekling.

**Resultatmål 3.1.1.4.1****Rapportere på**

Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til klimaendringer.

Alle kommuneplanar og større reguleringsplanar er vurderte med omsyn til klimaendringar. I tillegg mange mindre reguleringsplanar. Men talet på planar er så høgt at me ikkje kan garantere at alle planane er vurderte i forhold til slike omsyn.

**Vurdering av konsekvenser av klimaendringer i planer**

Er alle planer etter plan og bygningsloven vurdert med hensyn til klimaendringer?
Delvis

*Vi kan ikkje garantere at alle planar er vurdert med omsyn til alle former for konsekvenser av klimaendringar. Alle kommuneplanar og større reguleringsplanar er grundig vurdert.*

**Resultatmål 3.1.1.5.1****Rapportere på**

Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til samfunnssikkerhet.

Omsynet til samfunnstryggleik og beredskap er vurdert i alle kommuneplaner og dei største reguleringsplanane. I fleire mindre reguleringsplanar er også desse omsyna vurderte. Då talet på planar er høgt, kan me ikkje garantere at omsynet er vurdert i alle mindre planar.

**Vurdering av konsekvenser av samfunnssikkerhet i planer****Er alle planer etter plan og bygningsloven vurdert med hensyn til samfunnssikkerhet?**

Delvis

Alle kommuneplanar og større reguleringsplanar er vurdert. Grunna stor utskifting av tilsette og høge krav til effektivitet kan me ikkje garantere at alle mindre planar er grundig vurdert.

**Resultatmål 3.1.1.6.1****Rapportere på**

Landbrukets og reindriftens arealressurser er ivaretatt i alle planprosesser.

Det er stor planaktivitet og utbyggingspress i Rogaland. Dialog og oppfølging av kommunane sitt arbeid med kommuneplanar, og deltaking i regionalt planarbeid, er høgt prioritert. Aktiv deltaking og tidleg og tydeleg formidling av nasjonale og regionale målsettingar for jordvern, kulturlandskap og den samla areal- og ressursforvaltninga, har stor merksemnd i arbeidet vårt.

Fylkesmannen sin dialog skjer ved deltaking på oppstartsmøte, regionalt planforum, i regionalt planarbeid, i samarbeidsgrupper for større samferdsleprosjekt m.m. Vidare prioritérer vi å skrive høyringsuttaler til kommunale plansaker med konflikt mot landbruksinteresser, og fremjar motsegn og faglege råd der det er nødvendig. I 2016 fremja vi motsegnar til kommuneplanar og fire reguleringsplanar med grunnlag i jordvern- og landbruksinteresser, eit lågt tal grunna få kommuneplanar på høyring. 2016 var derimot eit år med mange planstrategiar på høyring, der vi prioriterte å gi innspel om jordvern og forvaltning av landbruksareala.

Utanom byveksten som truar mange gode jordbruksområde, er store samferdselsprosjekt ei stor utfordring for jordvernet i Rogaland. Det er planlagt fleire større prosjekt i "kjerneområde landbruk", som er i konflikt med nasjonale jordverninteresser og viktige kulturlandskapsverdiar. Fylkesmannen prioritérer deltaking i desse planprosessane, med tydelege signal i tidleg fase.

Krav om planprogram og konsekvensutgreiing i plan- og bygningslova skal sikre ei betre vurdering og dokumentasjon av landbruksinteresser i samfunnsplanlegginga. Dette blir i varierande grad følt opp lokalt. I Rogaland er det framleis ein veg å gå når det gjeld kvalitet og innhald av jordvern- og landbruksvurderingar i konsekvensutgreiingar og andre viktige plandokument.

Det er framleis eit stort omfang av dispensasjonar og spreidde tiltak i LNF-område og kjerneområde landbruk i Rogaland. Fylkesmannen uttalte seg til 212 slike saker i 2016, mot 176 saker i 2015. Vi klaga på 19 kommunale vedtak, mot 20 i 2015. Dette er vedtak som er vurderte av oss til å vere tydeleg i konflikt med regionale og nasjonale interesser. Fylkesmannen prioritérer å følgje opp slike enkeltsaker fordi sumverknadane er store, og fordi dei har stor innverknad på kor godt dei overordna planane fungerer. Over tid medfører kommunane sin aksept av spreidde tiltak gjennom dispensasjon, ei fragmentering av viktige næringsområde for jordbruk, noko som undergraver nasjonale mål om eit kostnadseffektivt jordbruk. Vidare gir det drifts- og miljømessige ulemper for aktiv jordbruksdrift og kryssande brukskonfliktar som blir ei belastning for landbruksnæringa.

**Resultatmål 3.1.1.6.2****Rapportere på**

Reduksjon i omdisponering av dyrket mark sammenlignet med 2014.

Kampen om areala er stor i Rogaland, og det er stort utbyggingspress både gjennom overordna planar og ved einskildsaker etter plan- og bygningslova. Større samferdsleprosjekt er særleg krevjande når det gjeld jordvern og omfang på nedbygging av matjord, både på Jæren og i Nord-Rogaland.

Det blei omdisponert 1353 dekar dyrka jord i Rogaland i 2015, ein reduksjon på 166 dekar frå 2014. I tillegg blei 2424 dekar dyrkbar jord omdisponert i Rogaland i 2015. Det høge talet for dyrkbar jord kjem først og fremst som følgje av omdisponering av dyrkbar jord gjennom jordlova til vindkraftanlegg i Bjerkreim.

Årlig omdisponering dei siste 10 åra i Rogaland har i snitt vore 1333 dekar dyrka jord. Over 2/3 av dette var i jærkommunane (927 dekar, 69 prosent i 2015). Det blei i 2016 vedtatt at Regionalplan Jæren skal oppdaterast, og arbeidet starter i 2017. Arbeidet med regionalplanen blir avgjeraende for å nå nye jordvernrmål.

I 2016 starta arbeidet med ein regional jordvernstrategi, som oppfølging av den nasjonale jordvernstrategien. Fylkesmannen deltek aktivt i dette arbeidet saman med fylkeskommunen.

Fylkesmannen arrangerte fire regionale samlingar hausten 2016 som opplæringsstiltak for kommunepolitikarar, der til saman 140 personar deltok. Samlingane ga ei innføring i gjeldande jordvernpolitikk og i areal- og eigedomslovverket som kommunen er sett til å forvalte. Som bakteppe blei det og sett av tid til å vise kor viktig landbruket med sitt ressursgrunnlag er for verdiskapinga i dei ulike regionane. Eit viktig mål var dialog og erfaringsutveksling om forvaltning av landbruksareala i kommunane, mellom anna gjennom lokale eksempler.

**Resultatmål 3.1.1.7.1****Rapportere på**

Alle relevante kommuner i storbyområdene tilrettelegger aktivt for boligbygging.

Alle kommunar i storbyområdet vårt (Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg) legg aktivt til rette for bustadbygging. Det gjer alle dei andre kommunane våre også. Dette trass i at bustadpresset i sentrale strok i Rogaland har flata noko ut.

**3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet**

Resultatmåla det skal rapporterast på er her avgrens til kor nøgne barnehagemynde og skoleeigar er med informasjon og rettleiing om tiltak knytte til kompetanseutvikling. Det er vanskeleg å gi ei vurdering av den måloppnåinga som er registrert med bakgrunn i resultatmåla. På barnehageområdet viser tala ei betring for Rogaland. På skoleområdet er det ikkje separate tal for Rogaland. Vi registrer god deltaking frå Rogaland i kompetanseutviklingsstiltak, både i sentralt initierete vidare- og etterutdanningstiltak og i lokale tiltak.

Etter at Utdanningsdirektoratet i oppdraget til Fylkesmennene har synleggjort at oppgåvene knytte til informasjon og rettleiing skal prioriterast, har vi i endå større grad enn tidlegare jobba tett med dei regionvisse nettverka både på skole- og barnehageområdet. Vår vurdering er at vi lukkast med denne strategien, rett nok i noko ulik grad i ulike nettverk. Arbeidsmåten gir rom for å gi målretta rettleiing ut frå lokale behov. Dette krev gode relasjonelle eigenskapar og ei audijsk tilnærming til dei utfordringane kommunane møter. Vi trur at vi med slike arbeidsmåtar på sikt vil gi betre, tydelegare og meir målretta og treffsikker informasjon og rettleiing.

Om vi utvidar perspektivet litt og ser på styringsparameteret frå tildelingsbrevet, er det definert som kor tilfredse kommunane er med informasjon og rettleiing i arbeidet med å sikre utvikling, læring og god kvalitet i barnehage og skole. Dette er det ikkje resultatløft for, men Fylkesmannen i Rogaland vil halde fram at vi jobbar systematisk og målretta nettopp for å medverke til god kvalitet i barnehage og skole.

Vi er aktive i nettarbeidet vårt, og når mange av våre artiklar er dei med høgast besøkstal, meiner vi det er eit teikn på god måloppnåing. Vi har laga eit årshjul for å sikre kontinuitet og breidd i emma. Vi vil nemme at vi var tidleg ute med informasjon om rettar knytte til barnehage og opplæring for flyktningar - også på engelsk.

Til slutt tar vi med at jamt god deltaking på samlingar og konferansar vitnar om at vi treff med målretta informasjon som deltakarane opplever relevant og god.

#### Resultatløft 3.1.1.2.1.1

##### Rapportere på

Barnehageeiers og barnehagemyndighets tilfredshet med støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015.

Fylkesmannen i Rogaland har tett samarbeid i dei tre nettverka i fylket der vi gir informasjon og rettleiing. Kommunalt Barnehageforum Rogaland (KB-R) vart etablert i 2015, og Fylkesmannen er medlem der og er også med i arbeidsutvalet til KB-R. Dette gjer at vi har god kontakt med sektor, og informasjon og prosess knytt til tildeiling av midlar til kompetanseutviklingstiltak blir opplevd som god.

##### Barnehageeiers og barnehagemyndighets tilfredshet med støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak

Differanse resultatløft	Resultatløft	Grunnlagsstall
0.3	3.7	4.0

#### Resultatløft 3.1.1.2.1.2

##### Rapportere på

Skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015.

I 2016 har skoleeigarar etablert rutinar og system for kompetanseutvikling. Vi har særstaka spørsmål om kompetanseutviklingstiltak. Vi veit ikkje kvifor skoleeigarar er mindre nögde med Fylkesmannen si støtte og rettleiing i 2016 enn i 2015, men ei mogleg forklaring kan være at i 2016 overtok UDIR ansvaret for meste som omhandla desse spørsmåla.

##### Skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak

Resultatløft	Differanse resultatløft	Grunnlagsstall
58.0 %	- 11.0 %	47.0 %

#### 3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap

Me har hatt tilsyn knytt til kommunal beredskapsplikt i kommunane Bjerkreim, Randaberg, Stavanger, Vindafjord, Finnøy, Suldal og Eigersund. Det tilsvarer tilsyn med 27 prosent av talet på kommunar i Rogaland.

#### Resultatløft 3.1.1.3.1.1

##### Rapportere på

Gjennomført tilsyn i ¼ av kommunene.

Fylkesmannen har hatt tilsyn i Bjerkreim, Randaberg, Stavanger, Vindafjord, Finnøy, Suldal og Eigersund kommune.

Me hadde eit rettleiingsmøte med alle kommunane som skulle ha tilsyn i 2016 i februar 2016 slik at dei var budde på tilsynet.

Me har i 2016 hatt fleire rettleiingsmøte med kommunar som har hatt tilsyn tidlegare enn 2016, mellom anna: Lund, Rennesøy, Hå og Rennesøy.

##### Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt.				
Resultatløft	Differanse resultatløft	Resultat	Totalt antall kommuner i embete	Antall gjennomført tilsyn
25.00 %	1.92	26.92 %	26.00	7.00

#### 3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtenestelova

Vi har halde opplæring i lov, forskrift og rundskriv for tilsette i alle NAV-kontora.

Opplæringa vert koordinert med NAV fylke, mellom anna i faste møte med NAV fylke og KS. Nav-leiarsamlingar (fire i året) har også vore gode arenaer for både opplæring i sosialtenestelova og gjennomgang av erfaringar frå tilsyn. I 2016 har Fylkesmannen, i samarbeid med NAV fylke, testa ut bruk av video-snuttar som ein ny arena for opplæring til alle NAV-kontor i fylket.

Fylkesmannen har i 2016 og hatt oppfølging/rettleiing med enkelte NAV-kontor der sakshandsaminga ikkje har vore i tråd med lov og forskrift. Dette er kontor det er naudsynt å følge over tid. Den høge arbeidsløysa i fylket set press på NAV-kontora, både når det gjeld kapasitet og kompetanse. Opplæring er derfor eit område som blir prioritert høgt.

Fylkesmannen har utarbeidd statistikk over utviklinga i sosialhjelp i perioden 2014-2016. Statistikken syner at einslege med barn under 18 år, unge, langtidsledige og ledige frå land som Polen, utfordrar kapasitet og kunnskap om lov m.v..

Ved fleire høve har fylkesmennene i region vest bede direktoratet om bistand i tolking av rundskriv på ulike område. Det er viktig at tolkingar vert gjort kjende i felles post til embata.

Vi nyttar også nettsidene til å informera om endringar i lov/forskrift, tolkingar og nye rundskriv.

#### **Resultatmål 3.1.2.1.1.1**

**Rapportere på**

Alle NAV-kontor i fylket skal ha mottatt tilbud om opplæring.

Alle NAV-kontora har fått tilbod om opplæring av nytilsette, to dagar vår og haust.

Alle NAV-kontora har fått tilbod om særskilt opplæring knytt til utanlandske borgarar sine rettar etter sosialtenestelova.

#### **Opplæringstiltak for NAV**

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	29	29

#### **3.1.1.5 Øke tilgjengelighet og kapasitet, samt styrke kvalitet og innovasjonsevne i helse- og omsorgssektoren og i folkehelsearbeidet**

Sidan KOSTRA-tala for 2016 ikkje er klare, må ein avvente ein endeleg status for auka kapasitet i helse- og omsorgssektoren. Unnataket er status på rus og psykisk helseområde, der det i dei fleste kommunar er ein auke i kapasiteten og meir tilgjengelege tenester (jfr IS24/ 8).

Kommunar som søker tilskott til kompetanse og innovasjon legg ved plan for helse- og omsorgssektoren, men vi har ikkje oversikt over alle kommunane.

I 2016 besøkte fylkesmannen og leiarteamet alle rogalandskommunane. Ein viktig bodskap til leiarane i kommunen var å sjå delplanar i samband med kommuneplanarbeidet.

Dei fleste kommunar har demensteam og demenskoordinator, og det er stor aktivitet i fylket med møte/nettverk/samlingar. Det er stor interesse for utprøving av velferdsteknologi.

Innovasjon i folkehelsearbeidet: I samband med tilskottsordninga for frisklivssentralar har vi fått søknader der kommunane viser til samarbeid med private aktørar om utvikling av dataverktøy til bruk i frisklivssentralane. Det gjeld både kartleggingsprogram for helsestatus og «on-line» pasientoppfølging i digitale nettverk. Tilskottsordninga er ikkje tilpassa desse formåla. Ofte gjeld søknadene tilskott til utvikling av produkt i samarbeid med kommersielle aktørar.

Vi bistår aktivt med rettleiing og henvining til fylkeskommunen, Hdir og andre offentlege aktørar som eventuelt kan bidra med produktutvikling.

I 2016 var vi i dialog med Sjøfartdirektoratet, Helsedirektoratet og Haugesund kommune om eit eventuelt samarbeid for vidareutvikling av frisklivssentralar med tanke på førebyggande tiltak for sjømenn og helsecertifikat.

Ved skjønnstilkottet vert kommunane stimulerte til nytenking og kvalitetsforbetring av verksem og tenester.

#### **Resultatmål 3.1.3.1.1.1**

**Rapportere på**

Alle kommuner har utarbeidet lokale helse- og omsorgsplanner som del av det helhetlige kommuneplanarbeidet.

Me har ikkje full oversikt over tal på kommunar med lokale helse- og omsorgsplana.

#### **Resultatmål 3.1.3.1.2.1**

**Rapportere på**

Alle kommuner har iverksatt tiltak for å bedre kvaliteten på tjenestetilbuet til personer med demens.

Det er mange aktørar i fylket som har stort fokus på demens, mellom anna med nettverk og konferansar. Fylkesmannen i Rogaland kan ikkje svare på om alle kommunar har sett gang tiltak for å betre tilbodet. Hovudinntrykket er at kommunane har fokus på pasientgruppa.

Fylkesmannen har i 2016 hatt to samarbeidsmøte med ulike aktørar, både offentlege og private, som har demens som sitt fokusområde. Føremålet har vore å orientere kvarandre og samordne aktivitetar. NAV deltok i eitt møte for å setje fokus på hjelpemiddel. I følgje NAV spør denne pasientgruppa i liten grad om hjelpemiddel, samanlikna med resten av landet.

Det blei gitt tilskot til 668 personar i ABC-opplæring.

I nordfylket er alle kommunar med i eldremedisinsk nettverk i regi av Helse Fonna. Demens er eit tema i nettverket. I sør har SESAM to nettverk. Eitt nettverk for dagtilbod til personar med demens og yngre personar med demenssjukdom og eit utgreiingsnettverk. 8 av dei 18 kommunane i sør deltek.

I 2016 blei det søkt om tilskot til oppretting av 47 nye plassar for dagaktivitetstilbod. I følgje fylkesoversikta har Rogaland lita dekning av dagaktivitetstilbod. Nokre kommunar prøver ut nye tilbod mellom anna med opning på kveldstid, men dette tilbodet blir ofte skadelidande når kommunen skal prioritere. Inn på tunet for personar med demens vert gitt i til kommunar.

I følgje SESAM er kommunane i Helse Vest-regionen dekte når det gjeld pårørandeskular.

Fleire kommunar gir tilbod om førebyggande heimebesøk. Dei aller fleste kommunana har demensteam eller demenskoordinator.

Fylkesmannen arrangerte i 2016 i samarbeid med *Aldring og helse* kurs om bruk av GPS med rundt 60 deltakarar. Det er stor interesse for utprøving av velferdsteknologi i kommunane.

Fleire kommunar har fokus på bruk av frivillige i arbeidet med pasientgruppa. Tilbod om aktivitetsvenn i regi av *Nasjonalforeningen for folkehelsen* blir nytta av fleire.

**Resultatmål 3.1.3.1.3.1****Rapportere på**

Alle kommuner har oppnådd en økt andel ansatte med relevant utdanning sammenliknet med 2015.

KOSTRA-tal for 2016 er ikke klare. Me har ingen anna oversikt over personellsituasjonen i kommunane, bare oversikt over tildelt tilskott, jf. 3.1.3.1.4.1. Det er derfor ikke råd å svare på dette.

**Resultatmål 3.1.3.1.4.1****Rapportere på**

Alle kommuner skal ha deltatt i kompetansehevende program.

Alle kommunane, med unntak av to (ein liten og ein mellomstor) har motteke tilskott frå Kompetanseloftet 2020.

**3.1.1.6 Økt kapasitet og kompetanse om psykisk helse og rus, med satsing på bedre forebygging og sammenhengende tjenester**

Vi viser til rapportering på pkt. 3.1.3.2.1.1 , 3.1.3.2.2.1 og 3.1.3.2.3.1.

**Resultatmål 3.1.3.2.1.1****Rapportere på**

Alle kommuner i fylket har tatt i bruk BrukerPlan eller lignende kartleggingsverktøy i sitt planverk.

21 av 26 kommunar har kartlagt rusmiddelsituasjonen i kommunen ved hjelp av BrukerPlan. Fem kommunar har ikke kartlagt av følgjande årsaker:

- Tre kommunar, med innbyggjartal frå 200 - 870, blir vurderte av Kompetansesenter rus (KORFOR) som for små til å ha nytte av kartlegginga. Denne vurderinga sluttar Fylkesmannen seg til.
- Ein kommune har valt å kartlegge, men ikke årleg.
- Ein kommune, med innbyggjartal på 2800, har fleire gonger fått tilbod om kartlegging, men meiner å ha god oversikt over rusmiddelsituasjonen og derfor ikke behov for kartlegging.

Fylkesmannen og KORFOR har kontakt med denne kommunen om kartlegging.

Tar ein befolningsgrunnlaget som utgangspunkt ser ein at kommunane der 99,3 prosent av befolkninga i fylket bur har kartlagt rusmiddelsituasjonen ved hjelp av BrukerPlan.

Fylkesmannen etterspor i sin dialog med kommunane korleis BrukerPlan blir nytta i kommunane sitt oversiktsarbeid og planverk. Dette er også ein føresetnad i Brukerplankartlegginga. Ein ser også at kommunar som søker tilskott legg informasjon frå BrukerPlan til grunn for søknaden.

Kommunane gjev uttrykk for at tal frå BrukerPlan blir nytta i dimensjonering av tenestene og i prioritering av tiltak saman med anna kartlegging (Ungdata, Kostra m.v.).

**Resultatmål 3.1.3.2.2.1****Rapportere på**

Alle kommuner i fylket har deltatt i kompetansehevende tiltak på rusfeltet.

25 kommunar har delteke i kompetansehevande tiltak. Kommunen som ikke deltok har berre 200 innbyggjarar.

Viktige tema for dei kompetansehevande tiltaka har vore opprappingsplan for rusfeltet, recovery, barn som pårrorande, avrusningstilbod til rusavhengige i fengsel, bruk av tvangstiltak overfor personar med rusmiddeproblem, med fokus på § 10.4 og arbeid med bistandsteam. Tverrfagleg samarbeid og teieplikta, rusmiddelbruk og psykisk utviklingshemming, ansvar forpliktig og samhandling i møtet med personer med ROP-lidinger, Housing First, funn i BrukerPlan - og grunnleggande forståing av rusproblematikk har også vore tema.

Alle kompetansehevande tiltak er forankra i felles kompetanseplan med KoRus Vest Stavanger. Fylkesmannen samarbeider også med NAPHA, KS, Korfor, brukarorganisasjonar, universitet/høgskule, helseforetak og kommunane sjølv om kompetanseheving.

Vi vil særleg trekke frem samarbeidet vi har med desse aktørane rundt læringsnettverket – recovery psykisk helse/rus. 13 av dei største kommunane i Rogaland deltar i læringsnettverket, som varer i 16 månader. Kommunane deltar på fire samlingar og arbeider aktivt i forbetringsteam mellom samlingane. Fylkesmannen registerer det er høg aktivitet i fleire av forbetringsteama.

Viser og til pkt. 7.3.3.1.1 der vi har rapportert at 28 personer har fått tilskot til fagskuleutdanning innan psykisk helsearbeid og rusarbeid. 21 personer har fått tilskott til vidareutdanning/ mastergradstudanning innan psykisk helsearbeid.

Arbeidet med alkohollovsnettverket for folkehelse, kriminalitetsforebygging og ansvarleg alkoholhandtering har vore eit viktig kompetansehevande tiltak i 2016. I nettverket har vi ei styringsgruppe og ei ressursgruppe som diskuterar relevante tema og planlegg ei årleg nettverkskonferanse. I november 2016 arrangerte vi ei nettverkskonferanse med over 100 deltagarar, der over halvparten var frå skjenkenerainga. Som ei oppfølging av målsettingane i tildeblingsbrevet var tema på konferansen mellom anna alkoholreklameforbodet - og utfordringer med falsk/lånt legitimasjon som kan medføre skjenking til mindreårige. Slik vi vurderer det, har møta og nettverkskonferansen bidratt til auk rolleforståing og kunnskap hos aktørane. Dette kan også ha medverka til at vi har mottatt få klagesaker etter alkohollova i 2016.

**Resultatmål 3.1.3.2.3.1**

**Rapportere på**

Alle kommuner har dokumentert kapasitetsvekst i lokalt rus- og psykisk helsearbeid sammenliknet med 2015.

Samanliknar ein Sintefs rapportar «Kommunalt psykisk helse- og rusarbeid» for 2015 og 2016, ser ein følgjande:

- 19 kommunar har auka talet på årsverk.
- Fire kommunar har same tal på årsverk.
- Tre kommunar har færre årsverk.

Fylkesmannen har vore i dialog med kommunane som har hatt ein reduksjon i årsverk. Kommunane meiner tala i Sintef-rapporten ikkje er korrekte. Ein klar svakheit ved rapporten er at det er ulik forståing av rapportering på årsverk, og at det er ulik kompetanse og oversikt hos dei som rapporterer.

Hovudintrykket til Fylkesmannen, basert på tett og god kontakt med kommunane, er at det er ein auke i talet på årsverk i dei fleste kommunane.

**3.1.1.7 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester**

Rogaland er eit av dei aller viktigaste fylka i Noreg både når det gjeld landbruk og kraftproduksjon. Dette gir oss kortreist mat og grønn straum, men har også ein negativ pris for naturverdiane, med forureining av vassdrag, oppdyrkning av myrar, og fossar og bekkar som blir regulerte og lagde i røyr. Nord-Jæren er landets tredje største storbyregion. Vekst og byspreiinga her er ei utfordring for dei bynære grøntområda, strandsona og nedbygging av matjord.

Myr- og våtmarksrestaurering i Rogaland er mest aktuelt på privat grunn og er difor ikkje prioritert iht. plan for 2016-2020. Det vil vere svært spanande for vår region om ein får ein friviljug verneprosess for myrar/våtmark slik ein har fått på plass for skogsvern.

Arbeidet i vassregionen går godt og ein har kome i gang med overvaking iht. "Overvåkningsprogram for Vannregion Rogaland 20116-2021".

Fylkesmannens miljøvernavdeling blir involvert i mange planar for utbygging og opprusting av vasskraftanlegg. Vi har grei kompetanse på feltet og god dialog med NVE og andre aktører. Det har ikkje vore aktuelt å nyte påleggsmyndigheten vår i vasskraftkonsesjonar i 2016, men dette er noko vi vurderer løpende.

Landbruksavdelinga og miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen har eit godt og tett samarbeid i kulturlandskapsarbeidet i samband med t.d. tilskotsutbetaling, informasjonstiltak og styring av forvaltninga av det utvalde kulturlandskapet på Rennesøy.

Fiskeforvaltning og samarbeidet med fylkeskommunen går godt. Det har ikkje blitt prioritert å oppdatere kultiveringsplanen i fylket, då vi arbeider for ei stort avvikling av utsettingsarbeidet og heller oppfordrar til habitatsforbetrande tiltak. Vi er litt uroa for at ei revidering av kultiveringsplanen kan føre til ei uønska revitalisering av utsettings/kultiveringsarbeidet i fylket.

Vi har høg botanisk kompetanse internt i miljøvernavdelinga og har vore aktive i utviklinga av naturkartleggingsarbeidet i Noreg dei siste tiåra. Ein del av dette arbeidet er å spele inn prioriterte areal for NIN-kartlegging, og det har vi også gjort i 2016.

Kart over nitrogennedfall i Rogaland viser høge verdiar, men fordi nedbørkjemiske målingar vart nedlagde på dei to mest aktuelle stasjonane for omlag 20 år sidan, og fordi tørr- og våtværingar frå jordbruksareal og utslepp frå dieselmotorar truleg har auka, er vi urolege for at stoda er vesentleg verre, og at tålegrense for lyngartar og andre nitrogenfolsame artar er overskriden.

**Resultatmål 3.1.4.1.1.1****Rapportere på**

Restaureringsprosjekter skal være igangsatt i henhold til plan 2016-2020 for restaurering av myr og annen våtmark.

Restaurering av myr og anna våtmark iht. plan 2016-2020 har ikkje vore ei prioritert oppgåve i Rogaland i 2016, då det er få statlege verneområde med desse kvalitetane. Vi ser samstundes eit stort potensial for framtidige restaureringsprosjekt på privat grunn, både i og utanfor verneområde. Dette krev at Miljødirektoratet får på plass ei insentivordning for private grunneigarar.

I 2016 blei det gjennomført eit restaureringsprosjekt på Vigremyr naturreservat i Hå kommune. Tiltaket omfatta å lukke ein kanal med tett røyr for å redusere den drenerande verknaden.

**Resultatmål 3.1.4.1.2.1****Rapportere på**

Overvåningsprogram er igangsatt i alle vannregioner.

Overvåningsarbeidet er godt i gang i Rogaland og følger planen i Overvåkningsprogram for Vannregion Rogaland 2016-2021, godkjent av Vannregionutvalet 23. oktober 2015.

**Resultatmål 3.1.4.1.3.1****Rapportere på**

Økt bruk av påleggsmyndigheten hjemlet i vannkraftkonsesjoner sammenliknet med 2015.

I 2016 har Fylkesmannen vore aktiv med å gi uttalar til konsesjonssøknader om vasskraft og søknader om opprusting og utviding. Vi har ikkje hatt behov for å nyte påleggsmyndigheten i vannkraftkonsesjonar i 2016.

**3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truete arter er i bedring**

Rogaland blir kalla eit Norge i minityr fordi fylket inneheld så mykje forskjellig norsk natur, inkludert truga naturtyper og artar. Det er Fylkesmannen si rolle å fordela midlar til både kartlegging, skjøtsel og anna tiltak som kan betre høve til viktige artar og naturtyper. Status for noko av det viktigaste arbeidet nemnast her.

Rogaland er det fylket i landet med størst areal med kartlagt verdifull kystlynghei. Handlingsplan kystlynghei blir fylgt opp ved at store areal (over 100 km<sup>2</sup>) er under

organisert skjøtsel etter skjøtselsplan. Det er derverre for lite vekt på å vurdera om skjøtselen er rett.

Handlingsplan slåttemark omfattar få og små område, dette kjem truleg av at det er lite att.

Store aske- og almestammar er truleg den viktigaste "hotspot"- lokaliteten i fylket og finst i haustingsskog. Det er ikkje organisert arbeid med haustingsskog, det trengst her skjøtselsplanar for både stuvar og mark.

Åkerriksa har etter kvart blitt eit svært sjeldsynt innslag i kulturlandskapet i heile landet, og har status som kritisk trua (CR) på den norske raudlista. Fylkesmannen i Rogaland er ansvarleg for å koordinera handlingsplanen for åkerrikse. Også i 2016 blei det fordelt midlar til grunneigarar for å etablere friviljuge avtalar om utsett slått der ho hekkar.

Elvemusling er ein trua art som er svært nyttig for økosistema i bekkar og elver. Fleire nye lokalitetar vart funne i Rogaland i 2015, og i 2016 har det vore ein prioritet å få betre oversikt over statusen deira. Framover er det behov for oppdatert kartlegging av gamle lokalitetar.

Svarthalespove er ein truga art og den sørlege bestanden av svarthalespove finst berre på Jæren. Kartlegging er gjennomført årleg sidan 2010, på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland, og viser framleis nedgang i hekkebestanden. Det er eit stort behov for frivillige avtalar om utsett slått der han hekkar og Fylkesmannen deler også ut midlar til dette.

For hubroen er Rogaland eit viktig fylke. Utbygging i leveområdet, til dømes nye vegprosjekt, kraftlinjer og vindkraftanlegg er ei utfordring. Dei siste åra har vi søkt og fått midlar til kartlegging over handlingsplanen for hubro. I 2016 vart gamle hekkelokalitetar i Bokn og Karmøy kommunar, som ikkje vart sjekka gjennom NOF sitt nasjonale kartleggingsprosjekt, kartlagd. For 2017 er handlingsplanmidlane planlagt nytta til tilsvarende kartlegging i Bjerkreim, Eigersund, Sokndal og Lund kommunar. Områda er valt med utgangspunkt i statusen for hubro til området - og planar for utbygging. Kartlegginga gir eit viktig kunnskapsgrunnlag for å kunne føre ei arealplanlegging med minst mogleg konflikt mellom folk og hubro.

#### Resultatmål 3.1.4.2.1.1

##### Rapportere på

Alle tiltak for truede arter og naturtyper skal være i tråd med forvaltningsmål, faggrunnlag og handlingsplaner.

I 2016 har Fylkesmannen i Rogaland jobba med trua artar og naturtypar, inkludert dei som har status som utvalde naturtypar (UN) og prioriterte artar (PA) gjennom tilskottsforvaltning og informasjonsarbeid mot kommunar og grunneigarar. Det er også eit godt samarbeid med konsulentane og naturforvaltarane i kommunane om kartleggingsarbeid.

## Arbeid med og forvaltning av trua naturtyper og trua arter, inkludert utvalgte naturtyper og prioriterte arter

Hvilken art / naturtype	Type tiltak	Utdyping av, eller kommentar til, gjennomført tiltak	Der det er handlingsplan/faggrunnlag: Koordinerende FM oppgir hvilke fylker det var oppfølging av HP/FG i 2016?	Hvordan ble midler fra koordinerende FM fordelt til andre fylker?	Sum brukt	Ev. oppdragsnr.
Hule eiker	Kartlegging	Kartleggingsmidler fra FM Vestfold, Ecofact		Annet	80 000	
Svarthalespove	Kartlegging	Kartlegging svarthalespove (post 82)	Nordland, Rogaland	Etter søknad fra andre fylker	59 100	
Hubro	Kartlegging	Kartlegging handlingsplan hubro (post 21)		Etter søknad fra andre fylker	150 000	
Elvemusling	Kartlegging	Kartleggingsprosjekter i Time, Hjelmeland, Strand og Sokndal (post 82)		Annet	235 860	
Kystlynghei	Skjøtsel	Skjøtsel og tilpassa drift særleg prioritert i handlingsplan (23km2). datagrunnlag og fagleg støtte til skjøtselsarbeid under RMP-ordninga (100km2) (post 82 og 21)		Annet	1 086 000	
Kystlynghei	Informasjon	Organisering av grunneigarar, to samlingar, inkl. organisering av lyngbrening saman med brannvesenet (post 82)		Annet	197 000	
Jærtistel	Skjøtsel	Slåttmarkskjøtsel og bekjemping av bjønnsbær på hovudlokaliteten		Etter søknad fra FoU/ekstern konsulent	40 000	
Strandtorn	Skjøtsel	Oppformering av strandtorn på Jæren (post 82)		Annet	4 000	
Myrflangre	Skjøtsel	Tilskot til Karmøy kommune for å fylgia opp grunneigar med rett skjøtsel på lokaliteten (post 82)		Annet	1 000	
Purpurmarihånd	Skjøtsel	Biotoptiltak på kommunal eigedom innan regulert næringsområde, Karmøy kommune (post 82)		Annet	30 000	
Store/hole eiker	Skjøtsel	Tilskot til skjøtselsplan til tilpassa drift av eikehage og skjøtsel av stor eik (post 82)		Annet	47 000	
Kystmyr	Skjøtsel	Tilskot til Time kommune, rydding av tilgroing på kystmyr (post 82)		Annet	250 000	
Åkerrikse	Skjøtsel	Åkerriksevenleg eller utsatt slått i 3 fylker (post 82)	Buskerud, Rogaland, Sør-Trøndelag	Etter søknad fra andre fylker	125 262	
Svarthalespove	Kartlegging	NOF-prosjekt om demografi og stedstrohet hos svarthalespove i Nordland (post 71)		Etter søknad fra FoU/ekstern konsulent	25 000	
Elvemusling	Informasjon	Viktig informasjonstiltak for styrking av artsstatus i presset område i Vindafjord.		Etter søknad fra FoU/ekstern konsulent	15 000	
Sommerfugl Orrevatnet	Kartlegging	kartlegging av truga sommarfuglar ved Orrevatnet		Etter søknad fra FoU/ekstern konsulent	21 500	
Praktkrinslav	Kartlegging	Kartlegging, Sokndal kommune (post 82)		Etter søknad fra FoU/ekstern konsulent	35 000	
Vipe	Kartlegging	"Vipas siste skanse" - prosjekt vipetelling på Jæren (post 82 og 21)		Etter søknad fra andre fylker	33 000	
Vipe	Kartlegging	Vern vipa, Karmøy (post 71)		Annet	16 000	
Villrein	Kartlegging	Kartlegging, Norsk Villreinsenter Sør, Setesdal-Ryfylkeheiene (post 71)		Annet	30 000	
Åkerrikse	Kartlegging	Kartleggingsprosjekt, NOF (post 71)		Annet	20 000	
Mink og trua sjøfugl	Kartlegging	kartlegging, karmøy ( post 82)		Annet	10 500	
					2 511 222	

**3.1.1.9 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø**

Vi jobbar godt med utsleppsløyve. Vi hadde i 2016 56 vedtak om utsleppsløyve eller endringar. Tilsyna er risikobaserte. I 2016 førte vi tilsyn med 70 verksemder. Dette fører til at utslepp av helse- og miljøfarlege stoff vert redusert.

**3.1.4.3.3 AVVIK** Vi har starta med kreve finansiell sikkerheit til alle private anlegg for farleg avfall. Vi er ikkje ferdig, men alle som driv vidare etter 1.1.18 skal ha finansiell sikkerheit.

**3.1.4.3.4 AVVIK** Vi har ikkje revidert alle løyve til mottaksanlegg for farleg avfall. 11 er endra i 2016 og 17 ventar.

**3.1.4.3.5 AVVIK** Vi har i dag ingen komplett oversikt over alle hammene i Rogaland. Alle større industri-, fiskeri- og anløpshamner har ikkje levert avfallsplan og er derfor ikkje godkjende. Vi har til nå godkjent rundt 50 planar. Årsaka er manglante tilbakemelding frå kommunar og hamneansvarlege, trass gjentatte purringar.

**3.1.4.3.6 AVVIK** Vi har vore med på alle felles tilsynsaksjonar, bortsett frå tanklagringsaksjonen. Her fann vi ikkje tilsynsobjekt, då vi hadde kontrollert dei største alt. Vi meldte dette til aksjonsleiinga og fekk aksept for avgjerda. Vi deltok på opplæringa som skjedde i forkant.

**3.1.4.3.8 AVVIK** Pålegg om opprydding i forureina grunn ved skipsverft vart ikkje ferdig og vi er derfor ikkje i mål innan fristen, jf. måltal i skjema.

**3.1.4.3.11 AVVIK** Vi har ikkje fått følgt opp dei kommunane som har krav til primærreinsing på sine kap. 13-anlegg. Vi har oversikt over talet på anlegg og type anlegg som finst. 11 har godkjente løysingar, 43 har ei løysing som kanskje ikkje klarer krava - og 29 anlegg har i praksis ikkje reinsing, eller reinsemетодen er ukjent.

**Resultatmål 3.1.4.3.1.1****Rapportere på**

Alle industri- og avfallsvirksomheter driver i tråd med nye krav i industriutslippsdirektivet.

Vi har ingen verksemder i Rogaland som driv med treimpregnering, platearbeiding eller intensivt fjørfeavl/svinehald. Vi har eit shreddaranlegg i Eigersund kommune. Dette skal følgjast opp i f.t. IED.

§ 36-21 i direktivet blei endra 21. september 2016 og vi ventar til rettleiinga frå Miljødirektoratet ligg føre før vi følger opp dette eine anlegget.

#### **Resultatmål 3.1.4.3.2.1**

##### **Rapportere på**

Avløpsanleggene skal ha lukket alle avvik som ble påvist i 2015.

Alle avløpsanlegga i Rogaland har lukka avvika frå kontrollaksjonen i 2015. Siste avslutningsbrev blei sendt 1. februar 2016.

#### **3.1.1.10 God økonomiforvaltning i kommunene**

Økonomiforvaltingane i kommunane i fylket er gjennomgåande gode, trass i store økonomiske utfordringar i kommunane etter nedgangen i oljenæringa.

#### **Resultatmål 3.1.5.1.1.1**

##### **Rapportere på**

Antallet kommuner i ROBEK ved utgangen av 2016 ikke skal overstige antallet ved utgangen av 2015.

Kommunane Haugesund og Hjelmeland er framleis i ROBEK, men meirforbruket er redusert ein god del i begge kommunane, slik at det har vore ei betring. Haugesund ligg an til å kunna meldast ut i år (2017).

#### **Antall kommuner i ROBEK**

Kommuner per okt'15	Kommuner per okt'16	Avvik
2.00	2.00	0.00

#### **3.1.1.11 Kommunereform**

2016 var eit særskilt år i arbeidet med kommunereforma. Vi starta året med å vitje 25 av 26 kommunar, der kommunereforma var på sakslista. Vi sende i april ut eit brev til alle kommunane med råd og tips i fasen fram mot endeleg vedtak, med ei eiga momentliste til hjelpe i saksgreininga. Det gav oss eit grunnlag for å sikre at kommunane vurderte utfordringane etter dei aktuelle kriteria, og for at vi skulle få ei nokolunde lik tilbakemelding. Styringsgruppa og prosessrettleiar, har delteke i mange ulike møte og aktivitetar i samband sluttfasen i kommunane. Vi brukte [nettida aktivt i arbeidet](#) med reforma, og fekk mykje merksemd i media. Det var stor redaksjonell merksemd rundt arrangementet vårt 27. september. NRK Rogaland sende presentasjonen av tilrådinga vår direkte, i tett samarbeid med lokalavisene i fylket. Alle kommunane, med unntak av tre som hadde fått utsett frist, gjorde sluttvedtak innan 1. juli. Vi hadde mange møte med enkeltkommunar i august-september i samband med sluttforinga av tilrådinga vår.

Fem kommunar i Rogaland har gjort vedtak om å danne to nye kommunar, seks kommunar ønskjer ny struktur, men fekk nei fra aktuelle naboar. Vi rådde til at Eigersund og Sokndal blir ein ny kommune, trass nei i Sokndal, og at Forsand og Sandnes ikkje blir éin kommune, trass frivillig avtale. Vi viser elles til vår tilråding, datert 27.09.2016 med vedlegg, og tilleggstilråding, datert 16.12.2016. Vi har i vår tilråding også gitt råd om enkelte grensejusteringar, og dette har fått meir merksemd enn det vi kunne sjå føre oss.

Vi har hatt tre møte i den regionale ressursgruppa (Fylkesmannen, fylkeskommunen, KS, regionråda, Distriktsenteret, LO, NHO, Iris, Stavanger og Sandnes kommune) før fristen for endeleg tilråding. Praksisen med å invitere alle ordførarar til eit lunsjmøte ei veke etter ressursgruppa blei vidareført, med god deltaking. Kommunereforma var på sakslista på kommuneøkonomisamlinga 31. mai, med statsråd Jan Tore Sanner som innleiar. Vi orienterte om status på KS og Fylkesmannen si årlege kommunesamling 8. desember.

Vi har hatt godt nytte av samarbeidet med Distriktsenteret, dialogen med andre fylke og med KMD.

#### **3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket**

Verdiskapinga frå jordbruksproduksjonen (primærleddet) i Rogaland, rekna som bruttoprodukt, blei rekna til 2,7 milliardar kroner i 2014 – ein auke på 90 millionar frå 2010. Sjølv om sysselsettinga i jordbruksproduksjonen er redusert med 84 årsverk frå 2010, har verdiskapinga auka med kr. 19 300 per årsverk i fylket. Samla verdiskaping frå jordbruk, skogbruk, tilleggsnærings- og den landbruksbaserte industrien som er direkte avhengig av landbruksproduksjonen, var 5,6 milliardar kroner i 2014 - heile 0,8 milliardar meir enn i 2010. Dette kom fram i rapporten [«Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksamhet i Rogaland»](#) som vart utført av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og Østlandsforskning i 2016. Arbeidet blei finansiert av Rogaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland.

Nyleg blei rapporten om [«Trender i norsk landbruk 2016»](#) lagt fram av Norsk senter for bygdeforskning. Rogalandsbonden er meir fornøgd med den økonomiske utviklinga dei siste fem åra. Dei har også større tru på framtidia, og vil auke produksjonen og arealgrunnlaget. Det er mjølkeprodusentane og dei unge bøndene som er mest offensive. Unnataket er saueprodusentane, der ferre enn i landet elles vil auke produksjonen. Forskarane trur Rogaland vil vere i stand til å møte endringar, og at Rogaland vil halde posisjonen som "matfylke". Her er eit produktivt ressursgrunnlag og sterke fagmiljø.

#### **Tradisjonelt landbruk**

Innan tradisjonelt landbruk har vi i 2016 prioritert ressursarane inn mot energi, klima/miljø, mjølk- og storfeproduksjon og fruktproduksjon.

Produksjonsvoluma i jord- og hagebruk oppretthaldast jamt over i alle produksjonar. Vi har spesielt fokus på mjølkeproduksjonen som står for nær halvparten av verdiskapinga i landbruket i fylket.

Omlegginga frå båsfjøs til lausdriftsfjøs går ikkje fort nok. Det var bakteppet for at Fylkesmannen i Rogaland i 2015 tok initiativ til møteserien «Nytt kufjøs», der målet var å motivera bøndene til å sokje meir kunnskap og ta stilling til kva dei vil gjøre i høve til kravet om lausdrift som den gongen var innan 2024. Tal frå 2015 viste at berre 33 prosent av kufjøsa i Rogaland hadde lagt om til lausdrift, og nær halvparten av mjølkeproduksjonen skjedde i båsfjøs. TINE, Q-meieriet, Innovasjon Norge og Fylkesmannen var saman om ein møteserie på ni møte og sju gardsbesøk.

Det fire-årlige prosjektet «Storfesatsinga i Rogaland» går inn for landing. Dei tre største slakteria har vore sentrale i arbeidet med å auke slakteleveransane på 40 tonn per år i prosjekterperioden. Vi har hatt prosjektansvaret. Resultata viser 1 100 fleire ammekyr i 2015 enn i 2012. Vi har og finansiert eit prosjekt for TYR Rogaland som skal finne nye rasjonelle og kostnadseffektive bygg i ammekuproduksjonen. Mobiliseringa viser igjen i talet på investeringssaker til storfe/ammekyr.

Hard prioritering (distrikt kontra sentrale strok, ikkje til sauhus, kraftförbaserte produksjonar og juletre) og mange søknader gir oss utfordringar med låg tilskotssats per søknad.

Vi har tatt initiativ til å få i gang ei større satsing på dyre- og planthelse. Vi har fått midlar frå VRI til å arrangere ein innovasjonsdialog om temaet. Parallelt med dette tok husdyrnaeringa fatt i kluavsjukdommen Digital Dermatitt, som vi ikkje kjenner omfanget av. Dette prosjektet er forankra i alle slakteri og meieri i Rogaland - og Mattilsynet, Veterinærinstituttet, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Kluavskjærforeningen, Veterinærforeningen og Fylkesmannen. Målet er å redusere omfanget av smittsane sjukdommar generelt, inklusiv digital dermatitt.

Dyrehelse, produktivitet, mjølkevalitet og sporar i surføret heng noye saman, og det er grunnen til at TINE, NLR og FM har satt i gang eit arbeid for å betre kvaliteten på grasensilagen. Det finst svært mange utesiloar i Rogaland og det er ei stor utfordring å halde grasmassen rein og området rundt tørt. Ulike løysingar er under utprøving.

Rogaland har utfordringar på miljøsida. Vi har mykje husdyrgjødsel som kan (og bør) forelast til biogass og verdfulle restprodukt (organiske gjødselprodukt). Vi er aktivt med i diskusjonar omkring temaet og om moglege tekniske, praktiske og finansielle løysingar. Det trengst meir forsking og økonomiske investeringsmidlar for å få fart på omlegginga. NIBIO er sentrale i dette arbeidet. Ei samanslutning av landbruksaktorar med Felleskjøpet Rogaland Agder som leiar, har sett i gang ein PhD-studie på bruk av fytase i kraftfør for å redusere mengda fosfor i husdyrgjødsel. Fylkesmannen er med i konsortiet.

Fruksatsinga som Fylkesmannen starta opp saman med Rogaland Fruktdyrkarlag i 2014, held fram og gir resultat. Seks dyrkarar fekk 2,665 millionar kroner i tilskot til investeringar til 99 dekar med eple. Av desse var det ein heilt ny fruktprodusent. Dette vil gi ei gjennomsnittleg årleg avling på om lag 300 tonn frukt. Tre andre fruktdyrkarar har fått utarbeidd investeringsplanar og det er gjennomført fleire møter og samlingar for potensielle fruktdyrkarar. Det er framleis ei stor interesse for frukt i Rogaland. Ryfylke Frukt SA er stifta av fruktprodusentane og dei planlegg eit nyt fruktpakkeri i Årdal i Ryfylke.

I 2016 har vi halde fram med mobiliseringsarbeidet for auka bruk av trebasert bioenergi. Satsinga har bestått i regionale kurs og studieturar og har i hovudsak retta seg mot landbruksaktorar som er aktuelle for å investere i eige gardsvarmeanlegg, eller drift og sal av tenester i større oppvarmingsanlegg. Interessa for dette er aukande. For større anlegg i fylket er det ei positiv utvikling, med 18 flisanlegg i drift og fleire under planlegging/bygging. Dette tilsvrarar 27 GWh netto produsert varme (tilsvarande årsforbruket til meir enn 1 300 husstandar) fra over 16 000 fastkubikkmeter tømmer. I tillegg kjem mindre gardsvarmeanlegg og kyllinghus med blant anna pellets og ordinar vedfyring. Dette utgjer ei áttedobling i verdiauke for det lågast betalte skogstrøftet, og det bidrar til auka lokal verdiskaping i entreprenør- og driftsledda.

Innan trebruk har det ikkje vore ei målrettet satsing i 2016, men vi har sett fokus på dette på temasamlingar og utferder til lokale aktørar som løftar fram tre i nye prosjekt. Vi opplever at interessa for trebruk er aukande. Gode døme på dette er Riska Sagbruk i Sandnes, ei bedrift som satsar på nyutvikling av driftsbygningar i massivtre. SR-Bank er godt i gang med prosjektering av eit nytt signalbygg i tre i Stavanger sentrum. Dette er veletablerte aktørar som bidrar til auka lokal foredling og interesse og merksamd rundt trebruk. Større entrepenorar som til nå berre har brukt stål og betong har gjennom SR-Bank-bygget måtte forhalde seg til å bygge i tre. Samtidig manglar vi større vidareforedlingsindustri for tømmer i Rogaland, og det har vore lite påtrykk på dette dei siste åra etter at tredrivarprosjektet vart avslutta. Vi vil i 2017 arbeide for ei ny satsing på dette, som eit viktig led i å forhindre at det meste av tømmerressursane transporterast ut av fylket.

Vegbyggingsaktiviteten har teke seg litt opp. Vi registrerer at det er på gang fleire større vegprosjekt som eit direkte resultat av samarbeidsprosjektet på skogsvegar mellom Rogaland, Hordaland og Sogn- og Fjordane. Fram til no har hovudplanarbeidet i kommunane hatt førsteprioritet. Dette prosjektet blir avslutta no i 2016. Vi ser store fordelar med at vegplanleggjaren har delteke aktivt i hovudplanarbeidet med tanke på prioritering av innsatsen mot dei beste veganlegga og kjenner dei lokale forholda relativt godt.

I eit fylke med låg skogsbilvegdekning er det store behov for både modernisering og få på plass større fellesanlegg. Dette krev mobilisering og mykje arbeid for å få gjennomslag for dei beste vegløysingane. Mange kommunar står utan skog- og vegkompetanse til å ta tak i dette viktige arbeidet. Vi tek difor sikte på å rigge eit nyt fellesprosjekt mellom vestlandsfylka, der realisering av hovudplanane for skogsvegar er fundamentet for vidare satsing. Rogaland sin del i den vidare felles skogsvegsatsinga mellom vestlandsfylka vil bli noko mindre med om lag 1/3 årsverk, fordi vi lokalt har fått på plass ein nyutdanna forstakandidat i 50 prosent stilling som vegplanleggjar i kombinasjon med skogforvaltning i Rogaland (Hjelmeland). Det betyr at vi går opp litt i kapasitet på mobilisering og prosjektering på skogsvegar i Rogaland (0,8 årsverk).

Hovudplanarbeidet ser no ut til å kome i mål, der dei største skogkommunane blir ferdige med hovudplanarbeidet innan 2016. I våre retningsliner for tilskot til skogsvegar har vi stilt krav om at alle kommunar må sluttføre hovudplanarbeidet innan 2016 for å få tilskot til skogsveger i 2017.

Det er ikkje gjennomført tiltak eller arbeid med tilstandsvurdering av eksisterande skogsvegnett. Vi har til no vore tilfredse med at vi har klart å landa hovudplan for skogsvegar som har gått over seks år. Manglande kompetanse og kapasitet i kommunane er ei stor utfordring for å kunne følgje opp tilstandsvurdering av skogsvegnett, som er ei relativt stor oppgåve. Med større vegplanleggarkapasitet vil vi ta opp og prioriterer arbeidet med vedlikehaldskontroll av skogsbilvegane i 2017.

Oppskalering (oppskriving) av kommunale og fylkeskommunale vegar med tanke på bruk av tømmervogntrøgt der det er mogleg har ikkje blitt prioritert i 2016. Vi har vore med på eit møte med skognæringa og fylkeskommunen der dette har vore tema, utan at dette har resultert i konkrete endringar i veglistene.

## Landbruksbaserte næringar

Under landbruksbaserte næringar har vi i 2016 spesielt prioritert mjølkeforedling, lokalmat og frukt. I tillegg jobber vi stadig meir med faktorar som er viktige for framtidig konkurranseskraft for det tradisjonelle landbruket. Og her nemner vi spesielt dyre- og planthelse og miljøutfordringane. På skogområdet har vi eit jamt fokus på bruk av bioenergi og auka bruk av tre i bygg, også landbruksbygg.

Vi har gjennomført tre inspirasjonssamlingar rundt om i fylket, med om lag 40 deltakarar, som grunnlag for eit fire-dagars innføringskurs i mjølkeforedling i regi av Kompetansenetverket i januar 2017.

Matsmiå arrangerte vi for tredje gong og med rekorddeltaking. Vi ser at det har god verknad på etablering av nye matverksemder, spesielt i haugalandsregionen.

Fylkesmannen tok i august 2016 initiativ til eit møte med deltakarar frå landbruksnæringa, faglag, matindustri, forsking- og utdanning, reiseliv og det offentlege for å diskutere behovet for ei verdiskapingsatsing på mat med sær preg frå Rogaland. Forprosjektet blir sett i verk februar 2017 der Rogaland landbrukselskap er eigar og Rogaland fylkeskommune prosjektansvarleg.

## Økologisk

### Primærproduksjon

Tal økologisk godkjente gardsbruk og godkjent areal i Rogaland har, som i mange andre fylke, hatt ei negativ utvikling. Tal frå Debio viser at 46 verksemder var godkjende for økologisk primærproduksjon i 2015 (48 i 2014). I 2015 var 6 289 dekar landbruksareal godkjent økologisk (6 456 dekar i 2014). Det er ein reduksjon av økologisk og karens areal på 2,6 prosent frå 2014 til 2015. Økologisk areal ligg på 0,6 prosent av landbruksarealet i Rogaland, medan i Noreg totalt ligg det på 4,5 prosent av landbruksarealet. For meir detaljar viser vi til statistikk på Debio si nettside. Tal for 2016 er venta i mars 2017. I 2016 har det vore ei positiv utvikling i primærproduksjonen. Databasen på debio.no viser at det var 50 Debio-registrerte verksemder innan utgangen av 2016. Nokre har begynt med omlegging av beite, og ein produsent skal setje i gang med økologisk tomatproduksjon frå 2017.

**Marknad** Omsetning av økologiske produkt har auka over heile landet. I Rogaland auka omsetninga ad om 10 millionar kroner frå om lag 140 millionar kroner i 2014 til 150 millionar i 2015 i daglevarehandelen. Det er ein auke på om lag 7 prosent i Rogaland, mens omsetninga i heile Noreg har auka om 15 prosent. Det vil seie at også i omsetninga av økologisk mat heng Rogaland etter utviklinga, samanlikna med tal for heile Noreg. Om lag 1,2 prosent av totalt innkjøpt mat (2015) i Rogaland er

økologisk. Omsetninga av økologiske varer gjennom andre salskanalar auka med om lag 18 prosent frå 2014 til 2015, i følge Landbruksdirektoratet sine utrekningar. Det finst dverre ingen statistikk for Rogaland.

Ein del av omsetningsauken er basert på import. Det gjeld spesielt kraftfør, korn, frukt og grønt, der Noreg ikkje klarer å komme i møte etterspurnaden. Mengda import av økologisk frukt og grønt av totalt sal økologisk frukt og grønt er ukjent ettersom kjedene ikkje skil ut import frå norskprodusert vare. Det er ei stort ulempe i kommunikasjonen med primerprodusentane.

**Butikk og matkassar** Utval og tilgjengeleight blir stadig betre i kjedebutikkane. Nokre butikkar profilerer seg med eit godt utval av økologiske varer. «Bondens kasse» starta opp i Haugesund i 2016 og har fokus på lokalprodusert mat og leverer dels økologisk på døra på Haugalandet og Nord-Jæren.

**Storhushaldning** Offentlege verksemder i Rogaland bruker så godt som ingen ressursar på å fremje økologisk mat i kantiner, barnehagar og skular. Det finst ingen talmål for bruk av økologisk mat i kommunale eller fylkeskommunale verksemder. I følge Debio var berre seks verksemder i Rogaland registrerte for «servering av økologisk mat og drikke» i 2016; av desse tre frå det offentlege: kantina som blir brukt av Fylkesmannen, kaserna Harald Hårfarge og Arkeologisk Museum. Det er nokre barnehagar og skulekjøkken som bruker dels økologiske råvarer. Det er i høgaste grad avhengig av engasjerte enkeltpersonar blant dei tilsette - og ikkje ei satsing på bestilling av kommunale. Vi har ikkje kjennskap til at privatdrivne storhushaldningar elles satsar på økologiske råvarer, med unntak av Steinerskolen i Stavanger og Haugesund. Ei tydeleg bestilling om bruk av økologisk mat i alle offentlege verksemder (som i Sverige og Danmark) hadde auka omsetninga av økologisk mat og ført til ein meir føresieleg marknad.

**Grossist- og foredlingsleddet** Grossisten Norganic leverer økologiske tørrvarer over heile Noreg og har dobla omsetninga frå 51 millionar i 2014 til 101 millionar i 2016. Grossisten etablerte i 2016 ein nettbutikk for sluttforbrukar, der produkta blir sende i posten. Norganic sel norsk produserte råvarer der det er mogleg, mykje er dverre importert.

Etter mange års stillstand i næringa ser vi at situasjonen i foredlingsleddet begynner å endre seg: I 2016 opna Tine for fleire mjølkeprodusentar, dverre gjaldt det ikkje for Rogaland og Vestlandet elles. Nortura opplyste om at dei ønskjer meir økologisk storfekjøt, og Gartnerhallen la ut på nettstaden at dei har behov for meir økologiske frilandgrønsaker. Mange av kjøtprodusentane tar tilbake kjøtet frå slakteriet og sel direkte til forbrukarar. Vi ser også at trenden for meir økologisk småskalaforedling held fram. I 2016 blei stavangerbedriften «Eimealt» med Kombucha (mjølkesyrna te) Debio-godkjent. Eimealt produserer fleire andre produkt, men har valt å ikkje soke om Debio-godkjenning til andre produkt, fordi tilgangen til lokale økologiske råvarer ikkje er stabil nok.

### Urban dyrking

Trenden med urban dyrking har også nådd byane i Rogaland, som elles i landet. Ved siden av tre andelslandbruk, blei det satt i gang fleire prosjekt med dyrking av grønsaker. Felles for prosjekta er at dei ikkje blir brukt sprøytemiddel. Det er ofte på initiativ frå private eldsjeler, med meir eller mindre sterkt organisering, og dels støtte frå bydelutvala eller stiftingar. Det viser ei aukande interesse i befolkninga for å vite kor maten kjem frå og å lære om dyrking av grønsaker. Det finst ingen statistikk over kor mykje grønsaker som blir produsert gjennom andelsbruka og i andre dyrkingsprosjekt.

### Inn på tunet

Det har i Rogland dei seinare åra vore noko mindre interesse og etterspurnad etter *Inn på tunet*-tenester frå kjøpersida enn vi kunne ønske. Når det gjeld kommunane ser vi ofte at satsinga manglar politisk og administrativ forankring, og framleis i for stor grad er avhengig av eldsjeler. Kommunar som klarar å involvere fleire fagområde og jobbe tverrfagleg lukkast best. Etterspurnaden frå NAV er i dag også noko mindre enn før, etter at «grønt arbeid» er avvikla som eige prosjekt- og satsingsområde. Bufetat har derimot framleis stort behov for ulike butilbod til barn og ungdom (ulike typar fosterheimar, besøksheimar, helgeavlasting).

Talet *Inn på tunet*-gardar som er med i godkjenningssordninga til Matmerk er per i dag 20. I tillegg kjem åtte gardar som har soikt om godkjenning og er i prosess. Nettverksorganisasjonen *Inn på tunet – Rogaland* tel rundt 40 medlemmar.

Internt hos Fylkesmannen er det hovudsakeleg landbruksavdelinga som arbeider med *Inn på tunet*, men representantar frå utdanningsavdelinga og helse-, sosial- og barnevernsavdelinga har også vore involverte i arbeidet, både gjennom ei tverrfagleg intern ressursgruppe - og prosjektet [«Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland»](#). I tillegg har vi hatt ei ekstern samarbeidsgruppe med representantar både frå næringa og bestillar/kjøpersida (NAV, KS, Bufetat).

I 2016 har det blitt arbeidd med ein handlingsplan for *Inn på tunet* i Rogaland. Arbeidet er no i sluttfasen.

Vi har ikkje driftsmidlar nok til å prioritere reiseliv. Berre Lysefjorden har fått oppfølging. 275 000 besøker Prekestolen kvart år. Den einaste som nyttar mykje lokalmat i serveringa er Prekestolen Fjellstue, og her er det eit stort potensial for fleire.

Det har vore særsla mange førespurnader om etablerarrettleiing i 2016, 50 prosent auka i høve til åra før. Berre i kommunane i Ytre Ryfylke (16 000 innbyggjarar) har det vore over 150 førespurnader om etableringar. Av desse er det berre 20 prosent som er arbeidsledige. Det er ei omstilling i samfunnet som gjer at mange tenker mytt og vil skape arbeidsplassar. Innan bygdenæringer er det reiseliv, lokalmat og bioenergi det er flest etableringar. Som ein del av mobiliseringsarbeidet har det vore over 20 arrangement som fruktsafari, kufjøs, temakurs og gründertreff i Strand, Forsand og Hjelmeland.

### Om ressurstilgang

Rogaland er eit høgproduktivt fylke som krev mykje ressursar til å stette dei oppgåvane vi må løysa med tanke på tilskotsforvalting, konsesjonforvalting, erstatningssaker, kontrollsaker osb. På grunn av ein stram økonomisk situasjon, har ei stilling på næringsutvikling (NU) stått ledig i 2016. I tillegg blir 30 prosent av ei stilling på NU brukt på VRI for å finansiere opp stillingane. Dette har fått følger for oppgåver knytte til tradisjonelt landbruk (spesielt ramma er dei grovförbaserte produksjonane), statistikk og landbruksøkonomi. Vi har ikkje nok driftsmidlar eller personalmessige ressursar til å delta på viktige prosjekt, samlingar, seminar og messer. Til dømes deltaking på Internationale Grüne Woche, delegasjonsreise til IGW, landbruksmessa Agrovisjon i Stavanger og Det Norske Måltid.

Dette er ei alarmerande utvikling som vil medføre at Fylkesmannen blir akterutsegla i arbeidet med å analysere, vurdere og påverke utviklinga i landbruket. På sikt vil våre kvalitative vurderingar bli svekkja, og det vil redusere konkurransekrafta til landbruksnæringa og utfordre prinsippet om likebehandling.

### Resultatmål 3.1.6.1.1.1

#### Rapportere på

Regionalt bygdeutviklingsprogram er utarbeidet og fulgt opp i tråd med nasjonal politikk.

I 2013 blei det utarbeidd Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU) i samarbeid med den regionale partnarskapen. Gjeldande *Regionalplan for landbruk*, vedteken i fylkestinget 7. juni 2011, har vore særlig knytt opp mot RBU. Planen er ein strategisk næringsutviklingsplan for landbruket i heile fylket, og han er både eit utviklingsverktøy og eit styringsverktøy som er retningsgivande for utviklingstiltak, prosjekt og verkemiddelbruk på regionalt og kommunalt nivå. Regionalplan for landbruk i Rogaland omhandlar alle dei tre hovudelementa som er inne i RBU:

- Regionale næringsprogram (RNP)
- Regionale miljøprogram (RMP)
- Regionalt skog- og klimaprogram (NMSK)

Vi legg til grunn Regionalplan landbruk som vårt viktigaste strategiske dokument for ordningane som inngår i RBU. RBU vil bli revidert i 2017.

Den regionale partnarskapen har i mange år samarbeidd om næringsutvikling og har eit eige handlingsprogram for næring (HPN). HPN blir styrt av prioriteringar i regionale planar (energi og klima, landbruk, næringsutvikling), Kystsogmeldinga og strategiar (FoU, Handlingsplan for skogbruk, bioenergistrategi og reiseliv).

Investeringsmidlar til bedriftsutvikling i landbruket (IBU) som blir forvalta av Innovasjon Norge og Utgreiings- og tilretteleggingsmidlane (UTM) som Fylkesmannen forvaltar, kjem inn under RNP. Den regionale partnarskapen og næringsaktørar utarbeidde i fellesskap oppdragsbrevet for 2016 som ga strategiske føringer for bruken av IBU.

HPN gir klare prioriteringar for bruken av IBU og UTM. Mellom anna har HPN i 2016 prioritert klima og miljø, grovförproduksjon og frukt. Dette viser igjen i Fylkesmannen sin eigen ressursbruk til beitebruk, storførproduksjon og frukt, midlar til utviklingsprosjekt og midlar til investeringsprosjekt.

Rogaland blei tildelt 4,8 millionar kroner i utgreiings- og tilretteleggingsmidlar (UTM) i 2016, og vi drog i tillegg inn kr. 839 744 frå kansellerte prosjekt. Til saman blei det lovd 5,583 millionar kroner i 45 saker i 2016, av dette om lag 1,5 millionar til prosjekt innan Handlingsprogram Næring (HPN). Dette utgjorde om lag 27 prosent av UTM-midlane, mot 39 prosent i 2015. Om lag 60 prosent av midlane gjekk til prosjekt innan matproduksjon og kompetanse/forsking/formidling. I 2016 blei skogtak og lokalmat sterke prioritert enn i 2015, medan delen for økologisk reiseliv og *Inn på Tunet* ligg lågare enn i 2015.

RMP har eiga styringsgruppe, samansett av den regionale partnarskapen og næringsaktørar. Bortimot same gruppесamsetning som for IBU gjer sitt til at det er godt samspele og synergier mellom RMP, HPN og IBU. Vi vil spesielt trekke fram til tiltak; utviklingsprosjektet i Lysefjorden, der RMP har prioritert beiting i området, og investeringsstøtte til gjødsellager, der RMP prioritærer «Frivillige tiltak i landbruket».

Fylkesmannen samordnar NMSK med andre fylkesmannsembete, fortrinnsvis på Vestlandet. For å forsterke tiltak i NMSK, har det vore viktig for oss å bruke UTM. Gode døme er finansiering av prosjektet «Aksjon skogkultur» og informasjonsbrosjyrar «Tommersalg for dummies». Mobiliseringssarbeidet som blir gjort i Klímaskogprosjektet og i bioenergisatsinga gir gode ringverknader for NMSK.

Uavhengig av RBU er det god samhandling og sameint prioritering på tvers av dei tre linene RNP, RMP og NMSK. Gode prioriteringar gir gode og langsiktige synergier. Vi opplever nok i realiteten at *Regionalt bygdeutviklingsprogram* er ei noko oppkonstruert sak, der fatalet av fagpersonane har kjennskap til programmet. Vi meiner Regionalplan landbruk er eit godt nok styringsverktøy og at partnarskapen tek hand om prioriteringar og koordinering mellom RNP, RMP og NMSK. Hovudmålet må jo vere at regionale ordningar treffer dei regionale utfordringane, at det er stor semje regionalt om prioriteringane - og at ordningane verkar best mogleg saman.

### Resultatmål 3.1.6.1.2.1

#### Rapportere på

Tilfredsstillende foryngelse av all hogst innen tre år etter hogst.

I Rogaland har skogavverkinga auka kraftig dei siste åra, med stadig hogstrekordar (sjå oversikt). Dette gjaldt og for 2016, der hogstvolumet nådde 158 000 m<sup>3</sup>. Førstehandsverdien er på 45 mill. kroner. Skogkulturinvesteringane var på 2,4 mill. kroner i 2016, og var noko auka frå 2015 (frå 2,1 mill kroner). Vi har hatt ei positiv utvikling på planteaktiviteten frå rekordlåge 700 daa i 2014 til 2500 daa i 2016. Men med svært stor hogstaktivitet betyr dette likevel at etterslepet på planting aukar kraftig.

Estimert hogstareal i 2016 var på 4000 daa (2900 daa gran, 1100 daa furu). For den siste 5 årsperioden er årleg estimert hogstareal (gran- og furuhogst) på 3800 daa. Til samanlikning er gjennomsnittleg planteaktivitet dei siste 5 åra på 1400 daa. Nedbygging av skogressursane og dei beste skogareala held fram i relativt stort tempo. Etter mange år med underinvesteringar i planting, burde planteaktiviteten vore vesentleg høgare i ein periode. Ei nøktern vurdering av plantebehovet gitt dagens hogstnivå, inkl. etterslep, svarar til ei årleg planteaktivitet på over 5000 daa dei første tre til fem åra.

Fylkesmannen har på fleire vis prøvd å snu utviklinga, med bl.a. stort fokus på kontroll og eige skrifteleg opplegg for oppfølging. Sjølv om det er laga eit eige ferdigsydd opplegg for handheving av foryngingsplikta, er det så godt som ingen kommunar som så langt har teke dette aktivt i bruk. I tillegg har Fylkesmannen hatt fokus på å få opp aktiviteten på skogkultur gjennom prosjekttrekk arbeid – aksjon skogkultur. Litt av det løftet vi har fått på planteaktiviteten skuldast aksjonsretta tiltak. Det er ei utfordringa at aksjonsretta innsats blir ei sovepute for enkelte kommunar, og kjem ikkje i tillegg til ansvaret som kommunane har for å følge opp skogkultur. Vi opplever likevel at skognæringa har auka fokus på å inngå avtale om planting samtidig med hogst, noko som er positivt for planteaktiviteten.

### 3.1.1.13 Bærekraftig landbruk

Rogaland er godt i gang som pilotfylke for klimaskog. Etter at Vindafjord også blei med, er tre kommunar med i prosjektet. Prosjektet er eit viktig bidrag i arbeidet med bærekraft og verdiskaping.

Fylkesmannen har forvalta miljøverkemidlane i tråd med regionalt miljøprogram og med nasjonale føringer. Det har blitt særleg vektlagt å stimulere til god bruk av husdyrgjødsel, og på å minne næringssavrenning til vassdrag. Det er framleis store utfordringar knytt til vassdragskvalitetene i dei mest sentrale jordbruksområda. Miljøavtalar er eit sentralt verkemiddel i RMP for å betre vasskvaliteten. Her har vi gode erfaringar frå Skas-Heigre, ein del av Figgjovassdraget. Miljøavalar har blitt utvida til å omfatte ei rekke nye vassdrag. Det er utfordrande å få same gode oppslutning i dei nye områda, og vi ser at frivillige tiltak er ressurskrevjande. Vi ønskjer å utvide ordninga for tilskot til miljøvenleg gjødselspreiing til heile fylket. I dag er ordninga avgrens til å gjelde nedslagsfelt til sårbar vassdrag. Utviding til heile fylket er vanskelig med noverande økonomiske ramme, utan store omprioriteringar i Regionalt miljøprogram i Rogaland. Klima- og miljøtiltaksmidlane har blitt lyst ut.

Utviklinga i jordbruket, med stadig meir konsentrasijsnivå på Jæren, er ei utfordring sett i eit bærekraftperspektiv. Dette gir dårlagare utnytting av beiteressursane og husdyrgjødsela, og gir større utfordringar knytt til dyrehelse. Samstundes som drifta blir meir kostnadseffektiv, og det blir mindre transportarbeid.

### Resultatmål 3.1.6.2.1.1

#### Rapportere på

Andel kommunar som følger opp kontroll med foryngelseskravet: 100 pst i løpet av tre år.

I snitt har 78% av kommunane som er uttrekt til ordinær hogst- og plantefeltkontroll dei siste 3 åra utført kontrollane. I 2016 er Fylkesmannen si oppfølging av kommunane med feltkontrollar (resultatkontroll) trappa opp, der vi har tilbydd å delta på kontroll i fleire kommunar enn tidlegare. Vi opplev av kommunar som ikkje blir følgd opp direkte som dette ikkje utførar kontrollane.

Det er viktig å påpeika at desse talla berre indikerer andelen kontrollfelt der kommunane har sett i gang ei form for kontroll, men som ikkje nødvendigvis er følt opp til eit endleg resultat. Den reelle kontrollandelen er derfor lågare. I tillegg har vi eit stort etterslep, der mange kommunar etter fleire purringar, ikkje har levert kontrollane for 2015, 2014, 2013, 2012 og 2011.

Resultata frå kontrollen har avdekkja svært mangelfull forynging av hogstflatene, og stadfestar i stor grad at næringa driv avskoging av den beste skogen på areal med svært gode forhold for skogproduksjon - høg bonitet eller betre. Samanstilt resultat frå den ordinære kontrollen dei siste 4 åra viser også at hovudtyngda av granskogen blir høg lenge før den er hogstmoden (60 % i hogstklasse 4 eller yngre).

Kommunane sender gjennomgående lite skriftleg dokumentasjon ut til skogeigarane. Det meste går på munnleg informasjon, og det ser ut til å vere liten vilje til å ta tak i saker der kommunen må bruke lovverket aktivt. Så langt har ingen kommunar brukte skogbrukslova aktivt etter at foryngingsplikta blei innskjerpa. Med så lite skriftleg dokumentasjon blir det og vanskeleg å følge opp dette i tråd med regelverket; jf. tilrådingane til Landbruksdirektoratet.

Dei få kommunane som både har kompetanse og prioritær arbeidet på skogområdet, viser også svært godt igjen på statistikken. Langs kysten driv næringssorganisasjonane i liten grad motivering og mobiliseringsarbeid for å få opp investeringane, sjølv om dette kan sjå ut til å få noko auka fokus dei siste åra. Vi er heilt avhengig av kommunane som førsteline for å sikre planter i jorda og oppfølging med skjøtsel i etterkant. Fleire kommunar har kompetanse, men prioritær ikke arbeid på skogområdet.

Fylkesmannen har i 2016 sett fokus på fungerande skogforvalting i sine forvaltingskontroller, og har i tillegg følgt opp kommunar med store manglar på skogområdet med eigne møter om dette. Dette har resultert m.a. i eit spesiellag med ein kommune på ein prosjektstilling knytt til skog. Formålet med denne innsatsen er å auke stillingsomfanget der kommunen ikkje sjølv kan dekke opp ein full stilling knytt til skogforvalting, som er ein viktig del for å tiltrekke søkerar med nødvendig skogkompetanse. Vi meiner dette er eit viktig felt å rette innsats mot, spesielt i dei store skogkommunane. Men det er samtidig ei kortsiktig løsing som er knytt til årlege løyingar av prosjektmidlar, og det er viktig å gjere synleg for kommunane at hovudfordringa ligg på prioriteringa av ressursar til skogforvaltinga.

### Resultatmål 3.1.6.2.1.2

#### Rapportere på

Økt planting med tilskudd til tettere planting, og økt gjødsling, sammenliknet med 2015.

Det blei ein marginal auke i tettleiken med sju planter meir per dekar til 244 planter per dekar. 88 prosent av all planting fekk tilskot til tettare planting i større eller mindre grad i 2016. Alt før denne ordninga kom på plass, har Fylkesmannen hatt fokus på rett tettleik i forhold til bonitet. Gjennomsnittsbonituren i Rogaland er høg og krev høg tettleik for å få eit best mogleg resultat. Innføringa av ordninga har nok først og fremst auka nøyaktigheita på målinga av arealet på plantinga som er meld inn som følge av at det påverkar tilskottssatsen på det tilplanta arealet.

Det har ikkje vore fokus på gjødsling. Me fekk tidleg melding om at det var stor aktivitet på Austlandet og at ein kunne rekna med at potten blei raskt brukt opp. I Rogaland har vi med jamne mellomrom hatt fokus på helikoptergjødsling, så her har vi ikkje noko særleg etterslep i forhold til behovet.

### Resultatmål 3.1.6.2.2.1

#### Rapportere på

Alle miljøvirkemidlene er forvaltet i tråd med regionalt miljøprogram og nasjonale føringer.

Rogaland hadde 31,5 millionar kroner til Regionalt miljøprogram i 2016. Om lag 44 prosent av dei som søker produksjonstilskot søker i tillegg RMP. Det har dei siste åra vore relativt stabil fordeling mellom dei ulike hovudområda; kulturlandskap, avrenning til vassdrag, kulturmiljø, biologisk mangfald og utslepp til luft, men vi ser at vi jamt og trutt får auka oppslutning kring tilskot til miljøvenleg gjødselspreiing. I 2013 utgjorde tilskotet til minsking i luft 14 prosent av total økonomisk ramme. I 2016 var det bruk 23 prosent. Auken skuldast både utviding av tilskotsområda, og auka oppslutning innan tilskotsområda.

Det blei gjort nokre endringer i RMP i 2016. Vi har sidan innføringa av menysystemet i 2013 hatt store problem med feilopplysningar i søknadene på ordninga tilskot til beiting i utmark. Tilskotet var avgrensna til å berre gjelde ammegrøt. Problemet skuldast at det på søknadsskjemaet stod *sau/geit*. Mange tok det då for gitt at dei kunne søkje også til sau. Etter å ha informert breitt og masaa på kommunane i fleire år utan gode nok resultata, fjerna vi tilskotet. Vi har også forenkla tilskot til kystlynghei, slik at det berre mogleg å få tilskot utmålt per dekar. Taparane på omlegginga blei særleg søkerane i *Utvale kulturlandskap* som tidlegare hadde fått ekstra høg sats per dekar. Det er god söking på tilskot til skjøtsel av kystlynghei, og vi ser at ekstra tilskot til beiting, kombinert med krav om skjøtselsplan, er heilt sentralt for å oppnå god skjøtsel av viktige naturtypar. Vi trur det er potensial for større oppslutning kring kulturmiljø-ordningane. Etter at satsane til organisert beitelag blei auka, ser vi at det interesse for å etablere nye beitelag i nye beiteområde.

Vi har i 2016 hatt forvaltingskontroll av tre kommunar med RMP som tema. Sjølv om vi finn avvik på visse område, er hovudinntrykket at kommunane har ei god forvaltning av miljøtilskotet.

### 3.1.2 Statlig virksamhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

#### 3.1.2.1 Godt tjenestetilbud for barn og unge

Tverrfagleg samordning for barn og unge har vore arbeidd med m.a. gjennom prosjektet *Sjumilssteget for god oppvekst*. Satsinga har vore eit viktig verkemiddel for å setje fokus tverrfagleg innsats, god oppvekst og gode tenestetilbod.

I denne satsinga har vi både hatt fokus innover i embetet og utover mot kommunane på om lovgivinga til vern av barn sine interesser blir ivaretatt og om forvaltningspraksis er i samsvar med Barnekonvensjonen.

Ei avdelingsovergripande gruppe i embetet har sytt for å setje Barnekonvensjonen på dagsorden i alle avdelingane. Interne lunsjmøte med deltaking frå alle avdelingar blir brukte som arena for kompetanseheving, og vi har utforma ein felles VP som skal sikre tverrfagleg samordning i heile embetet og rutinar for samarbeid knytt til barn og unge. Vi har likevel potensial for forbetring i arbeidet med å samordne innsatsen mot barn og unge, og ønskjer oss tydelegare fellesoppdrag i VØlen for å bli betre på dette området.

15 kommunar og fylkeskommunen er med i Sjumilssteg-satsinga. 14 av desse har gjennomført ei tverrfagleg kartlegging av eige tenestetilbod. Kartlegginga har gitt kommunane eit bilet av kva dei er gode på og kva dei har utfordringar med, på tvers av alle tenesteområda. Dette har medverka til samarbeid og samordning internt i kommunane. På koordinatorsamlingar med sjumilskommunane har både kommunane og Fylkesmannen samarbeidd godt og lært av kvarandre.

Kommunekartlegginga har vore styrande for dei prioriteringane vi har gjort. Reell medverknad for barn og unge og artikkel 12 i Barnekonvensjonen har vore eit prioritert område - og har vore på dagsorden på tverrfaglege samlingar, til dømes i kurs om samtalar med barn.

Eit tiltak med god effekt var fylkesmannen sitt dialogmøte med ungdom. Fylkesmann Magnhild Meltevit Kleppa møtte denne dagen 58 ungdommar frå sjumillskommunane. Ungdommene fekk i møtet fremje sitt syn på det samla tenestetilbodet i kommunane og foreslå tiltak og løysingar. Dialogmøtet var viktig både som opplæring for kommunane og for ungdommene, og som motivasjon til å setje i verk liknande tiltak i kommunane. To av kommunane arrangerte dialogmøte med eigen ordførar i etterkant av fylkesmannen sitt dialogmøte. Ein kommune har nyleg etablert eit ungdomsråd, og Rogaland fylkeskommune er i gang med å etablere *Ungdommens fylkesting*.

Barneombodet, VID vitenskaplege høgskole og leiar for *Nasjonal arbeidsgruppe for Barnekonvensjonen i praksis* har vore innleiarar på samlingar for kommunane. Barnekonvensjonen er løfta fram i tilsyn, kurs, konferansar, nettverk m.m. der tenestetilbod til barn og unge er tema. Våren 2016 deltok nærmere 200 frå kommunane på den årlege [Oppvekstkonferansen](#) vår. Temaet var Barnekonvensjonen og tverrfagleg innsats for eit godt tenestetilbod for barn og unge.

Fylkesmannen i Rogaland og Hordaland deltar i samarbeid om implementering av BTI (betre tverrfagleg innsats) i kommunane i Nord-Rogaland og Sunnhordland. Målet er å sikre heilskapleg oppfølging av utsette barn og unge.

Kommunane i fylket nyttar høvet til å søke om tilskott til personar med langvarige og samansette behov og barn og unge knytte til opptrapningsplanen for rusfeltet.

Samla sett meiner vi at innsatsen har gitt resultat både internt og i kommunane og fylkeskommunen.

### 3.1.2.2 Den offentlige boligisosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Ein viser til fyldig rapportering under 3.2.1.2.1.1 samt 7.3.1.1.1. og 7.3.1.1.3. Desse rapportane syner at strategien bustad for velferd og tiltaksplanen for strategien er tatt inn i opptrapningsplanen for rusfeltet, i opplæring inn mot sosiale tenester, i arbeidet med flyktninger og barn og unge-satsinga (0-24).

Rogaland har i samarbeid med Husbanken tatt eit initiativ til samordning og samarbeid med fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane på desse områda frå 2017.

#### Resultatmål 3.2.1.2.1.1

##### Rapportere på

Gjennomført minimum to kompetansehevende tiltak for kommunene i fylket om boligisosialt arbeid, f.eks. bolig og integrering av flyktninger, bolig og tjenester til rusmiddelavhengige, helhetlig planlegging, bolig og folkehelse.

Tilskotskonferanse med informasjon om ordningar knytt til blant anna bustadsosiale aktiviteter. Tilbod til alle kommunar.

Konferansar (3) om integrering og busetting i samanheng med auka mottak av flyktninger. Tilbod til alle kommunar. Nettverkssamling om bustadlaus. Tilbod om deltaking til dei største kommunane og Husbanken sine programkommunar. Det har vore gjennomført til "Sjef i eget liv"-kurs. Bustad som mål for økonomisk råd og rettleiting.

Fylkesmannen har delteke på workshop/konferanse i Eigersund og Karmøy kommune. Fylkesmannen dekkja kostnadene i Eigersund og bidrog i kafedralogen.

Det blei arrangert coaching-dag med Sam Tsemberis i samarbeid med Husbanken og Napha for kommunar i heile landet som har Housing First-prosjekt.

Det har vore møte mellom dei fire fengsla i fylket og kommunane dei ligg i - og Husbanken og Kriminalomsorgen, med tema bustad og oppfølging i bustad. Det er særleg utfordrande å planlegge, skaffe og gi tenester til brukarar med rus/kriminalitet og psykiske helseutfordringar.

Fylkesmannen deltek på alle programkommune-møta. Bustad og tenester til rusmiddelavhengige er sentrale tema i møta med programkommunane.

Fylkesmannen arrangerer fire gonger i året kompetansegruppa for rus og psykisk helse. Tenester i bustad blir tatt opp som tema i kvar samling. Tre kommunar og Helse Stavanger har samarbeid rundt oppfølging i bustad etter behandling i spesialisthelsetenesta. Kompetansegruppa har mellom anna fått informasjon om dette tilbodet. Det er også gitt informasjon om Bolig for velferd og Veiviseren.

#### Fylkesmannens bidrag til at det boligisosiale arbeidet i kommunene er kunnskapsbasert

Resultatmål	Differanse	Grunnlagstall 1
2	5	7

Dei sju kompetansehevande tiltak på det bustadsosiale området har vore retta mot alle kommunar. Som kommentert i pkt 3.2.1.2.1.1, har det i tillegg vore ei rekje møter med enkeltkommunar i samarbeid med mellom anna, Bufir, Imdø og Husbanken. Fokus i desse møta har og vore kompetanse på det bustadsosiale området. I desse møta deltek og leeinga i kommunen, kommunaldirektør, rådmann mv

### 3.1.2.3 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap i fylket

Fylkesmannen øvde eigen kriseorganisasjon i samband med den nasjonale øvinga IKT16. Saman med Hordaland deltok me på regionalt nivå.

Evalueringa er ikkje avslutta. Det skal vere eit møte i regi av DSB i 2017. Mellombelse funn frå oss er at IKT-tryggleik på regionalt nivå er svært sårbar, då me ikkje har noko SRM, ikkje tilhøyrer nokon CERT og fordi beredskapsplanane våre for IKT-tryggleik ikkje er gode nok.

#### Resultatmål 3.2.1.3.1.1

##### Rapportere på

Det er gjennomført minst en årlig øvelse av kriseorganisasjonen i embetet med grunnlag i ny samfunnssikkerhetsinstruks.

Krisestaben blei øvd i samband med den nasjonale øvinga IKT-16. Intern evaluering er ferdig. Øvinga bli vidare følgd opp saman med DSB.

### 3.1.2.4 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Fylkesmannen har ei intern samordningsgruppe (tilsynslaget). Tilsynslaget har representantar frå fagavdelingane, der ein arbeider med samordning av tilsyn internt og eksternt. Det er gjennomført samordningsmøte med Mattilsynet, Kartverket, Arbeidstilsynet, Arkivverket og kontrollutvalsessekretariata i fylket.

Tilsynsaktiviteten blir samordna i tid, og vi lagar tilsynskalender som viser den samla tilsynsaktiviteten overfor kommunane så langt det metodisk lar seg gjøre. Oversikt over dette blir sendt kommunane innan årsskiftet. Vi har særleg fokus på lærande tilsyn i vårt interne kompetansearbeid og overfor kommunane.

#### Resultatmål 3.2.1.4.1.1

##### Rapportere på

Alle tilsyn hvor det er funnet brudd på lov og forskriftskrav er avsluttet (dvs. praksis er endret) innen en avtalt frist.

I dei fleste tilsyna der det er funne brot på lov og forskriftskrav, blir forholda retta opp og praksis endra innan avtalt frist.

I nokre tilfelle viser forholda seg å vera vanskelegare å retta opp, og innføring av endra rutinar, opplæringstiltak og endring av praksis tek meir tid enn tidsplanen verksemda har føreslått.

I desse tilfellene har Fylkesmannen tett kontakt og oppfølging med kommunen eller verksemda, gjev råd og rettleiing til tenestene for å retta opp forholda.

Der ein ikkje lukkast med å lukke tilsynet innan rimeleg tid, vert problemstillinga løfta til embetsleininga og ein knyter kontakt til rådmannsnivå og/eller politisk nivå for å få leiingsforankring for å inføre naudsynte tiltak.

#### **Resultatmål 3.2.1.4.2.1**

##### **Rapportere på**

Alle tilsyn med folkehelsearbeid fra 2014 der det ble påvist brudd på lovkrav, er fulgt opp og avsluttet innen utgangen av 2016.

Fylkesmannen gjennomførte to tilsyn med folkehelsearbeidet i kommunane i 2014.

Det vart funne avvik i begge tilsyna, men avvika er lukka og tilsyna avslutta.

##### **Avslutning av tilsyn med folkehelsearbeid**

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat	Antall tilsyn med folkehelsearbeid fra 2014 der det ble påvist brudd på lovkrav.	Antall tilsyn med folkehelsearbeid fra 2014 der det ble påvist brudd på lovkrav som er avsluttet.
100 %	0 %	100 %	2	2

#### **Resultatmål 3.2.1.4.3.1**

##### **Rapportere på**

Krav til gjennomsnitsscore i spørreundersøkelse: 75 % svarer "FMs tilsynsvirksomhet er godt eller nokså godt samordnet".

Vi har eit internt tilsynslag, med representantar frå fagavdelingane, som driv tilsyn og har månadlege møte. Vi opplever at det er god intern samordning av tilsyn. Vi har delteke på KMD sine to tilsynsmøte, med representantar frå tre fagavdelingar, utdanningsavdelinga, helse-, sosial- og barnevernsavdelinga og samfunns-, beredskaps- og kommunalavdelinga.

Vi har fellesmøte for alle som driv tilsyn i embetet. Vi sendte ut intern- og eksternt samordna tilsynsplan til kommunane før jul.

[Brukarundersøkinga 2016](#) (sjå rapportering under punkt 7.3.1) viste at kommunane er nøgde med samordninga. Det går også fram at:

- 65,7 prosent av ordforarane og rådmennene ønskjer betre samordning av tilsyna våre med eigenkontrollen i kommunane (kontrollutval, internkontroll, internrevisjon).
- Det har blitt arbeidd målretta med å utvikla ein god tilsynsmetodikk i embetet dei siste åra. Tilbakemeldingane tyder på at dette har fungert godt. Berre 11,4 prosent etterlyser utvikling av tilsynsmetodikk i 2016, mot 27,3 prosent i 2010.
- 48,6 prosent ønskjer betre koordinering av tidspunkta for tilsynsbesøk (auke frå 42,4 prosent i 2010)
- 34,3 prosent ønskjer meir rettleiing før og etter besøket. Dette er ein nedgang frå 2010 (51,5 prosent).

#### **Resultatmål 3.2.1.4.4.1**

##### **Rapportere på**

Krav til gjennomsnitsscore i spørreundersøkelse - 75 % svarer at FMs tilsyn "i stor eller nokså stor grad har vært lagt til rette med sikte på læring og forbedring lokalt".

Vi er eit av foregangsfylka når det gjeld lærande tilsyn.

Utdanningsavdelinga har i dei felles nasjonale tilsyna fokus på læring for andre kommunar.

Helse-, sosial og barnevernsavdelinga har fokus på lærande tilsyn i samband med deltaking i eigenvurdering på sosialtenesteområdet.

Samfunns-, beredskaps- og kommunalavdelinga har fokus på læring og erfaringsdeling i forkant av beredskapstilsyna.

[Brukarundersøkinga 2016](#) (sjå også punkt 7.3.1 og 3.2.1.4.3.1) viser større tilfredsheit med tilsynsverksemda til Fylkesmannen i Rogaland i 2016 enn i 2010.

#### **3.1.2.5 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer**

##### 3.2.1.5.7. Klimaskog Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland vidareførte pilotprosjektet i 2016, der ytterlegare to kommunar blei involverte som pilotkommunar. Det blei i 2016 berre planta 16 dekar i Rogaland, som skuldast mangel på tilgjengelege planter, og behov for meir informasjonsspreiing om prosjektet.

Det blei i 2016 jobba med ei rekke informasjonsretta tiltak, både mot kommunar, grunneigarar og organisasjonar, der Fylkesmannen i Rogaland har fungert som koordinerande part.

Gjennom 2016 har pilotprosjektet blitt betre kjent i fylket, og det har vore stigande interesse for tiltaket i nokre område.

#### **Resultatmål 3.2.1.5.1.1**

**Rapportere på**

FM har hatt dialog med alle kommuner i fylket og formidlet forventninger til klima- og energiplanleggingen.

Rogaland fylkeskommune var tidlig ute med å lage regionalplanar for både vindkraft og klima/energi. Kommunane våre har klima- og energiplanar, men det er nok isolert sett ut fra dette temaet, eit behov for å oppdatere desse. Klima- og energiplanar har ikkje vore hovudprioritering i plandialogen med kommunane våre i 2016, det har krav til systematisk folkehelseoversikt og "sjumilstegsatsinga" for barn og unge vore. Men i januar i 2017 hadde me ein større klimakonferanse for kommunane der klima- og energiplanlegging også var tema.

**Resultatmål 3.2.1.5.2.1****Rapportere på**

Vurdering av effekt på klimagassutslipp, samt mål og tiltak for å redusere klimagassutslipp og energibruk, skal finnes igjen i alle relevante planer og vedtak etter plan- og bygningsloven og annet lovverk.

Vurdering av effekt på klimagassutslepp, og mål og tiltak for å redusera klimagassutslepp og energibruk, finst enno ikkje i alle relevante planar og vedtak etter plan- og bygningslova og anna lovverk. Men det er sterkt aukande medvit om klimautfordringar, og Fylkesmannen i Rogaland bidrar til dette gjennom eigne vedtak etter forureiningslova, gjennom uttalar til kommunale planer, og gjennom generell informasjonsverksemelding og kontakt med kommunane innan miljøvern, beredskap og landbruk.

**Resultatmål 3.2.1.5.3.1****Rapportere på**

FM har hatt dialog med kommuner og formidlet relevant kunnskap og informasjon, blant annet om nasjonale og fylkesvise klimaframkrivinger og den nye nettsiden klimatilpassing.no

Fylkesmannen har bistått NVE i arbeidet med klimaprofil for Rogaland. Den vart lansert tidleg på nyåret 2017 i Fylkestingsmøte og med deltagning frå Fylkesmannen. Like før hadde me eit større klimaseminar med stor deltaking frå kommunane. Det vart fokusert både på å redusere utslepp og å gjøre tiltak for endra klima.

Alle overordna kommunale planar, og mange detaljplanar vert gjennomgått ut frå behov for klimatilpassing og klimautsleppseffekt. Dette er viktige moment i våre uttalar til kommunale planar.

**3.1.2.6 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktningssituasjonen**

Fylkesmannen i Rogaland har støttet nasjonale styresmakter med å spreie informasjon og med busetting av flyktningar. Embetet har vist til Barnekonvensjonen og vore kritisk til prosessane knytte til nedlegging av mottak og flytting av barn. Med utgangspunkt i kommunane sine uttalte behov har vi arrangert samlingar og konferanser og vore ein aktiv støttespelar i arbeidet med busetting og etablering av opplæringstilbod.

I tillegg til Utdanningsdirektoratet si samling om nykomne flyktningar i november, har Fylkesmannen i Rogaland arrangert samlingar om særskilt språkopplæring og om introduksjonslova. På bakgrunn av innspeil frå kommunane har embetet arrangert fleire fagdagar om einslege mindreårige med tema som busetting, inkludering, opplæring og helse, i tillegg til konferanse om busetting av asylsøkarar og dialogsamling med erfaringsdeling og utfordringar.

Embetet har faste møte i ei flyktninggruppe med representantar frå fleire avdelingar. Her blir fagavdelingane og embetsleiinga orienterte og oppdaterte om status og utfordringar på opplæringsområdet, helse og verjemål, noko som gjer kontaktfelta mot kommunane stor. På denne måten får ein raskt tak i små og store utfordringar og regelbrot, og kan raskt avklare og hjelpe kommunane.

Busetting av flyktningar er tema i møte med kommunane i fylket som deltek i bustadsosialt velferdsprogram. Her møter Fylkesmannen, Husbanken, IMDI og Bufetat desse kommunane og kan bidra med tilskott, kompetanse og rettleiing når det gjeld busetting og integrering. Kommunane i Rogaland tek i stor grad imot og busetter i tråd med anmodninga frå IMDI. Fylkesmannen har og anmoda kommunane om busetting både i møter med rådmenn og ordførarar og i eigne samlingar. Det har vore halvårlege møter mellom IMDI og regional stat om status for busettingsarbeidet og IMDI har hatt innlegg om integreringstilskott mv på den årlege tilskottskonferansen til fylkesmannen.

Det har i 2016 vore ei utfordring at det har kome reduksjon i anmodningstala frå IMDI etter at kommunane var klare til å busette. Når de gjeld einslege mindreårige som kun får opphaldsloye for eit år om gongen, skaper dette og utfordringar med korleis busette desse på ein god måte. Fylkesmannen er redd for at ei slik kortvarig avkláring kan føre til at dei unge einslege mindreårige ikkje vert integrert i varig buområde og at kommunane i mindre grad legg forholda til rette for å følge opp rett til utdanning, aktivitet, helse mv. Vi er bekymra for at ein livssituasjon med ustabilitet knytt til framtid, kan føre til auke i psykiske vanskar og manglende integrering.

Fylkesmannen i Rogaland vurderer på bakgrunn av dette at embetet har god målloppnåing i arbeidet med flyktningssituasjonen.

**Resultatmål 3.2.1.6.1.1****Rapportere på**

Andel flyktninger som er bosatt innen 6 mnd. etter at vedtak om opphold i Norge eller reisetillatelser er gitt: 55 % av IMDIs totale bostettingsanmodning til kommunene i fylket. Resterende andel skal være bosatt innen 12 måneder.

Sjå punkt 3.1.2.6

**Resultatmål 3.2.1.6.1.2****Rapportere på**

Andel enslige mindreårige som er bosatt: 100 % av IMDIs totale bostettingsanmodning til kommunene i fylket.

Sjå punkt 3.1.2.6

**3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene**

### 3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling

**Byggesak:** Vi har erfarene og kompetente medarbeidere, som veileder kommunene fortløpende og har arrangert byggesakskonferanse, med nærmere 100 deltagere. Vi opplever at kommunane har stort behov for rettleiing på grunn av mange endringer i loven.

**Kommunelov/inndelingslov:** Vi har hatt samling for kommunane om utforming av delegasjonsreglement. Kommunane etterspør ofte rettleiing innanfor kommunelova og inndelingslova.

**Offentleglova:** Vi tok initiativ til og gjennomførte samling for medarbeidrarar hos fylkesmennene i vest og sør, og eigne tilsette.(totalt ca 70 deltararar).

Innanfor barnehage- og utdanningsområdet viser resultatløftet at kommunane i Rogaland er noko mindre nøgde i 2016 enn i 2015. Rett nok er utvalet så lite at tala ikkje er signifante. I innanfor skoleområdet er kommunane sine svar på alle dei fire områda rettleiing, kontroll, tilsyn og klagebehandling samla i eitt tal. Det er difor vanskeleg å gi ei vurdering på bakgrunn av desse tala.

Fylkesmannen i Rogaland ønskjer å ha god kvalitet i arbeidet vi gjer. Når det gjeld tilsyn, viser dei tilbakemeldingane vi får, at kommunane meiner tilsynet er til god hjelp. Utdanningsdirektoratet si metodehandbok, verktøyet Reflex og det auka fokusset på rettleiing i samband med tilsyn, er viktige årsaker til dette. Vi opplever derimot, som naturleg er, at kommunane ikke er svært nøgde når dei får varsel om pålegg eller pålegg om retting.

Når det gjeld rettleiing om regelverket, er også tilbakemeldingane vi får i hovudsak positive. Vi har god deltaking på samlingar vi arrangerer, vi har mange besøk på heimesida vår, vi har stor pågang på telefon og epost og vi er etterspurte på plandagar, i nettverka og på andre samlingar som kommunane sjølv har.

Kommunane er rimelegvis ikkje alltid nøgde når klagar får medhald i klagesaker. Det er eit mål at kommunane skal vere nøgde med kvaliteten i klagebehandlinga vår, i dette arbeidet er vi meir opptatt av å sikre borgarane sine rettar enn at kommunane er nøgde.

#### Resultatmål 3.3.1.1.1

##### Rapportere på

Minimum 2 tilsyn i hvert fylke per år.

Fylkesmannen i Rogaland har pilotert nytt tilsynsistema - individuell plan etter § 6 og § 19 første ledd etter introduksjonslova. Vi valde ein stor og ein mindre kommune (Sandnes og Eigersund) til piloteringa for å kunne vurdere om kommunestørleiken gav forskjell i handteringen av individuell plan. Dette vart gjort etter tilbakemeldingar frå mindre kommunar om at dei strevar med å gjere arbeidet sitt med introduksjonsprogrammet synleg for kommunaleiinga, og heller ikkje får nok ressursar. Vi planla å ha eit stadleg og eit skrifteleg tilsyn for å kunne vurdere om metoden ville gi ulik grad av informasjon og dermed grunnlag for å konkludere i tilsynet. Vi erkjende tidleg at det ikkje var råd å få svar på nokre av kontrollspørsmåla utan å ha stadleg tilsyn. Funn og erfaringar i piloteringa er presentert på fylkesmannssamlingar med IMDi.

Vi oppmodar Justisdepartementet til å vurdere om ressursane til dette arbeidet kan styrkast, slik at det blir rom for å gjennomføre stadlege tilsyn.

#### Resultatmål 3.3.1.1.2.1

##### Rapportere på

Det enkelte embetets omfang av tilsyn skal opprettholdes på samme nivå som i 2015, jf. retningslinjer og aktivitetskrav i VØI.

Aktivitetskravet for barnehage- og opplæringsområdet i 2015 og 2016 var 16 poeng på barnehageområdet og 44 poeng på opplæringsområdet. I 2015 oppnådde utdanningsavdelinga 15 poeng på barnehageområdet, det same skjedde i 2016. Grunnen til dette er utdanningsavdelinga gjennomførte fem 3-poengstilsyn på barnehageområdet, noko som inneber eit avvik på 1 poeng frå aktivitetskravet på barnehageområdet. Utdanningsavdelinga såg det ikkje tenleg å gjennomføre eit skrifteleg 1-poengstilsyn for å tilfredsstille aktivitetskravet på 16 poeng.

På opplæringsområdet har utdanningsavdelinga gjennomført FNT i samsvar med aktivitetskravet for 2015 og 2016. Totalt blei det gjennomført tilsyn på opplæringsområdet tilsvarende 45 poeng.

Samla sett meiner vi målet er nådd.

#### Resultatmål 3.3.1.1.3.1

##### Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens tilsyn skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015 [1].

[1] jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2015, Rapport 19/2015 NIFU»

Tilsyn: 72 prosent av de spurte skoleeierne svarer at de i svært stor grad eller i stor grad opplever virkemiddelet tilsyn som viktig.

På barnehageområdet har det vore ein liten nedgang i tilfredsheit frå 2015 til 2016. Vi har ført tilsyn på same måte og innafor same lovområde begge åra, og vi har ikkje grunnlag for å vurdere kva nedgangen kan skuldast.

På opplæringsområdet går det fram av *Spørsmål til Skole-Norge våren 2016* at skoleeierne svar angående virkemidler er i hovedsak lik svarene i fjor. Vi vil her legge til at tilbakemeldingar frå skoleeigarar i samband med tilsyn gir oss grunn til å tru at dei opplever tilsyna som relevante og eigna til å sikre korrekt regelverksettelseining. Dette gjeld særskilt det felles nasjonale tilsynet der det er stor grad av læringsfokus.

#### Resultatmål 3.3.1.1.4.1

**Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens klagesaksbehandling skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015 [1].

[1] jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2015, Rapport 19/2015 NIFU»

Klagesaksbehandling: 52 prosent av de spurte skoleeierne svarer at de i svært stor grad eller i stor grad opplever virkemiddelet klagesaksbehandling som viktig.

Jf, «Spørsmål til barnehage – Norge høsten 2015», Trøndelag Forskning og Utvikling.

Kommunane/barnehagemyndigheten er i mindre grad tilfredse med klagebehandlinga vår i 2016 (3,20) enn landsgjennomsnittet for 2015 (3,63).

Fylkesmannen i Rogaland har i 2016 hatt ei reduksjon i talet på klager etter barnehagelova. Saksbehandlingstida for saker om finansiering av private barnehagar har vore kortare enn tidlegare år (ca 4 veker). Vi har ikkje grunnlag for å vurdere kvifor kommunane ev er mindre nögde i 2016 enn i 2015.

Det ligg ikkje føre tal som direkte seier noko om kor tilfreds skoleeigarar er med klagesaksbehandlinga i Rogaland. Derimot er det tal for skoleeigarar si samla vurdering av virkemidla til Fylkesmannen. Rett nok er tala så små at dei ikkje kan reknast å gi uttrykk for ein signifikant variasjon. Tala viser at Fylkesmannen i Rogaland (3,1) ligg under landsgjennomsnittet (3,6). Det er uråd å gi noko vurdering av kvifor vi får denne skåren.

**Resultatmål 3.3.1.1.5.1****Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens veiledning om regelverket skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015.

Barnehage:

Kommunane/ barnehagemyndigheten er i noko mindre grad tilfredse med vår rettleiing om regelverk i 2016 (3,60) enn landsgjennomsnittet for 2015 (3,75).

Fylkesmannen i Rogaland har i løpet av 2016 gjennomført regelverksamlinger for kommunane og gått igjennom nytt regelverk i barnehagelova. Vi har også hatt samlinger der regelverket om spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging av barnehagetilbodet har vore tema. Kommunane opplever dei nye oppgåvene som utfordrande, særleg plikta til å fatte vedtak om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne. For PPT har det vore eiga samling om nytt regelverk og nytt mandat. I tillegg har vi hatt samling med ny tilsynsheimel for Fylkesmannen overfor barnehagane som tema.

I tillegg til ordinære regelverksamlinger, deltar vi i kommunane sine nettverksmøte med informasjon og rettleiing.

Grunnopplæring:

Det ligg ikkje føre tal som direkte seier noko om kor tilfreds skoleeigarar er med rettleiinga om regelverket i Rogaland. Derimot er det tal for skoleeigarar si samla vurdering av virkemidla til Fylkesmannen. Rett nok er talet på respondentar så lite at det ikkje gir uttrykk for ein signifikant variasjon. Tala viser at Fylkesmannen i Rogaland (3,1) ligg under landsgjennomsnittet (3,6). Vidare viser tala i kva grad kommunane opplever Fylkesmannen som ein viktig medspelar. Her ligg også Rogaland under landsgjennomsnittet med 3,1 mot 3,8 for heile landet. Fylkesmannen viser likevel til at vi i 2016 har hatt mange samlinger og treffpunkt med kommunane der formidling og rettleiing om regelverk har vore tema. Desse har vore svært godt besøkte, og tilbakemeldingane frå kommunane har vore gode. Døme på tema i slike samlinger er spesialundervisning, opplæringsplikta for barn i institusjon, bruk av makt og tvang, rett og plikt til særskilt språkopplæring. Elles blir det sjølvsagt informert nøy om regelverket i samband med tilsyn.

Som nemnt annan stad i rapporten, har vi kontakt med kommunane om kva tema som er dei mest aktuelle for regelverksamlinger, og vi stiller også opp med innlegg i kommunane sine eigne arrangement så langt vi har ressursar til det.

Samla sett meiner vi at måloppnåinga vår er god.

**Resultatmål 3.3.1.1.6.1****Rapportere på**

Andel klagesaker som er behandlet innen 12 uker: 100%.

Sjå tabelldata**Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 37 %	63 %	375	235

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var i 2016 på 2,9 mnd.

**Resultatmål 3.3.1.1.6.2****Rapportere på**

Andel klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, som er behandlet innen 6 uker: 100%.

Sjå tabell.

**BOBY - Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	- 25 %	75 %	4	3

**Resultatmål 3.3.1.7.1****Rapportere på**

Andel ekspropriasjonssaker i førstinstans eller som klageinstans på plan- og bygningsrettens område, som er behandlet innen 12 uker: 100%.

Det er behandla 6 ekspropriasjonssaker. 5 saker er behandla innanfor fristen på 12 veker.

**3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning**

Forvaltningskontrollane viser at kommunane i all hovudsak følgjer gjeldande regelverk i saksbehandlinga. Vi finn likevel grunn til å nemne at vårt intrykk er at kommunane ikke i tilstrekkelig grad følger opp gjeldande rundskriv i saker som gjeld avkortning. Kommunene vurderer avkortning, men i litt for mange saker konkluderer dei med at det ikkje skal avkortast i saker der Fylkesmannen opplagt meiner det burde vore avkorta. Vi ser også at det er mange kommunar som retter i søknadsdata utan å dokumentere rettingane i tilstrekkelig grad.

**Resultatmål 3.3.1.2.1.1****Rapportere på**

Gjennomført kontroll av foretak i henhold til kontrollplan.

Husdyrkonsesjon er fulgt opp i henhold til plan.

**Kontroll av foretak i samsvar med kontrollplan**

Foretak	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
Leif Erik Nord-Varhaug og Ruth Marie Nord-Varhaug i Hå	Husdyrkonsesjon	Stedlig kontroll etter informasjon fra kommunen i desember 2015; far og dotter har drevet med svineproduksjon på samme eiendom i 8 år; produksjonen til datter ble disse årene registrert på en forpakta naboeiendom, men i praksis har denne produksjonen foregått på eiendommen til faren.	Det er på slutten av 2016 gjort vedtak om kr 2.366.100 i standardisert erstatning. Vedtaket er pålagt. Denne saken gjelder også driftsfellesskap hvor vi nylig har gjort vedtak.
Åsbjørn Høyland, Hå Johnny Håland, Hå Gunnar Pollestad, Klepp Ståle Risa, Time Børge Næss, Strand	Husdyrkonsesjon	Dokumentkontroll av 17 foretak basert på 2-årsregelen for 2014 og 2015. Avvik for 5 av foretakene, og disse er ført opp i denne tabellen.	Standardisert erstatning for disse 5 foretakene på i alt kr 131.900.
22 foretak med dokumentkontroll	Husdyrkonsesjon Dokumentkontroll for 2015, og vil etter 2-årsregelen bli følgt for 2016. Eventuelle avvik vil komme i rapporten for 2017.		

**Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon**

Bekrefter at kontroll er gjennomført, det er innhenta opplysninger utover det som er tilgjengelig i eigne systemer i ein sak. 17 foretak er fulgt opp etter kontroll i 2015 og 2014, 22 foretak sal følgjast opp i 2017. Det er gjennomført stedlig kontroll i sak på svin etter informasjon fra kommunen i desember 2015; far og datter har drevet med svineproduksjon på samme eiendom i 8 år; produksjonen til datter ble disse årene registrert på en forpakta naboeiendom, men i praksis har denne produksjonen foregått på eiendommen til faren. Det er på slutten av 2016 gjort vedtak om kr 2.366.100 i saken med far/datter og produksjon på samme eiendom, og vedtaket er pålagt. I tillegg er det etter dokumentkontroll basert på 2-årsregelen for 2014 og 2015, gjort vedtak i 5 saker med i alt kr 131.900. Ingen er ilagt standardisert erstatning på grunn av driftsfellessksp og ingen under arbeid.

**Resultatmål 3.3.1.2.1.2****Rapportere på**

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20 pst. av kommunene.

Fylkesmannen gjennomførte forvaltningskontroll i 27 % av kommunane i 2016.

**Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20% av kommunene**

Kommune	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
Hå	Produksjonstilskot – stadleg kontroll	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avvik 1 Søknadsomgangen august 2015 gjennomførte ikke kommunen stadleg kontroll innan fastsett frist.</li> <li>• Avvik 2 Kommunen gir ikke søkjar skrifleg førehandsvarsling i saker der kommunen vurderer avkorting i tilskotsbeløpet.</li> <li>• Avvik 3 Kommunen har unnlatt å gjennomføre tilstrekkelege undersøkingar og har godkjent søknader der det var indikasjonar på tilhøve i strid med gjeldande regelverk.</li> </ul>	Kommunen har gitt tilbakemelding på at rutinane er endra i tråd med regelverket.
Eigersund	Felles kontor med Sokndal kommune. Stadleg kontroll Produksjonstilskot og RMP	Regionalt miljøprogram • Avvik 1 Kommunen har ikke rutine for å gjøre skriftlige vurderinger av avkorting i tilskuddet ved feilopplysninger i søknaden. Produksjonstilskudd • Avvik 2 Kommunen har ikke vurdert avkorting i alle saker der det er gitt feilopplysninger som kunne gitt merutetaling, og vurderingene er ikke alltid skriftlige.	Kommunen har gitt tilbakemelding på at rutinane er endra i tråd med regelverket.
Forsand	Stadleg kontroll • Produksjonstilskot i jordbruket • Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP) • Forvaltning av ordningar på skogområdet • Generell saksbehandling	Produksjonstilskot • Avvik 1 Kommunen har ikke sendt skriftleg grunngjeving til søkerne med kopi til FM i ein sak der tilskotet er avkorta for manglende gjødslingsplan. • Avvik 2 Kommunen har ikke sendt inn liste PT-4100 B med grunngjeving for kvifor PT ikke er avkorta. RMP • Avvik 3 Kommunen har ikke sendt skriflege vedtak til søkerar som har fått søknaden sin avvist. • Avvik 4 Kommunen har ikke rutine for å vurdere avkorting ved feilopplysningar som kunne ført til feilaktig meirutbetaling. • Avvik 5 Kommunen har godkjent to søknader på bratt areal der arealet i sum var under 15 dekar • Avvik 6 Kommunen har godkjent tre søknader på biologisk mangfald til areal som ikke er registrert i Naturbasen. Generell saksbehandling • Avvik 7 Kommunen har ikke gode nok rutinar for å følge opp habilitetskrava i forvaltningslova.	Kommunen har gitt tilbakemelding på at rutinane vil bli endra i tråd med gjeldande reglar.
Randaberg	• Produksjonstilskot i jordbruket • Oppdatering av gardskart	Produksjonstilskot • Avvik 1 Kommunen har ikke eit godt nok system for arkivering av PT søknadene. • Avvik 2 Kommunen har ikke vore heilt konsekvente med å bruke merknadsfeltet i Wespa når søknadsdata er endra. Gardkart • Avvik 3 Kommunen har ikke oppdatert AR5 i 2015.	Frist for kommunen med å komme med tilbakemelding er 1. februar 2017.
Hjelmeland	• Forvaltning av ordningar på skogområdet • Produksjonstilskot i jordbruket	Ordningar på skogområdet • Avvik 1 Foryngingsplikta er ikke følt opp i samsvar med regelverket Produksjonstilskot • Avvik 2 Kommunen har ikke god nok rutine for å følge opp saksbehandlarrundskrivet pkt. 10.5.2 når dei etter stadleg kontroll rettar i søknader slik at søker får meir enn det er søkt på.	Frist for kommunen til å komme med tilbakemelding er 10. mars 2017.
Bjerkreim	• Tilskot til avløysing sjukdom mv. • Produksjonstilskot i jordbruket • Tilskot etter Regionalt miljøprogram • Forvalting av nydyrkingsaker	Endelig rapport ikke ferdig	

**Resultatmål 3.3.1.2.1.3****Rapportere på**

Andel avvik avdekket under kontroll som er fulgt opp: 100 %

100% i dei kommunane som fristen har utløpt.

**3.1.3.3 Befolkingen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester**

Innbyggjarane sin tillit til tenestene og ivaretaking av retten til forsvarlege og naudsynte tenester er ei av hovudoppgåvene til helse, sosial og barnevernsavdelinga.

Nokre av vekemidla for å oppnå dette målet er klagesakshandsaming og planlagde tilsyn. Avdelinga har hatt eit krevjande år på grunn av store utskiftingar i leiinga, og utskifting av helsepersonell i avdelinga.

Sakshandsamingstida ligg over måltall, og talet på gjennomførte systemrevisjonar ligg under måltalet. Ein har hatt fokus på å gjennomføre dei rette tilsyna, basert på ei risikovurdering, og prioritere dei klagesakane som betyr mest for enkeltpersonar si rettstryggleik.

Avdelinga har valt å prioritere å vere tilgjengelig for enkeltpersonar og personell i helse-, sosial og barnevernstenesta som treng råd og rettleiing, og deltar på ei lang rekje møte og samhandlingsarenaer for å støtte opp om kvalitet i tenestene.

**Resultatmål 3.3.2.1.1.1****Rapportere på**

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale barneverntjenester: 3 per fylke. Dette innebærer 6 revisjoner for FMOA og FMAV (3 per fylke).

**8 eigenvurderingstilsyn i kommunane:** Sauda, Hjelmeland, Haugesund, Strand, Stavanger, Randaberg, Karmøy, Vindafjord

Tema: Kommunen sitt arbeid med meldingar til barnevernenesta og tilbakemelding til meldar.

## Sentrale funn:

- Dei fleste kommunane dokumenterer ikkje dei barnevernfaglege vurderingane av meldingar om bekymring godt nok.
- Fleire kommunar melder ikkje attende til meldar om motteke melding innan frist
- Fleire kommunar gav ikkje offentleg meldar attende innan frist etter endt undersøking.
- Flere kommunar vurderte ikkje om det var naudsyn å gi offentleg meldar tilbakemelding om kva tiltak som var/skulle iverksettast

Dei fleste kommunar avdekkja lovbroet, det var berre ein kommune som ikkje fann noko lovbroet.

Oppfølginga av alle kommunane er ennå ikkje avslutta.

## 1 systemrevisjon i Tysvær kommune

Tysvær:

Tema: Kommunen sitt arbeid med meldingar og tilbakemelding til meldar.

Kommunen fekk eit avvik frå lovkrav: Tysvær kommune oppfyller ikkje plikta til å gi tilbakemelding til offentleg meldar etter avslutta undersøking.

Kommunen utarbeida ny rutine og sjekklister i etterkant av tilsynet. Kommunen sette og evalueringsdata for å kontrollere at tiltaka fungerte som tenkt.

Fylkesmannen avslutta tilsynet i juni 2016.

Systemrevisjonar er gjennomført i henhold til resultatmål

### Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale barnevernstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
3	0	3

8 eigenvurderinger er vekta som 2 systemrevisjonar

#### Resultatmål 3.3.2.1.2.1

Rapportere på

Andel nye tvangstiltak regulert i godkjente vedtak som er fulgt opp med stedlige tilsyn: 100%.

1 nytt vedtak er fulgt opp med stadleg tilsyn. Vi har ingen oversikt over kor mange førstegangsvedtak som kom inn. Tilsyna blir prioriterte etter ei risikovurdering.

#### Resultatmål 3.3.2.1.2.2

Rapportere på

Antall stedlige tilsyn i hvert embete skal økes sammenlignet med 2015.

Vi gjennomførte 12 stadlege tilsyn i 2016. Dette er same antall som i 2015. Årsak til at det ikkje er ei auke er kapasitetsproblem.

#### Stedlige tilsyn etter kap. 9

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat	Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2015	Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2016
101 %	- 1 %	100 %	12	12

Om resultatmål på 100 % er ei auke i tall på stadlege tilsyn, er ikkje målkravet nådd

#### Resultatmål 3.3.2.1.3.1

Rapportere på

Fylkesmannen skal ha tatt kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale.

Fylkesmannen var på 66 tilsynsbesøk til ulike barneversinstitusjonar og på 3 tilsynsbesøk til eit omsorgssenter i Rogaland i 2016. Barna/ ungdommane får tilbod om å snakke med oss om sin kvardag og korleis dei har det. Vi har det siste året i tillegg hatt tema for tilsyna. Mellom anna bruk av tvang i institusjonen og retten til medbestemming. 98 prosent av barna/ ungdommane i barneversinstitusjonar og 100 prosent av barna/ ungdommane på omsorgssenter fekk tilbod om samtale.

Vi går på tilsyn på ettermiddagen.

#### Resultatmål 3.3.2.1.3.2

Rapportere på

Fylkesmannen skal ha gjennomført samtale med alle barn som ønsker det.

Vi gjennomfører alltid samtale med alle barna/ ungdommane som ønsker å snakke med oss. Det var 58 prosent i barneversinstitusjonar og 100 prosent i omsorgssenter gjennom 2016 som ønska ein samtale.

I tillegg har fleire tatt kontakt mellom tilsynsbesøka. Vi har snakka med barna/ ungdommane mellom tilsynsbesøka på telefon og fulgt opp dei problemstillingane dei har tatt opp med institusjonen og vidare på neste tilsynsbesøk.

**Resultatmål 3.3.2.1.4.1****Rapportere på**

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre.

På sosialområdet prioritert råd og rettleiing framfor tilsynssaker, og ein opnar tilsynssaker der ein ser at einskilde kommunar eller kontor ikkje klarar å endre eigen praksis. Saksbehandlingstida vil då gjerne bli lang fordi det gjerne er naudsynt å innhente mykje informasjon og uttaler frå verksemda. Ein jobbar likevel med å få ned saksbehandlingstida.

På helse og omsorg ber tala preg av ein situasjon med stor utskifting av helsepersonell i avdelinga, og lågare saksbehandlingskapasitet, men situasjonen er betra frå hausten 2016 og vil framleis vere i betring utover i 2017.

**Andel tilsynssaker behandlet innen 5 måneder**

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Helse/omsorg	50 %	- 8 %	42 %
Sosial	50 %	- 17 %	33 %

**Resultatmål 3.3.2.1.4.2****Rapportere på**

Avslutning av klagesaker: minst 90 prosent innen 3 måneder eller mindre.

På sosialfeltet har avdelinga lagt ned ein stor innsats på å betre saksbehandlingstida og arbeiar svært målretta for å halde saksbehandlingsfristane.

På helse- og omsorg ber resultatet preg av manglande personalressursar i 2016, med stor utskifting av helsepersonell i avdelinga. Sakane er blitt risikovurdert for å handsama sakene med storst fare for rettstryggleiken til den einskilde først.

Det er gjort interne omprioriteringar i embetet som har gitt ein betring mot slutten av 2016 som vil fortsetta i 2017.

**Saksbehandlingstid - Avslutning av klagesaker**

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Helse/omsorg	90 %	- 20 %	70 %
Sosial	90 %	- 4 %	86 %

**Resultatmål 3.3.2.1.4.3****Rapportere på**

Andel vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemming som er overprøvd innen 3 måneder: 100%

41 % (53 vedtak) blei behandla innan 3 mnd.

Det kom inn 181 vedtak i 2016, men vi har eit etterslep frå år til år. 137 vedtak blei overprøvd.

**Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt**

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
100 %	- 59 %	41 %

**Resultatmål 3.3.2.1.4.4****Rapportere på**

Andel søknader om dispensasjon fra utdanningskrav som er behandlet innen 3 måneder: 100%

Vi har ingen oversikt over antall søknader om dispensasjon for 2016. Dette er eit nytt punkt i nestorrapportering frå 2017. I dei fleste vedtak ligg det ein dispensasjonssøknad vedlagt, og desse blir behandla samstundes som vedtaket vert overprøvd. 41% (53 stk) av vedtaka i 2016 vert behandla innan 3 månader.

**Resultatmål 3.3.2.1.5.1****Rapportere på**

Andel ajourførte tilsyn (planlagte og gjennomførte) og saker i NESTOR per 31.12, 30.4. og 31.8.: 100%

Alle tilsyn gjennomført i 2016 er registrert i Nestor.

**Resultatmål 3.3.2.1.6.8**

**Rapportere på**

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester: 22

Avdelinga har ikkje klart å oppnå resultatmålet på systemrevisjonar med kommunale helse- og omsorgstjenester i 2016.

22 er et høgt tal og ein har i år etter år rapportert at dette ikkje vil vere mulig å få gjennomført med dagens ressursituasjon, som ikkje står i forhold til talet på kommunar og folketalet i fylket. Avdelinga har eit avgrensa tal på utdanna revisjonsleiarar og revisorar, og når det gjennomførast fleire tilsyn enn måltal i dei regionale tilsyna med spesialisthelsetenesta, og avdelinga i tillegg har ein landsdekkande funksjon på å føra tilsyn med helsetenesta i petroleumsverksemda, klarer me ikkje å fylle måltala også i kommunehelsetenesta.

Ein prioritiserer enkeltsakar framfor systemrevisjoner.

2016 har vært spesielt då ein har hatt utskifting på helsepersonellsida og i avdelingsleiinga, så situasjonen ser betre ut for 2017, men ein forventar ikkje full måloppnåing på dette punktet.

**Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester**

Resultatmål	Differanse	Resultat
22	- 14	8

**Resultatmål 3.3.2.1.7.5****Rapportere på**

Fordelingen av tilsyn med spesialisthelsetjenesten på hvert embete: 4.

Det er gjennomført 6 tilsyn med spesialisthelsetenesta i 2016, to tilsyn meir enn måltall. Dette påverkar måloppnåinga på antall tilsyn med kommunehelsetenesta.

**Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med spesialisthelsetjenesten**

Resultatmål	Differanse	Resultat
4	2	6

**Resultatmål 3.3.2.1.8.6****Rapportere på**

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester: 7.

Vi har gjennomført landsomfattande tilsyn med tema: opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til personar mellom 17 og 23 år.

1 tilsyn med Klepp kommune blei utført som systemrevisjon. Det blei funne to avvik.

10 kommunar deltok i eigenutvurdering: Sandnes, Vindafjord, Time, Sokndal, Randaberg, Haugesund, Tysvær, Hå, Sola og Gjesdal.

Alle kommunane fann avvik.

I løpet av 2015 og 2016 har vi gjennomført eigenutvurdering eller systemrevisjon i alle kommunar i fylket, med unntak av dei fire minste, som ikkje har brukarar som mottekt tenester på det tilsette området.

**Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester**

Resultatmål	Differanse	Resultat
7	- 3	4

**3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende**

Me har greidd målet om at 80% av vedtaka om oppretting av verjemål for vaksne skal vere fatta innan 2 månader.

Målet om at 90% av vedtaka om oppnemming av representant for einsleg, mindreårig asylsøkar skal vere fatta innan 5 dagar, har vi greidd å nå. Likevel er vi overtydde om at dei mindreårlige har vore godt ivaretatt, om enn nokre få dagar meir enn målkravet.

Fylkesmannen hadde i alt åtte verjemål som blei ført vidare på bakgrunn av umyndiggjeringslova. Alle desse blei innan 1.7.2016 nøyde gjennomgått med tanke på vidareføring. I sju av desse sakene blei det vurdert som tilstrekkeleg med mindre inngrippande tiltak slik som ordinært verjemål i kombinasjon med frivillig kredittsperre. I det siste tilfellet blei det reist sak om frataking av den rettslege handleevna.

Datakvaliteten i verjemålsapplikasjonen (VERA) er i kontinuerlig forbetring ved at saksbehandlarane, dersom dei oppdagar feil eller manglar, rettar opp eller føyer til det som manglar, ev. melder frå til ein av superbrukarane. Vi har følgt retningslinene frå SRF gjennom heile året, slik at verjemålsregisteret skal bli så fullstendig og korrekt som mulig.

Me har hatt fokus på halde saksbehandlingstida som er fastsett, på frigjering av kapital og verjegodtgjøring. Me har prioritert gjennomgang av verjereknskap og har full måloppnåing.

Som ledd i arbeidet for likare behandling og auka rettstryggleik for personar med verje, har vi gjennomført individuelle samtalar med dei faste verjene og arrangert samlingar for dei og representantane våre. Rekruttering av verjer og representantar held fram kontinuerleg for å sikra at behovet vert dekt ved etterspurnad. Alle nye faste verjer og representantar blir innkalla til individuelle samtalar hos Fylkesmannen. Når det gjeld kurs/samling for alminnelege verjer, har vi ikkje lukkast med å nå målet i 2016, men vi har planlagt samlingar for denne gruppa tre stader i fylket i 2017.

Vi har begynt arbeidet med å innarbeide Barnekonvensjonens - bestemmelser om "Barns rett og bli hørt" i maler som gjeld mindreårige innanfor verjemål.

**Resultatmål 3.3.3.1.1.1****Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi alle nye oppnevnte verger og representanter opplæring i form av kurs og/eller individuelle samtaler.

Som ledd i arbeidet for likare behandling og auka rettstryggleik for personar med verje, har vi gjennomført individuelle samtalar med dei faste verjene og arrangert samlingar for dei og representantane våre. Rekruttering av verjer og representantar held fram kontinuerleg for å sikra at behovet vert dekt ved etterspurnad. Alle nye faste verjer og representantar blir innkalla til individuelle samtalar hos Fylkesmannen. Når det gjeld kurs/samling for alminnelege verjer, har vi ikkje lukkast med å nå målet i 2016, men vi har planlagt samlingar for denne gruppa tre stader i fylket i 2017.

**Resultatmål 3.3.3.1.1.2****Rapportere på**

Alminnelige og faste verger skal ha tilbud om å delta på minst ett kurs/samling for verger i løpet av året.

Mål nådd for faste verjer, men ikke for alminnelege verjer. Sjå punkt 3.3.3.1.1.2.

**Resultatmål 3.3.3.1.2.1****Rapportere på**

*Opprett vergemål* – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 2 måneder.

Vi har greidd målet om at 80% av vedtaka om oppretting av verjemål for vaksne skal vere fatta innan 2 månader.

**Saksbehandlingstid - Opprett vergemål, andel vedtak fattet innen 2 måneder**

Resultat	Resultatmål	Differanse
84 %	80 %	4 %

**Resultatmål 3.3.3.1.2.2****Rapportere på**

*Oppnevning av representant for enslig mindreårig asylsøker* – 90 % av vedtakene skal være fattet innen 5 dager.

Målet om at 90% av vedtaka skal ha oppnevnt representant for einsleg mindreårig innan 5 dagar, har vi ikkje greidd å nå. Likevel er vi overtydde om at dei mindreåriga har vore godt ivaretatt. Saksbehandlingstida har vore nokre fleire dagar, enn ønskeleg.

**Saksbehandlingstid - Oppnevning av representant for enslig mindreårig asylsøker, 90% innen 5 dager**

Resultat	Resultatmål	Differanse
28 %	90 %	- 62 %

**Resultatmål 3.3.3.1.2.3****Rapportere på**

*Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital* - gjennomsnittlig saksbehandlingstid ikke over 4 uker.

Vi har full måloppnåing til bruk av kapital.

**Saksbehandlingstid - Samtykke til bruk av kapital, snitt ikke over 4 uker**

Resultat	Resultatmål	Differanse
10	28	18

**Resultatmål 3.3.3.1.2.4****Rapportere på**

*Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter* - gjennomsnittlig saksbehandlingstid ikke over 6 uker.

Vi har full måloppnåing for godtgjøring og utgiftsdekning til verjer og representantar.

**Saksbehandlingstid - Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter, under 6 uker**

Resultat	Resultatmål	Differanse
25	42	17

**3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk****3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene**

Det er til dels store variasjonar i kompetansen i kommunane, og vi må «tett på» både med støtte og rettleiing og med kontroll i nokre kommunar. Kommunane møter oss på ulikt vis, nokre er positive og motiverte for all støtte dei kan få, medan andre helst vil greie seg sjølve og er skeptiske til kontakt frå Fylkesmannen. Forvaltningskompetanste kan vere ein kritisk variabel for å sikre rettstryggleiken, og vi prøver på ulike måtar å medverke til at denne kompetansen blir styrkt, t.d. gjennom kurs og møte. Mest halvdelen av kommunane i fylket har tilsett ny skolefagleg ansvarleg i løpet av få år, nokre utan tillegg erfaring frå tilsvarende stilling. Vi har invitert alle nye til ein «Bli kjend med Fylkesmannen»-dag, første gong i 2014 og også våren 2016, og vi er i tillegg sjølvsgatt særleg medvitne om informasjon og rettleiing til desse kommunane. I tillegg styrker vi no samarbeidet med dei tre kommunenettverka for å medverke til betre «skreddarsaum» når det gjeld informasjon og rettleiing. Vi meiner desse tiltak både gir resultat over tid og legg til rette for gode relasjoner mellom kommunane og Fylkesmannen. På kort sikt opplever vi at skolefagleg ansvarleg har låg terskel for å ta kontakt med oss.

Tilsyn er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med å medverke til god kompetanse og kvalitet i kommunane og i fylkeskommunen. Ein meir tydeleg læringsdimensjon i tilsynsarbeidet har gitt god respons, men det vart også i 2016 gitt varsel om pålegg i mest alle tilsyn. Nokre kommunar strevar med å rette, og vi har valt å vere romslege med rettleiing når det blir bede om det. Vi omtalar dette nærmere i pkt 7.3.8.8.

I grunnskolen er dei viktigaste indikatorane knytte til læringsmiljø og læringsresultat om lag som snittet for landet når vi ser fylket under eitt og over noko tid. Men variasjonane er sjølvsgatt store når vi ser kommunane kvar for seg, og konkrete indikatorar vart våren 2016 tatt opp med kvar kommune i ein besøksrunde til alle kommunane. Heile leiargruppa i embetet deltok, og vi møtte politisk og administrativ toppleiring i kommunen.

Samla sett meiner vi at kontakten mellom Fylkesmannen, kommunane og fylkeskommunen er prega av tillit og respekt, og at dette gir godt utgangspunkt for forbettingsarbeid. Det er likevel vanskeleg å peike på kva for tiltak som gir best resultat – slike vurderinger fortener forskarblikk.

**Resultatmål 3.4.1.1.1.1****Rapportere på**

Barnehageeiars, barnehagemyndighets og skoleeiars grad av tilfredshet med fylkesmannen som medspiller for kommunene, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015 [1].

[1] jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2015», Rapport 19/2015 NIFU 76 % av kommunene svarer at de i svært stor grad eller i stor grad opplever Oppvekst- og utdanningsavdelingen som en viktig medspiller for kommunen for å sikre utvikling, læring og god kvalitet i barnehagen og opplæringen.

Etter det vi kan sjå, ligg det ikkje føre noko uttrykk for landsgjennomsnitt for skoleeigarane på dette punktet for 2015, og det er såleis uråd å gi noko eigenutredning i høve til eventuelle endringar for Fylkesmannen i Rogaland her. For 2016 skårar Fylkesmannen i Rogaland lågare enn landsgjennomsnittet med 3,1 mot 3,8 for landet.

Vi er usikre på kva dette skuldast, og vi er sjølvsgatt opptekne av å «sjå oss sjølve i spegelen» for å innrette arbeidet vårt mot sektor på den mest tenlege måten. Men vi vil halde fram at det vurderingsgrummlaget som er gitt med rapportane *Spørsmål til Skole-Norge* dei to siste åra, er for lite pålitelig til at vi kan gjøre vesentlege endringar i arbeidsmåtan våre. For Skole-Norge er utval (11 kommunar) og tal på respondentar (8 kommunar) elles så lågt at det i følgje NIFU sjølv gir så små tal at dei ikkje kan rekna som uttrykk for signifikante variasjonar. Men jamm kontakt med skoleeigarane både i nettverk og i andre samarbeidsforum gir godt grunnlag for at vi stadig justerer tiltak og arbeidsmåtar innanfor dei rammene oppdraget til Fylkesmannen gir, og vi prøver etter beste evne å imøtekome ønske frå kommunane. Vi er også aktive når det gjeld å gi innspeil oppover i styringssystemet om erfaringar i sektor av statleg politikk.

For *Spørsmål til Barnehage-Norge* er utvalet alle kommunane og svarprosenten rimeleg god, så her er det betre utgangspunkt for eigenutredning. Tabell 8.1 i rapporten viser at det samla er litt færre kommunar som opplever Fylkesmannen som ein viktig medspiller for å sikre utvikling og god kvalitet i stor og svært stor grad i 2016 enn i 2015, 69,7% mot 72,1% i 2015. For Rogaland sin del er skåren for 2016 3,9, litt betre enn for 2015 og også litt betre enn snitt for landet (3,8). Vi vel å tolke dette som eit teikn på at samarbeid og arbeidsmåtar i hovudsak bør vidareførast.

**3.1.5 Gjenomførte evalueringer**

Gjenomført brukarundersøking blant ordførarar og rådmenn i Rogaland, hausten 2016. Sjå punkt 3.1.6.

**3.1.6 Særskilt om oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i Virksomhets- og økonomiinstruks****Brukarundersøking 2016**

**Brukarundersøkinga** blei gjennomført i perioden 18. august – 15. september 2016 ved hjelp av nettverktøyet *SurveyMonkey*. Målet med undersøkinga var å innhenta informasjon og synspunkt frå sentrale brukarar av embetet. Ei tilsvarende undersøking blei gjennomført i regi av Direktoratet for forvalting og IKT (Difi) i 2010.

Undersøkinga er ei oppfølging av embetsoppdraget vårt i 2016, der Kommunal- og moderniseringsdepartementet ga fylkesmennene i oppgåve å gjennomføra brukarundersøkingar. Utval og metode var valfritt i kvart embete. Fylkesmannen i Rogaland landa på ei nettbasert undersøking blant ordførarar og rådmenn i Rogaland (fylkesordførar og fylkesrådmann inkludert), slik det blei gjort i 2010. Årsaka er behovet for å sjå om utviklinga har gått i positiv eller negativ retning sidan den førre undersøkinga. Kontaktpunkta mellom kommunane og Fylkesmannen i Rogaland er sjølvsgatt langt flere i det daglege enn denne undersøkinga reflekterer. Likevel er dette ein god «temperaturmålar» som gir oss svært nyttelege tilbakemeldingar.

Av 54 potensielle respondentar, fekk me svar frå 43. Dette gir ein svarprosent på 79,6. Det er god spreiing mellom større og mindre kommunar. Det også langt meir balansert deltaking mellom rådmenn og ordførarar (fleire ordførarar har svart i 2016). Dermed reknar me undersøkinga som representativ.

**Sentrale funn i undersøkinga**

Det er ein gjennomgåande tendens at kommunane er meir nøgde med samarbeidet med Fylkesmannen i Rogaland nå enn for seks år sidan. Resultata i 2010 var ikkje urovekande, men Fylkesmannen i Rogaland kom jamt over därlegare ut enn dei fleste andre embeta i landet. Særleg viste dette seg i plansaker knytt til plan- og bygningslova. Betre og tettare dialog med kommunane i planprosessane var det mest sentrale tiltaket vårt etter 2010-undersøkinga. Tilbakemeldingane frå rådmenn og ordførarar viser større tilfredsheit med dette samarbeidet enn ved forre undersøking.

- I det siste spørsmålet (spørsmål 16) blir respondentane bedne om rangera kor fornøgde dei er alt i alt med samarbeidet med Fylkesmannen. På ein skala frå 1 til 100, der 100 er best, skårer me 74. Det må seiast å vera bra.

- Samarbeidet vårt med kommunane på planområdet er særleg viktig, men kommuneøkonomi og samfunnstryggleik kjem også høgt opp på lista nå.
- Kommunane ønskjer at me er endå meir tilgjengelege på saksbehandlarnivå.
- Me bør sjå om me klarer å få ned saksbehandlingsstida. Der skårer me forholdsvis dårlig også i 2016 (resultatet er ikkje betre enn i 2010).
- Kommunane synest me er fagleg sterke, kommuniserer klart og kjänner deira lokale forhold godt.
- Kommunane synest at me kan bli betre koordinerte mellom fagavdelingane.
- Fylkesmannen har blitt ein langt viktigare formidlar av statlege styringssignal til kommunane enn for seks år sidan.
- Kommunane er fornøgde med kursa og seminara våre, men me kan nå ut endå betre på nett og elektroniske nettenester.
- 86,5 prosent er heilt eller delvis einig i at råd og rettleiing frå Fylkesmannen er nyttig for kommunen.
- 64,9 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen har løyst oppgåva si i samband med kommunereforma på ein god måte. 13,5 prosent er delvis ueinig.

## Lærlingar

Vi har hatt ein lærling i kontorfag i 2016. Vi utvidar til 2 i 2017, dersom det er nok kandidatar.

## Internrevisjon

Vi har valt ikkje å gå inn for eigen internrevisjonsordning. Vi har likevel tilsett eigen kontroller.

### 3.2 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

#### Rapporteringskrav 7.3.1.1

##### Rapportere på

Kort beskrivelse av aktiviteten på området «Bolig for velferd»

Bustad for velferd vert implementert i allereie eksisterande møtepunkt med kommunane. For eksempel har alle nyttilsette i Nav tilbod om opplæring i sosialtenestelova. Bustad for velferd er tatt inn her. Tilskotskonferansen som er ein årleg aktivitet hadde innlegg frå Husbanken og Arbeids -og velferdsdirektoratet om blant anna bustad for velferd. Ein har gjennomført interne aktiviteter på avdelinga om bustad for velferd og veiviseren.no. Fylkesmannen har delteke i ressursgruppa knyttta til utarbeidninga av veiviseren.no.

Bustad for velferd er og tatt inn i møter og konferansar/nettverk innan opptrappingsplanen for rusfeltet.

Fylkesmannen i Rogaland er med i samordningsutvalet for bolig for velferd i region vest. Utvalet er samansett av aktuelle statlege aktørar på bustadområdet - Husbanken, IMDI , Bufetat, kriminalomsorgen, Helse Vest, Raude Krossen, Mental helse, NAV og fylkesmennene i regionen. Tiltaksplanen for bolig for velferd og tiltak i dei ulike fylka står sentralt i arbeidet. I Rogaland møter ein samla stat dei 5 programkommunane i dialog om korleis staten kan understøtte arbeidet kommunane gjer for å hindre bustadloyse, framskaffe bustader til mennesker med rus og psykiske lidningar og sette inn tenester for å oppnå mål om varig bustad. Tiltaksplanen bustad for velferd poengterer satsing på overgangar - dette har vært tema i møter med alle kommunar.

#### Rapporteringskrav 7.3.1.2

##### Rapportere på

Hvordan har FM bistått i arbeidet med å koordinere og samordne de boligsosiale tilskuddsmidlene ut mot kommunen/NAV-kontor?

Årlig konferanse om satsinger og tilskotsordninga der tema er korleis kommunane kan nytte ulike ordninger for å auke kapasitet og kompetanse. Det er fokus på koordinering og samordning av tilskott fylkesmannen forvaltar , men og aktuelle ordninger som direktorat og andre statlege aktører forvaltar. Fylkesmannen i Rogaland vel å ha felles VP for tilskott.

Det er jammleg dialog med kommunane kring samordning av tilskott.

#### Rapporteringskrav 7.3.1.3

##### Rapportere på

Hvilke kompetanshevende tiltak er gjennomført på det boligsosiale feltet?

Tilskotskonferanse med informasjon om ordninger knytt til blant anna bustadsosiale aktiviteter. Tilbod til alle kommuner.

Konferanse om integrering og busetting i samanheng med auka mottak av flyktninger. Tilbod til alle kommunar. Nettverksamling om bustadlause. Tilbod om deltaking til dei største kommunane og Husbanken sine programkommunar. Det har vore gjennomført to "Sjef i eget liv" kurs. Bolig som mål for økonomisk råd og rettleiing.

Fylkesmannen har delteke på workshop/konferanse i Eigersund og Karmøy kommune. Fylkesmannen dekkja kostnadene i Eigersund og bidro i kafedialogen.

Det blei arrangert coaching dag med Sam Tsemberis i samarbeid med Husbanken og Napha for kommunar i heile landet som har Housing First prosjekt.

Fylkesmannen deltek på alle programkommune møtene.

#### Rapporteringskrav 7.3.1.2.1

##### Rapportere på

Beskriv situasjonen for KVP i fylket, i tillegg:

- Får de som har krav på det, tilbud om program?
- Hva kjennetegner kontor som arbeider godt med ordningen?
- Hvilke utfordringer opplever FM at NAV-kontorene har i arbeidet med KVP?
- Hva er de viktigste utfordringene for FM i arbeidet med KVP?

Rogaland er, til tross for stor auke i talet på arbeidsledige og sosialhjelppsmottakarar, det fylket som har størst auke i talet på deltakarar i KVP. Dei gode KVP-tala skuldast i stor grad ein forbeta innsats i fleire av dei største kommunane. Som i tidlegare år er det stor variasjon mellom kontora i måten dei arbeider med KVP, i kva

grad ordninga blir prioritert i kontora, og om ordninga er forankra i kommuneleininga. Fylkesmannen tilrettelegg for kompetanseutvikling gjennom halvårlige nettverk på området og halvårlig opplæring av nytilette i nav-kontora.

På bakgrunn av tilsynserfaringar og statistikk på området er det fortsatt grunn til å tru at ikkje alle brukarar som har krav på KVP, får denne tenesta. Ein del blir heller ikkje motivert til å søkje om tenesta.

Kjenneteikna for dei kontora som arbeider godt med ordninga kan kort oppsummerast:

\* God forankring i leiinga, både i kontoret og kommunen. Det er og viktig at KVP er forankra i heile kontoret, ikkje berre hjå den/dei som arbeider med det.

\* Rettleiarar som enten har KVP som sitt einaste arbeidsområde, eller at nokon i kontoret har dette som sitt hovudarbeidsområde.

Dei kontora som ikkje prioriterar KVP som beskrive over, har større utfordringar på området. I tillegg kjem at situasjonen på arbeidsmarknaden, særleg i Jær-regionen gjev nav-kontora store utfordringar på andre område. Dette får konsekvensar for i kva grad KVP blir prioritert. Det er og meldt om utfordringar knytt til framskaffing av tilpassa tiltak til deltakarane. Vi ser vidare at overgangen frå KVP til arbeid er låg i Rogaland samanlikna med resten av landet.

Fylkemannen vil halde fram med å fremje kunnskap og kompetanse knytt til arbeidet med KVP gjennom opplæring og nettverk. Utfordringane i fylket som nemnt over, saman med innføring av aktivitetsplika gjer det vanskeleg for oss å krevje auka innsats frå kommunane på dette området framover.

#### Rapporteringskrav 7.3.2.1

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven.

26 kommuner i Rogaland

2 krisesentertilbud i fylket

Det ble ikke gjennomført tilsyn med krisesenterlova i 2014

Gjennomført tilsyn med Stavanger kommune som vertskommune i 2015. Tilsyn med 17 samarbeidskommuner i 2015.

Det ble ikke gjennomført tilsyn med krisesenterlova i 2016.

#### Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

<b>Totalt antall kommuner i fylket</b>	26
<b>Antall krisesentertilbud i fylket</b>	2
<b>Antall tilsyn med kommuner som er vertskommuner 2014</b>	0
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke er vertskommuner) 2014</b>	0
<b>Antall tilsyn med kommuner som er vertskommuner 2015</b>	1
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke er vertskommuner) 2015</b>	17
<b>Antall tilsyn med kommuner som er vertskommuner 2016</b>	0
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke er vertskommuner) 2016</b>	0

#### Rapporteringskrav 7.3.2.2

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på status når det gjelder tilbuddet i kommunene til voldsutsatte med problemer knyttet til rus og/eller psykiatri, voldsutsatte med nedsatt funksjonsevne og tilbuddet til voldsutsatte menn.

I Rogaland har samlege 26 kommunar eit krisesentertilbod. Kommunane er tilknytta Stavanger krisesenter og Krisesenteret i Haugesund og omegn. Tilboden er organisert i ei interkommunal løysing. Stavanger kommune er vertskommune i sør og 17 omkringliggende kommunar er ein del av IKSet. Krisesenter Vest IKS består av 17 eigarkommunar og IKSet har avdeling i Haugesund og i Stord. Det er åtte av desse kommunane som ligg i Rogaland.

18 kommunar tilknytta Krisesenteret i Stavanger:

Desse 18 kommunane har tilbod til både menn og kvinner som er i samsvar med lova. Krisesenteret i Stavanger gir eit tilbod til alle som er utsette for vald, uavhengig av bakgrunn eller eventuell tilleggsproblematikk. Dei har eigne koordinatorar med kompetanse på vald som eldre blir utsette for, valdsutsatte med utfordringer knytta til rus og psykiatri, samt valdsutsatte med minoritetsbakgrunn. Dei har også tilbod til gravide som er utsette for vald samt mennesker med funksjonsnedsetting.

6 kommunar tilknytta Krisesenteret for Haugesund og omegn:

Dei 6 kommunane som er tilknytta Krisesenter for Haugesund og omegn har eit tilbod både til kvinner og menn, men menn med barn får tilbod om å bu i hotell. Fylkesmannen i Hordaland har i tilsynsrapport datert juni 2016 konkludert med at tilboden til menn ikkje er i samsvar med gjeldande lovkrav.

Krisesenteret gir tilbod til personar som har både fysiske og/ eller psykiske plager etter mishandling. Det gjeld og valdsofre, inkludert personar med nedsett funksjonsevne. Krisesenteret gir ikkje tilbod til personar som har problem knytta til rus.

#### Rapporteringskrav 7.3.2.3

**Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser av eventuelle nedleggelse av krisesentrene eller reduksjon i tilbuddet.

Rogaland har over lengre tid hatt to krisesenter. Det er pr. i dag ikke aktuelt å nedlegge nokon av dei.

**Rapporteringskrav 7.3.2.4****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på erfaringene med gjennomføring av opplæringsprogram og antall deltakere i opplæringstilbuddet for ulike faggrupper i å samtale med barn om vold og seksuelle overgrep.

Fylkesmannen gjennomførte tre to-dagars opplæring i samtale med barn om vald og seksuelle overgrep. To av samlingane var for kommunane i sør/fylket og ein for kommunane i nord/fylket. Det var plass til 100 deltakarar pr samling i sør og 50 deltakarar på samlinga i nord/fylket, til saman 250 deltakarar i Rogaland. Vi opplever stor interesse for opplæringa og alle plassane ble nytta.

Gjennomføring av sjølve opplæringa er det RVTS som står for. Fylkesmannen har vært tilstades under opplæringane, og har stått for åpning/avslutning. Det er gode tilbakemeldinger frå deltakarane.

Faggrupper som har delteke; lærerar, tilsette i helsestasjon/skulehelseteneste og tilsette frå læringsenter, barnevernteneste, PPT, NAV, barnehage samt SLT-koordinator. I tillegg; sjukleiarar med spes. psykiatri, tilsette i fysio./ergo/hml, skulelege, og tilsette i puh., rådgjevarar ved vidaregåande skule, tilsette i tverrfaglege team og i institusjon for einslege mindreårige. Der var og tilsette ved familiens hus, i ressurscenter for barn og unge, tilsette ved krisesenter, familiesenter for psykisk helse- og rusvern og tilsette frå Fylkesmannen.

**Rapporteringskrav 7.3.2.5****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader og fattede vedtak etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigingslova i årsrapporten.

Talet på separasjonsløyve gjeve av Fylkesmannen i Rogaland i 2016 var 1035. Talet på skilsmisseløyve var 891

Fylkesmannen mottok 132 søknader etter anerkjennelseslova, og 19 søknader om fritak frå å legitimera skifte

11 søknader om fritak frå å legitimera skifte er innvilga, 6 av avsleger. 2 er ikkje ferdig handsama.

98 søknader om godkjenning av utanlandsk skilsmisses er godkjent. 2 er avsleger. 32 er ikkje ferdig handsama då det manglar dokumentasjon.

**Rapporteringskrav 7.3.2.6****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten.

Fylkesmannen i Rogaland har fatta 9 vedtak i saker etter Barnelova.

**Rapporteringskrav 7.3.2.7****Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på familiertettens område, herunder om mekling.

Vi har i 2016 mottatt mange førespurnader pr. telefon og e-post om regelverket på familiertettens sitt område. For å frigjere tid til saksbehandling har vi begrensa telefontida.

Dette gield i det vesentlege ekteskapslova med forskrifter, anerkjennelseslova, barnelova og lov om familievernkontorer.

Mange av spørsmål på ekteskapsfeltet gjeld separasjon og skilsmisses. Førespurnader på barnelovsfeltet gjeld oftest samvær og fordeling av kostnadar ved samvær. I tillegg er det ein del spørsmål om fast bustad og foreldreansvar, m.a. kva slags reglar som gjeld ved delt bustad. Vi har og hatt fleire førespurnader om rett til opplysningar om barnet.

Vi har gitt rettleiring, mellom anna om kravet til mekling, og elles vist til informasjonsmateriale frå BLD. Førespurnadene kjem i hovedsak frå foreldre, men vi har også fleire førespurnader frå kommunar og andre offentlege instansar, i tillegg til advokatar.

**Rapporteringskrav 7.3.2.8****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker hvor det er gitt ut opplysninger om den adoptertes biologiske opphav i saker hvor fylkesmannen har gitt adopsjonsbevilling.

I 2016 var det 30 personer som søkte om å få opplysinger om sitt biologiske opphav.

Vi opplever at flere søsken til den adopterte ber om å få opplysinger om sin bortadopterte bror/søster, men adopsjonsloven gir dei per i dag ikke mulighet for å få noko informasjon frå Fylkesmannen som har gitt bevilling i si tid.

**Rapporteringskrav 7.3.2.9****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på tilsyn med familievernkontorene.

Det ble ikkje gjennomført tilsyn med familievernkontora i 2016. Tilsyn skal gjennomførast våren 2017.

**Tilsyn med familievernkontorene**

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2016	Antall gjennomførte tilsyn i 2015	Antall gjennomførte tilsyn i 2014
2	0	2	0

**Rapporteringskrav 7.3.2.11****Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

Veileddning og informasjon om universell utforming blir gjort i samarbeid med Rogaland fylkeskommune blant anna gjennom å vise til Regionalplan for universell utforming i plandialogen. I 2016 vart mykje av kursmidiane frå KMD til kompetanseheving innan plan brukt i samarbeid mellom Fylkeskommunen og Sola kommune til konferanse med UU som viktig tema. Det er genrelt høgt medvitt om universell utforming i Rogland ved nybygg og nyanlegg.

Vi gir fråsregn til kommunale arealplanar på dette temaet når det er nødvendig - til dømes utforming av turvegar.

**Rapporteringskrav 7.3.2.12****Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling knyttet til ulike diskrimineringsgrunnlag i aktuell lovgivning.

Likestilling og diskriminering er i brei forstand eit tema i plandialogen vår med kommunane, for eksempel knytt til folkehelse, universell utforming, sosial boligbygging osv.

Dette er også eit element i fylkesmannen sitt øvrige arbeid, til dømes i arbeid med flyktningar og asylsökjarar, verjemål m.m.

Det er ikke sett i verk særskilde tiltak innafor dette feltet i 2016.

**Rapporteringskrav 7.3.3.1.1****Rapportere på**

Antall årsverk fordelt på ulike personellgrupper og antall personell som har deltatt i kompetansehevende tiltak jf. tidligere års rapporteringer.

Tildeling kompetansetiltak Kommunalt kompetanse og innovasjonstiltak :

Vidaregående skule, fag- og yrkesopplæring innan helse/fagbrev	Antall personar
- Helsefagarbeidar	66
- Anna helsefagleg vgs.utdanning	3
<b>SUM Vidaregående skule, fag- og yrkesopplæring</b>	<b>69</b>

Fagskuleutdanninger (påbygg fag- og yrkesopplæring, minimum halvt års vidareutdanning)	Antall personar
- Psykisk helsearbeid og resarbeid	28
- Eldreomsorg/demens	21
- Habilitering/reabilitering	15
- Kreftomsorg/ lindrande pleie	19
- Anna fagskuleutdanning	36

**SUM Fagskuleutdanningar****119****Bachelorutdanningar helse- og sosialfag****Antall personar**

- Sjukepleie	80
- Vernepleie	32
- Fysioterapi	0
- Ergoterapi	0
- Sosionom	0
- Barnevernspedagog	0
- Anna bachelorutdanning	0
<b>SUM Bachelorutdanningar</b>	<b>112</b>

**Vidareutdanninger/mastergradutdanninger (påbygg bachelorutdanningar)****Antall personar**

- Psykisk helsearbeid og rus	21
- Tverrfagleg vidareutdamning i psykososialt arbeid med barn og unge	13
- Eldreomsorg/ demens	25
- Kreftomsorg/ lindrande pleie	31
- Habilitering/rehabilitering	21
- Leiarutdanning	58
- Anna vidareutdanning/masterutdanning	111
<b>SUM Videreutdanninger/mastergradsutdanninger</b>	<b>280</b>

**Internopplæring/etterutdanning/ABC-opplæring/kurs o.a.****Antall personar**

- Demensomsorgen / Eldreomsorgen sin ABC	511
- Mitt livs ABC	157
- Anna etterutdanning	413

**SUM Internopplæring/ etterutdanning/ ABC-opplæring/ kurs o.l.** **1081****Lønstilskott til psykisk helsearbeid**

Lønstilskott til psykisk helsearbeid (Merk! Bruk skjema lagt ved til sjølve søknaden.)

**SUM Kompetansetiltak** **1661****Rapporteringskrav 7.3.3.1.2****Rapportere på**

Gi en samlet vurdering av utviklingen for kompetanse og årsverk for kommunene i fylket for det tidligere Kompetanseløftet 2015s planperiode.

Kompetanseløftet 2015 har vore av stor verdi for kommunane. Det har satt kompetanseutfordringar på dagsordenen, og kommunane har klart å gjennomføre kompetansehevande tiltak. Auke i kompetanse har fleire stader ført til meir fokus på fag og fagutvikling og har gitt store ringverknader i kommunen. ABC satsinga har vore særleg vellukka.

Det er stor forskjell mellom kommunane når det gjeld fokus på kompetanse og vilje til å medverke til å auke kompetansen i tenesta.

Dei aller fleste kommunane har utarbeidt planare for kompetanse, men kvaliteten og nytta av planane varierer.

Andel årsverk med fagutdanning har auka i 18 av kommunane i planperioden. Andelen er uforandra i tre av kommunane, mens det er ein faktisk nedgang i 4 kommunar. Dette er urovekkjande

Tal tilsette i direkte brukarretta tenester har auka i 21 kommunar, 2 uforandra, 3 nedgang. Dette må ein sjå i samanheng med omorganisering av tenestene.

Kommunane rapporterer om eit mykke større press på tenestene i planperioden. Dette er mellom anna ei konsekvens av samhandlingsreforma. Presset gjeld både volum og kompleksitet. Det aukande presset på kommunane medfører at mange kommunar balanserer på grensa når det gjeld moglegheita til å vareta forsvarleghetskravet. Dette er urovekkjande.

Kompetanseutfordringane er framleis store:

\*.rekryttering av sjukepleiarar er framleis problematisk.

\* rekruttering av helsefagarbeidarar er også ei utfordring i fleire kommunar, men i mindre grad enn høgskuleutdanna personell.

\*I flere kommunar er det utfordring med å rekruttere fagutdanna personell som vil arbeide med personar med PUH. Særleg er mangelen på vernepleiare stor. Delen ufaglærde er her særleg høg. Bruk av små deltidsstillingar er også urovekkjande.

\* i følgje ei kartlegging i 2015 svarer 10 av 26 kommunar at dei ikkje har nødvendig kapasitet til å gi pasientar eit individuelt tilpassa rehabiliterings/habiliteringstilbod. Rekruttering av fysioterapeutar er særleg utfordrande, men også ergoterapeutar, logoped, psykologar og syns- og høyrsselspedagogar.

**Rapporteringskrav 7.3.3.2.1**

**Rapportere på**

Planlagte tilsyn etter forskrift om tilsyn med barneverninstitusjoner skal rapporteres i årsrapport for fylkesmannens tilsyn med barnevernet innen 20. januar 2017, jf. forskrift om tilsyn med barn i barneverninstitusjoner for omsorg og behandling, § 14.

Vi har rapportert tal for tilsynsbesøk til Helsetilsynet i Nestor. Vi skal ha tilsyn med at quart barn får forsvarleg omsorg og behandling. Vi har særskilt merksemål på bruken av tvang overfor det enkelte barn, og ser den samla bruken av tvang i samanheng med omsorgstilbodet til barnet. Dette er eit styrka fokusområde for oss i 2016. Vi har hatt tett oppfølging av enkelt ungdommar og institusjonar i denne samanhengen. Inntrykket er at institusjonane er opptekne av å redusere bruk av tvang. Vi ser at bruk av tvang generelt er gått ned i vårt fylke.

Vi har og hatt fokus på om barnet/ ungdommen får medverke. Dette har vore eit tema under tilsyn med fleire institusjonar.

Helsetilsynet uttala i samband med 2015 rapporteringa, at dei ikkje trond ein eigen årsrapport i tillegg til Nestor. Vi har vektlagt å kvalitetssikra rapporteringa på dette området i Nestor.

Det er ikkje utarbeida ein eigen årsrapport i tillegg.

**Rapporteringskrav 7.3.4.1****Rapportere på**

FylkesROS og oppfølgingsplan:

- Når ble siste analyse gjennomført?
- Foreligger oppfølgingsplan, i så fall når ble den sist oppdatert?
- Hvilke regionale tiltak har embetet gjennomført for å ivareta fylkesmannens ansvar for samordning i arbeidet med forebygging og beredskap?

FylkesROS og oppfølgingsplan:

Sist analyse er frå 2013 og plan for følge opp denne er frå 2014. I 2015 og 2016 har me jobba med særskilt analyse for helseberedskap.

*"Hvilke regionale tiltak har embetet gjennomført for å ivareta fylkesmannens ansvar for samordning i arbeidet med forebygging og beredskap?"*: Møter i fylkesberedskapsrådet, årleg nettverksmøte med kommunar og regionale etatar, deltaking i dei regionale øvingsutvala, arrangør av samfunnstryggleikskonferansen, deltaking i diverse fóra saman med andre regionale beredskapsaktørar og mykje meir.

**FylkesROS og oppfølgingsplan**

Når ble siste fylkesROS gjennomført?	Foreligger oppfølgingsplan?	Hvis ja, når ble den sist oppdatert?
2013 eller tidligere	Ja	2014

*Me skal revidere FylkesROS i 2017*

**Rapporteringskrav 7.3.4.2****Rapportere på**

Kort beskrivelse av etablerte ordninger for raskt å kunne motta og videreføre varsel om uønskede hendelser og beredskapsmeldinger.

*"Kort beskrivelse av etablerte ordninger for raskt å kunne motta og videreføre varsel om uønskede hendelser og beredskapsmeldinger"*

*Me har ingen vaktordning. Det er ingen formell ordning med vaktlister eller krav til oppmøtetid. Ordninga er at beredskapssjef og/eller assisterande beredskapssjef alltid tar telefonen. Arbeidet blir kompensert med overtid.*

**Rapporteringskrav 7.3.4.3****Rapportere på**

Gjennomført revisjon av beredskapsplan.

*Me oppdaterte beredskapsplanen i 2016. Det er behov for ei grundigare revisjon av planen. Dette vil bli gjort etter arbeidet med ny FylkesROS er gjennomført.*

**Gjennomført revisjon av beredskapsplan**

Når ble siste revisjon av beredskapsplanen gjennomført?
2016

*Kun oppdatering av informasjon*

**Rapporteringskrav 7.3.4.4****Rapportere på**

Hovedfunn fra øvelse av kriseorganisasjonen i embetet, og hvordan følges disse opp.

Fylkesmannen øvde eigen kriseorganisasjon i samband med den nasjonale øvinga IKT16. Saman med Hordaland deltok me på regionalt nivå. Evalueringa er ikkje avskutta, det skal vere eit møte i regi av DSB i mars 2017. Mellombels funn frå oss er at IKT-tryggleik på regionalt nivå svært sårbar då me ikkje har noko SRM, ikkje tilhøyrer nokon CERT og fordi beredskapsplanane våre for IKT-tryggleik ikkje er gode nok.

Oppfølging av funna vil bli tatt opp både gjennom fagkanal beredskap til DSB og JD, og til vårt eigardepartement KMD som har eit ansvar for IKT-tryggleiken i vår daglege drift.

#### Hovedfunn fra øvelse i kriseorganisasjonen i embetet, og hvordan disse er fulgt opp

##### Når ble siste øvelse med embetets kriseorganisasjon sist gjennomført?

2016

*Me øvde eigen krisestab i samband med nasjonal øving IKT16. Samla evaluering er ikkje ferdig. Evalueringsmøte i DSB i mars-17. Eiga evaluering synet behov for SRM og CERT for regionalt statleg nivå. Det er og behov for auka kompetanse innan IKT sikkerheit.*

#### Rapporteringskrav 7.3.4.5

##### Rapportere på

Status revisjon av underliggende planverk i regionen knyttet til nasjonale beredskapstiltak

"Status revisjon av underliggende planverk i regionen knyttet til nasjonale beredskapstiltak": Me deltok på møte i JD i 2016. Vidare arbeid blei satt på vent til DSB hadde ferdig eit plangrunnlag. Dette kom ikkje i 2016.

#### Rapporteringskrav 7.3.5.1

##### Rapportere på

Opplys hvilke tiltak som er gjennomført i tabellen for prioriterte skipsverft i 2016. Kommentarer til de ulike lokalitetene må legges i den store tekstblokka.

Annen rapportering knytta til økonomi må ved behov gjøres i den store tekstblokka.

Utførte tiltak går fram av tabellen.

#### Prioriterte skipsverft

Navn på prioriterte skipsverft	Undersøkelser	Behov for tiltak	Tiltaksplan land	Tiltak land	Tiltaksplan sjø	Tiltak sjø
1) Hasseløy Utvikling AS (tidl. Brødrene Lothe)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø				
2) Kullkaien AS (tidligere Rogaland Skippservice og Kulltomten)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
3) Klasaskjæret AS (tidligere Pynteneset Eiendom og Rogaland Skippservice AS)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg
4) Umoe Eiendom Vest AS (tidl. Umoe Karmsund)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
5) Karmsund Maritime Eide Services	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
6) Bygnes Maskin AS/Rune Stol Eiendom	Varsel, Pålegg	Land, Sjø				
7) Sandnes kommune (tidl. Offshore & Marine)	Pålegg	Sjø				
8) Umoe Eiendom Vest AS (tidl. Aibel AS og Haugesund Slip)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø				
9) Buøy Invest AS (tidl. Bergen Yard Group og Kværner Rosenberg)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg			
10) Hundvåg Slipp og Mekaniske AS (tidl. Brødrene Bjørnevik AS)	Varsel	Land	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
11) Westcon AS	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel			
12) Karmøy Winch						

1) avventer regulering 2) Sluttrapport gjennomført tiltak mottatt 4) Sluttrapport mottatt 6) Bygnes Maskin AS har ryddet opp uten pålegg. 10) sluttrapport gjennomførte tiltak mottatt. 12) Ikke prioritert

#### Rapporteringskrav 7.3.6.1.3

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal med samme frist som årsrapporten, sende en egen rapport om sikkerhetstilstanden til KMD. Rapporten skal særskilt redegjøre for oppfølgingen av de eventuelle mangler og avvik som embetet har identifisert ved forrige rapportering. Fylkesmannen må vurdere nivå på sikkerhetsgradering på rapport om sikkerhetstilstand som sendes KMD.

Fylkesmannen sende rapport til KMD i september 2016. Rapporter er sikkerhetsgradertgradert og innhaldet blir ikkje referert her i årsrapporten

#### Rapporteringskrav 7.3.6.2.1

##### Rapportere på

FMAV, FMBU, FMHO, FMMR, FMNO, FMOP, FMRO, FMST, FMTR, FMTE, FMVE som deltar i forsksordningen om samordning av statlige innsigelser, rapporterer til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om antall planer som er behandlet, antall innsigelser som er fremmet, antall innsigelser som ikke er videresendt til kommunene, og antall innsigelser som er avskåret.

Statistikk statleg samordning i Rogaland 2016

I 2016 var det i Rogaland 1 kommuneplan, 3 kommunedelplanar og ca. 483 reguleringsplanar som blei sendt på høyring.

#### **Samordning kommuneplan**

Det blei i 2016 sendt ut 4 samordna statlege uttalar til kommune- og kommunedelplanar. Det kom til saman 10 uttalar frå statlege etatar som blei samordna. Av desse 10 uttalane inneheldt 4 motsegner. Fordelinga går fram av tabellen under.

<b>Estat</b>	<b>Brev frå statlege etatar som blei samordna</b>	<b>Motsegner</b>
Statens vegvesen	2	1
Fiskeridirektoratet	1	
Direktoratet for mineralforvaltning	1	
Kystverket	2	1
NVE	1	
Avinor	1	
Jernbaneverket	2	2
<b>SUM</b>	<b>10</b>	<b>4</b>

Fylkesmannen hadde motsegn til 3 kommune- og kommunedelplanar.

#### **Samordning reguleringsplan**

Det ble i 2016 sendt ut 20 statlege samordna uttalar til reguleringsplanar. Det kom til saman 27 uttalar frå statlege etatar som blei samordna. Av desse 26 uttalane inneheldt 9 motsegner. Fordelinga går fram av tabellen under.

<b>Estat</b>	<b>Brev frå statlege etatar som blei samordna</b>	<b>Motsegner</b>
Statens vegvesen	9	2
Fiskeridirektoratet	1	
Direktoratet for mineralforvaltning	4	
Kystverket	1	
NVE	4	2
Avinor	6	3
Jernbaneverket	2	2
<b>SUM</b>	<b>27</b>	<b>9</b>

Fylkesmannen hadde motsegn til 47 reguleringsplanar.

Avskjæring blei ikkje nytta.

**Samordning av statlige innsigelser**

Betegnelse på rapporteringskrav	Resultat
Antall planer som er behandlet	40
Antall innsigelser som er fremmet	13
Antall innsigelser som ikke er videresendt til kommunene	0
Antall innsigelser som er avskåret	0

Talet her er berre planar det er skrive samordna brev til fordi det var gitt motsegn eller fagleg råd frå fleire statsetatar. Fylkesmannen behandler mange fleire planar og har hatt motsegn til 3 overordna planar og 47 reguleringssplanar.

**Rapporteringskrav 7.3.6.3.1****Rapportere på**

Det skal rapporteres særskilt om hvilke tiltak fylkesmannen har iverksatt for den enkelte kommune som er registrert i ROBEK og hvilke tiltak som har vært iverksatt for å forhindre kommuner som er i faresonen til å bli registrert i ROBEK. Det skal rapporteres om bruk av skjønnsmidler til ROBEK-kommunen.

Vi går kvart år gjennom kommunale budsjett/økonomiplanar og rekneskap med sikte på å avklara om det er kommunar som skal inn (evt. ut) av. Mellom 2007 og 2010 var ingen kommunar i registeret. Haugesund blei meld inn i 2010 pga. manglende inndecking av underskot. Rekneskapane for 2011-2015 og budsjetta for 2011-2016 har ikkje gitt grunnlag for utmelding. Hjelmeland kommune blei meld inn i 2015 på same grunnlag. Vi har i 2016 i tråd med dette gjennomfört lovlegkontroll av budsjett og økonomiplan for Haugesund og Hjelmeland og vidare godkjent vedtak om låneopptak for desse kommunane. På bakgrunn av at den økonomiske ubalansen i Haugesund snarare har auka enn minka, har vi dei siste par åra auka innsatsen gjennom hyppigare kontakt med kommunen. Vi har m.a. bedt om at opptak av lån blir redusert, noko som også er følgt opp av kommunen, i 2016 tok ein berre opp start-lån og lån til VA-investeringar. Forebels rekneskap for 2016 tyder på at kommunen kan meldast ut i år, to år før planen. For Hjelmeland sin del klarte ein å bortimot halvera det akkumulerte meirforbruket i 2015. Resten er vedtatt dekka inn i hovudsak i 2016 og ein mindre del i 2017. Kanskje blir ein også her kvitt underskotet i 2016.

Begge får skjønnsmidler, men ikkje på bakgrunn av ROBEK-statusen. Haugesund får pga. særleg høge utgifter psykiatri/rus i høve til kommunestorleik, Hjelmeland får for deltaking i legevaktsamarbeid/skyss helse.

Ved gjennomgangen av budsjett/økonomiplanar prøver vi å kartleggja kommunar som kan vera i faresonen for ROBEK, og tek kontakt med slike formelt gjennom brev, eller meir uformelt.

**Rapporteringskrav 7.3.6.4.1****Rapportere på**

Spesifikk omtale av arbeid med omstilling og modernisering i kommunene, bruk av skjønnsmidler til formålet og formidling av resultatene.

Fylkesmannen ser på arbeidet med innovasjon og utvikling i kommunane som ei viktig oppgåve. Vi har m.a. eigne nettsider for dette temaet (under Fylkesmannen.no/Rogaland/ kommunal styring).

Viktigaste aktiviteten på dette området har vore fordeling av skjønnsmidlar til ymse innovasjons og fornyingsprosjekt i kommunane og oppfølging av desse. 11 kommunar fekk i alt 5,05 mill. kr til 14 prosjekt. Tildeling for 2016:

Kommune	Prosjekt	Tilskot kr
Eigersund	Tilrettelegging for FoU prosjekt "Sammen om en aktiv hverdag"	500 000
Sandnes	«VT-respons»	400 000
Stavanger	«Metodeutvikling - innovasjonsfremmende innkjøp»	450 000
	«Beboerlyst»	200 000
Haugesund	«Omrstilling, fornyelse og digitalisering»	200 000
Sokndal	«Digitalisering av omsorgsetaten»	500 000
Klepp	«Frivillig innsats- nye vegar å gå»	300 000
	«Fornyng og forbetring innan demensområdet»	400 000
Time	«All informasjon ein plass»	200 000
Gjesdal	«Framtidsretta integrering og inkludering»	350 000

Sola	Innovasjonskonferanse	50 000
	«Forenkling, forbedring og fornying i Sola kommune»	400 000
Suldal m.fl.	«Flyktninger til Ryfylke»	700 000
Tysvær	Velferdsteknologiprosjekt for Haugalandet	400 000
<b>Sum</b>	<b>5 050 000</b>	

Frå 2016 er den elektroniske søknadsportalen tatt i bruk for søknader og rapportering.

Midlane blir fordelt i tråd med retningslinjene frå departementet, og slik at vi legg vekt på innovasjonspotensialet, først og fremst i «tunge» sektorar, og overføringseffekt. Vi drøftar tildeeling med KS lokalt.

Formidling av erfaringar skjer m.a. gjennom at vi legg ut rapportar og presentasjonar på nettsidene våre. I ein del tilfelle har vi hatt presentasjonar av prosjekt på seminar o.l. vi arrangerer.

Vi er med i eit samarbeid med Sola kommune og KS om ein årleg innovasjonskonferanse i Sola og der det har vore god oppslutning.

#### Rapporteringskrav 7.3.6.5.1

##### Rapportere på

Det skal rapporteres om hvilke lånemål og hvilket lånemengde som godkjennes, og i hvilken grad fylkesmannen har nektet godkjenning av lån.

Vi har i 2016 behandla 4 saker om lånepptak for IKS, dvs. IKS der ein eller fleire av deltakarkommunane er i ROBEK. Vidare er behandla lånesaker for ROBEK-kommunane Haugesund og Hjelmeland. Alle er godkjende.

#### Tilsyn med kommunenes lånesøknader - formål og omfang

Type søknad	Sum	Godkjent	Ikke godkjent	Ikke behandlet
Antall lånesøknader	6	6	0	0
Omfang lånesøknader	613	613	0	0

*Omfang i mill. kr. Av dette gjeld 543 mill. IKS, 70 mill. kr dei to ROBEK-kommunane. 200 mill i kassakreditt-limit er ikkje tatt med. Låneføremål: IKS-låna gjeld kommunaltekniske føremål (her også hamneanlegg). ROBEK-kommunane: 35 mill. er startlån, 23 mill. VA, 12 mill. div. andre investeringar.*

#### Rapporteringskrav 7.3.6.5.2

##### Rapportere på

Antall og omfang av godkjente garantier, samt antall garantier som ikke ble godkjent.

9 garantisaker er behandla og godkjende.

Dei fleste gjeld idrettsformål.

#### Godkjente garantier etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

Saksområde	Sum	Godkjent	Ikke godkjent	Ikke behandlet
Antall garantisøknader	11	9	0	2
Omfang garantisøknader	143	73	0	70

*omfang i mill. kr*

#### Rapporteringskrav 7.3.6.6.1

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på hvordan veiledningsarbeidet har blitt utført.

Vi legg hovudvekta av arbeidet på økonomifeltet på informasjon og rettleiing. Vi har hatt få kommunar i ROBEK og har som mål å førebyggja at dei kjem dit.

Vi har tre hovudgrep når det gjeld informasjon og rettleiing:

- Rettleiing over telefon
- Arrangera samlingar for kommunane om relevante tema
- Aktiv bruk av nettsidene

I samarbeid med KS og NKK lokalt arrangerer vi årleg to samlingar på dette feltet, eit KOSTRA- eller økonomiseminar, i mars/april, og ein kommuneøkonomidag i slutten av mai der hovudtema er kommuneproposisjonen, men der også andre relevante tema blir tatt opp. Vi legg ned mykje arbeid i desse samlingane, men det har vore

bra oppmøte, vi får positive tilbakemeldinger og legg også vekt på møteplassfunksjonen desse samlingane har.

Vi prøver å ha ei viss oppfølging av einskildkommunar også om dei ikkje er i ROBEK, hovudsakleg kommunar som kan vera i "faresona". Særleg gjeld dette kommunar som ligg særleg høgt i samla overslag på frie inntekter i høve til KS-modellen.

Kvart år utarbeider vi ein rapport om kommuneøkonomien i fylket basert på rekneskapstal frå KOSTRA frå dei føregåande åra, med presentasjon av statistikk og gjennomgang av status og utviklingstrekk, og formidlar denne til kommunane.

Vi prøver å gjera aktuelt stoff tilgjengeleg via nettsidene i så stor grad som råd, informasjon om kommuneøkonomi, kommuneopplegget (kommuneproposisjonen og statsbudsjettet), lysark frå foredrag, statistikkoversyn for kommunane i fylket, skjønstdeling m.v. alt stoff som har relevans for fleire kommunar blir lagt ut. 25 artiklar blei lagt ut på sidene for Kommuneøkonomi, KOSTRA og kommunal fornying i 2016.

Vi har også i 2016 prøvt å følgja opp KOSTRA-rapporteringa i kommunane. Slik vi forstår det ligg kommunane i fylket relativt godt an på dette punktet. Vi har som ein viktig strategi for å sikra datakvaliteten å ta data i bruk på flest mogleg område. Vi legg ut ein del tabellar med fylkesoversikter og oppslagstabellar.

Vi har på økonomisamlinga og via e-postar til aktuelle kommunar prøvt å setja fokus på ein del område (funksjonar) der det er store variasjonar i tala som det er vanskeleg å finna forklaringar på. Vi legg også vekt på å auka bruken internt m.a. gjennom intern opplæring, dette er også nytig for kvalitetssikring.

#### Rapporteringskrav 7.3.6.2

##### Rapportere på

Kort om fordelingen av skjønnsmidler, herunder rapportering i ISORD.

Vi har i 2016 fordelt resten av skjønsramma for 2016, 8,7 mill. kr til 7 kommunar for ekstrautgifter i samband med språkdeling, 5,05 mill. kr til innovasjons- og fornyingsprosjekt, jf. punkt 7.3.6.4.1, og ein rest på 2,25 mill. som i hovudsak har gått til kommunar som treng flaumsikring. Av ramma for fylket for 2017 på 67,6 mill. kr er 51,6 mill. kr fordelt i samband med statsbudsjettet i haust, medan resten blir fordelt i år.

Hovudomsyna ved fordelinga av skjønstskot er kompensasjon for omlegging av arbeidsgjeveravgift, kommunar med særleg høge utgifter til ressurskrevjande tenester, kommunar med særleg høge utgifter psykiatri/rus i høve til kommunestorleik, ekstrautgifter pga. språkdeling og skyss helsepersonell. Vi er her også nøyne med å ikkje gi signal om bruken av midla i større grad enn det som har dekning i departementets retningslinjer (jf. prosjektskjøn), siden dette i utgangspunktet er frie midlar og dei nemnde omsyna dermed er meint å utfylla kriteria i inntektsystemet og ikkje innebera former for øyremerking, jf. prinsippa elles.

Rapportering i ISORD blir gjennomført for kommunane som fekk innovasjonsmidlar i 2016, slik at dei rapporterer i år.

#### Rapporteringskrav 7.3.6.7.1

##### Rapportere på

En kort beskrivelse dersom enkelte fagområder framstår som særlig problematiske å samordne i embetets samordningsarbeid.

Samordningsoppdraget til Fylkesmannen er omfattande og ikkje alltid like konkret utforma. God samordning er dessutan avhengig av at alle samordningspartar er positive til samordning skal skje, og ser nytten av samordninga. Det er såleis viktig at samordningskrav og samordningamål ligg som føringar for alle etatar med samordningabehov. Vi meiner likevel at samordninga i det store og heile fungerer godt.

Vi vil likevel nemne at samordning av innsatsen på flyktninggeområdet/mindreårige asylsøkjarar til tider tider er krevjande.

#### Rapporteringskrav 7.3.6.8.1

##### Rapportere på

Det skal gis rapportering i tabell som skal viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av fylkesmannen, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige
- Hvor mange av sakene totalt (uten å skille mellom saker etter klage og på eget initiativ) som hadde henholdsvis habilitet eller lukking av møter blant vurderingstemaene.
- Det skal gis en kortfattet omtale i årsrapporten av hvor mange klager fylkesmannen har mottatt etter kommuneloven § 60 d fjerde ledd, hvilke kommunalrettslige tema de (særlig) veileder kommunene om samt bruk av interkommunalt samarbeid i fylket, med særlig vekt på bruk av vertskommunemodellen.

To av vedtaka som blei stadfesta etter lovlegkontroll gjaldt habilitet.

Ei beslutning som blei stadfesta gjaldt lukking av møte.

Vi har avvist 8 oppmodingar om lovlegkontroll av eige tiltak.

Vi har ikkje hatt saker etter kommunelova § 60 d fjerde ledd.

Vi rettleier særleg kommunen om spørsmål om habilitet og om spørsmål knytt til kjønnsvotering i samband med val av utval, samt spørsmål knytt til suppleringsval.

Det er 102 ulike interkommunale samarbeid i fylket. Av desse er 21 vertskommunesamarbeid.

#### Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	8	0	8
På eget initiativ	0	0	0

#### Rapporteringskrav 7.3.6.9.1

**Rapportere på**

Fylkesmennene skal i årsrapporten oppgi hvor mange klager på avslag om begjæringer om innsyn de har behandlet, jf. offentleglova § 32 og forvaltningsloven § 28 annet ledd, samt hvor mange tilfeller klager har fått helt eller delvis medhold i klager etter offentleglova § 32.

Vi har behandla og fatta vedtak i til saman 20 saker i 2016.

Ei av disse sakene gjaldt partsinnsyn etter forvaltningslova.

Fylkesmannen har tatt klagen heilt eller delvis til følge i 11 av klagesakene

**Rapporteringskrav 7.3.6.10.1****Rapportere på**

Embetet rapporterer hvor mange tilsyn det har gjennomført.

Forklaring:

- Det bes om ett tall for alle tilsyn hjemlet i opplæringsloven, barnehageloven, helse- og omsorgstjenesteloven mv.
- Det rapporteres samlet for kommunene og fylkeskommunen(e)
- Antall tilsyn det skal rapporteres på, omfatter planlagte tilsyn (som landsomfattende/nasjonale tilsyn) og hendelsesbaserte tilsyn uavhengig av tilsynsmetodikk og hvor ressurskrevende tilsynet var.
- Antall tilsyn det skal rapporteres på, omfatter ikke forundersøkelser, sjølvmeldingstilsyn og dokumentgjennomganger uten oppmøte (fysisk eller videokonferanse) på tjenestedestet eller i kommunen/fylkeskommunen.
- Det bes ikke om tall for avvik eller pålegg.
- Det bes ikke om verbalrapportering om samordningsarbeidet.

Tilsyn med heimel i opplæringslova, barnehagelova, helse- og omsorgstenestelova mv: 31

**Rapporteringskrav 7.3.6.11.1****Rapportere på**

Fylkesmannen skal føre en oversikt over behandlede plansaker, omfang av innsigelser, klager fremmet av fylkesmannen og meklinger.

I 2016 har Fylkesmannen gitt uttale til totalt 553 reguleringsplanar. Av desse er 149 dispensasjonar frå reguleringsplan. Det samla talet på dispensasjonsaker til handsaming hos Fylkesmannen er 752. 149 frå reguleringsplan og 603 frå kommuneplan. Talet på kommuneplanar og kommunedelplaner til uttale i 2016 var 7.

Fylkesmannen har fremma motsegn til 50 arealplanar i 2016, 47 av desse var reguleringsplanar og 3 kommuneplanar/kommunedelplanar

35 dispensasjonsvedtak er pålagta; 28 ift. kommuneplan og 7 på reguleringsplan

Til saman blei det gjennomført 12 meklinger i 2016. Av disse gjekk 4 til departementet. I 6 av meklingane hadde Fylkesmannen også motsegn.

I 2016 har Fylkesmannen hatt flest motsegn på følgande område (rangert rekkefølge): 1.) Barn og unge, 2.) strandsone, 3.) jordvern/landbruk og 4.) Samordna ATP/handel.

Fylkesmannen tok i mot totalt 73 klagesaker på reguleringsplanar i 2016 og behandla 64 av desse sakene.

**Rapporteringskrav 7.3.6.12.1****Rapportere på**

Fylkesmannen skal i årsrapporten for 2016 rapportere hvor mange saker som ikke ble avgjort innen 12 uker, hvor stor overskridelsen var, hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i forskriften jf. [tbl. § 21-8 andre ledd](#), hvor mange "særlege tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Vi viser til tabelldata nedanfor.

Dei fleste overskridingane av 12-vekersfristen skyldast reine ressursmessige utfordringar som ikkje kjem inn under begrepet "særlege tilfeller" i SAK § 7-3 tredje ledd. Det blei difor ikkje sendt ut forlengingsvarsel med heimel i denne føresetnaden i fleirtalet av desse sakene. Overskridingane har m.a. årsak i at talet på innkomne saker varierar mykje frå den eine månaden til den neste.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid innanfor saksfeltet var på 12 veker.

**Rapportering om saker etter plan- og bygningsloven**

<b>Hvor mange saker som ikke ble avgjort innen 12 uker</b>	140
<b>Hvor stor overskridelsen var i sakene som ikke ble avgjort innen 12 uker</b>	1
<b>Hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i forskriften jf. <a href="#">tbl. § 21-8 andre ledd</a></b>	0
<b>Hvor mange "særlege tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i</b>	4
<b>Hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse</b>	0

Overskridingane i saker som ikkje ble avgjort innanfor fristen var frå 1 til 16 veker

**Rapporteringskrav 7.3.7.1.1****Rapportere på**

Kort beskrivelse av aktiviteten på området, herunder oversikt over:

- Tros- og livssynsamfunn som mottar tilskudd og antall medlemmer det er gitt tilskudd for
- Trossamfunn som er slettet hos fylkesmannen
- Nye registrerte/uregistrerte trossamfunn og nye livssynssamfunn
- Ev. tilsyn med trossamfunn og forstander.

2016 var det 67 trussamfunn som søkte om statsstøtte. Av desse fikk 5 samfunn avslag på søknaden. Fylkesmannen utbetalet i 2016 til saman kr 8 615 416,00 i statsstøtte.

Det er eit aukande tal personar av utanlandske opphav som søker om å få registrert trussamfunn. Prest/forstandar for nokre trussamfunn har ikkje alltid gode nok kunskaper og slit med å forstå pliktar ein prest/forstandar har for å kunne søke om statstilskot, samt ha kontroll på medlemslistene. Det fører med seg noko meir råd og rettleieng då nokre av desse personane har vanskar med å lese norsk. Vi gjennomfører difor møter med trussamfunn, for å gi dei veiledning om pliktar og rettar.

Vi har også i år invitert trussamfunna ved representanter til orienteringsmøte om statstilskotet hvor det også var moleg å ta opp andre tema dei hadde behov for.

**Rapporteringskrav 7.3.7.2.1****Rapportere på**

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Vi har motteke 76 søknader etter gravferdslova om løyve til å spreie oske for vinden. Det er gjeve 51 løyver til oskespreiing og 6 søknader er avslege. Resten av søknadene manglar naudsynt dokumentasjon.

**Rapporteringskrav 7.3.7.3.1****Rapportere på**

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Vi har mottatt 8 søknader om dispensasjon fra heligdagsfredloven. Fem avslag og tre dispensasjoner.

**Rapporteringskrav 7.3.8.1****Rapportere på**

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (jf. metodehåndbok og egen mal for rapportering). Fylkesmannen skal beskrive hvilke risikovurderinger som ligg til grunn for valg av tema og tilsynsobjekt. Med risikovurdering mener vi hvilke kilder, hva kildene viser og hvilke vurderinger og konklusjoner fylkesmannen har utledet fra disse.

Fylkesmannen si risikovurdering på opplæringsområdet blir gjennomført på bakgrunn av informasjon fra ulike kjelder: informasjon fra elevar/foreldre/føresette/andre (systematisert i ein eigen database), analyse av resultat frå Elevundersøkinga/informasjon om skolar med høge mobbetal over tid, resultat på nasjonale prøvar, funn i klagesaker og tilsyn, informasjon som kjem fram på ulike arenaer i møte med sektoren, oppslag i media og informasjon frå ulike statistiske kjelder som KOSTRA og GSI.

Også på barnehageområdet brukar vi tilsvarende kjelder i risikovurderinga der slike finst. Her har vi dessutan svært tett kontakt med kommunane gjennom dei tre nettverka, der vi deltar i alle møte.

Dei ulike kjeldene til informasjon viser ofte at kommunane har ein praksis som ikkje nødvendigvis er i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Fylkesmannen vel då dei tilsynsobjekta der det er størst grunn til å tru at brota på regelverket gir størst konsekvensar for brukarane av dei kommunale tenestene, anten det gjeld skole eller barnehage. Deretter blir tilsynsobjekta samordna internt hos Fylkesmannen, før tilsyna tilslutt blir samordna eksternt med andre statlege tilsynsverksemder og med kontrollutvalsessekretariata. Intern og ekstern samordning av tilsyn kan i nokre tilfelle føre til at det ikkje alltid blir ført tilsyn med dei tilsynsobjekta der risikovurderinga tilseier at det burde ha vore ført tilsyn. Også ved hendingsbaserte tilsyn blir det sjølvsagt gjort konkrete risikovurderingar.

**Rapportering på FNT – forvaltningskompetanse**

Kommune	Skole	Åpnet	Kontrollspørsmål																				
			1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21
Gjesdal	Gjesdal ungdomsskole	20.01.2016	0	0	0	1	0	1	1	0	0	1	1	0	0	0	0	1	1	0	0	0	0
Lund	Lund ungdomsskole	21.12.2015	0	0	0	1	0	1	1	1	0	0	1	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0

**Gjennomførte tilsyn - Barnehage**

Kommune / Barnehage	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Tal varsel	Tal regelverksbrot	Tal pålegg
Sola kommune	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veileding)	Kommunen som godkjenningsmyndighet	3	Endelig rapport	1	1	0
Hjelmeland kommune	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veileding)	Kommunens oppfølging av kravet til styrer og pedagogisk leder	3	Endelig rapport	1	1	0
Sauda	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veileding)	Kommunen som godkjenningsmyndighet	3	Endelig rapport	1	0	0
Bjerkreim kommune	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veileding)	Kommunen som godkjenningsmyndighet	3	Endelig rapport	1	0	0
Karmøy kommune	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veileding)	Kommunen som godkjenningsmyndighet	3	Endelig rapport	1	1	0
			15		5	3	0

**Gjennomførte tilsyn - Opplæring**

Kommune	Skole	Tilsynsvariant	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Tal varsel	Tal regelverksbrot
Randaberg	Harestad	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	1	
Randaberg	Harestad	FNT	Skolebasert vurdering		3	Endelig rapport	0	
Gjesdal	Gjesdal ungdomsskole	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	5	
Gjesdal	Gjesdal ungdomsskole	FNT	Forvaltningskompetanse		2	Endelig rapport	3	
Rogaland fylkeskommune	Vågen videregående skole	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Foreløpig rapport	5	
Rogaland fylkeskommune	Vågen videregående skole	FNT	Skolebasert vurdering		3	Foreløpig rapport	1	
Lund	Lund ungdomsskole	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Enkeltvedtak med pålegg	4	
Lund	Lund ungdomsskole	FNT	Forvaltningskompetanse		2	Enkeltvedtak med pålegg	3	
Forsand	Forsand skule	Egeninitiert	Annet	Forsvarleg leiring, § 9-1	2	Endelig rapport	1	
Vindafjord	Ølen skule	Egeninitiert	Psykososialt miljø		3	Endelig rapport	4	
Vindafjord	Vikedal skule	Egeninitiert	Psykososialt miljø		3	Endelig rapport	4	
Sola	Grannes skole/Ressurssenteret	Egeninitiert	Annet	Bruk av makt og tvang/psykososialt miljø/spesialundervisning/forvaltningskompetanse	4	Endelig rapport	5	
Klepp	Orstad skule	Egeninitiert	Spesialundervisning		3	Endelig rapport	6	
Rennesøy	Rennesøy skole og Vikevåg skole	Egeninitiert	Spesialundervisning		4	Enkeltvedtak med pålegg	5	
					45		47	

**Status tilsyn varslet i 2015, minimum foreløpig tilsynsrapport i 2016**

Kommune	Skole	Tilsynsvariant	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Tal varsel	Tal regelverksbrot	Tal pålegg
					0		0	0	0

For tilsyn som blei varslet i 2015, er det sendt ut minimum førebels tilsynsrapport same år (2015).

**Rapportering på FNT – skolebasert vurdering**

Kontrollspørsmål																											
Kommune		Skole		Åpnet		1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22
Randaberg	Harestad skole			10.03.16		0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	
Rogaland fylkeskommune	Vågen videregående skole			25.04.16		0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	

**Rapportering på FNT – skolens arbeid med elevenes utbytte av opplæringen**

Kontrollspørsmål																										
Kommune		Skole		Åpnet	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22
Lund	Lund ungdomsskole	21.12.15	0	1	0	0	1	1	0	1	1	1	1	1	1	0	0	0	0	0	0	0	1	1	1	
Gjesdal	Gjesdal ungdomsskole	20.01.16	1	1	1	0	1	0	1	1	1	1	1	1	1	1	1	0	1	1	0	0	0	1	1	1
Randaberg	Harestad skole	10.03.16	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1	1	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Rogaland fylkeskommune	Vågen videregående skole	25.04.16	1	1	1	0	1	0	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	0	1	1	1	1

**Status tilsyn varslet i 2015, minimum foreløpig tilsynsrapport i 2016 (Barnehage)**

Kommune / Barnehage	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Tal varsel	Tal regelverksbrot	Tal pålegg
			0		0	0	0

**Rapporteringskrav 7.3.8.2****Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en egenvurdering av i hvilken grad embetet har gjennomført en koordinert innsats mot kommuner og fylkeskommunen, særlig der det er avdekket mangelfullt samordnet tjenestetilbud for utsatte barn og unge. Vurder også hvilke tiltak som har vært mest effektive for å fremme samarbeid og samordning i og mellom kommuner og fylkeskommunen, tjenester og institusjoner som arbeider for og med utsatte barn og unge og deres familier.

Samordna innsats mot kommunar og fylkeskommunen har i stor grad blitt ivaretatt gjennom satsinga *Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland*. I kommunane si kartlegging av tenestetilbodet til barn og unge er det avdekt mangelfullt samordna tenestetilbod, og det er sett søkjelys på desse utfordringane og aktuelle tiltak i alle koordinatorsamlingane med kommunane underveis i prosjektet.

Eit av tema som har hatt særleg fokus dette året, er bruk av makt og tvang i opplæringa for elevar med særskilte behov. Vi har hatt møte med fleire kommunar og fylkeskommunen om temaet, både etter initiativ frå sektor og i samband med tilsyn. Utdanningsavdelinga og Helse- sosial- og barnevernavdelinga har samarbeidd tett både for å få felles lovforståing og for å samordne tiltak overfor tenestene. I tillegg har vi tatt initiativ overfor Udir og Hdir for å medverke til felles lovforståing på dette området.

Utdanningsavdelinga har vore med i ei tverrfagleg prosjektgruppe som har kartlagt omfanget av barn og unge med CFS/ME under 25 år i Rogaland. Resultat av arbeidet i gruppa er rapporten *Barn og unge under 25 år med CFS/ME i Rogaland fylke*. Rapporten er sendt til alle kommunane, fylkeskommunen og til helseføretaka i Rogaland.

I samarbeid med helse- sosial og barnevernavdelinga har vi arrangert tre samlingar om *Samtaler med barn om vold og seksuelle overgrep*. RVTS har hatt ansvar for innhald og gjennomføring av samlinga. Styring med fordeling av plassar på tilsette som dagleg arbeider med barn, t.d. tilsette i barnevern, helsesostre, lærarar, barnehagelærarar, nav, førte til brei deltaking frå kommunane, og alle kommunane deltok. Evalueringane var gode.

Våren 2016 etablerte Fylkesmannen v/Helse-, sosial- og barnevernavdelinga og utdanningsavdelinga, eit nettverk med Rogaland fylkeskommune, Bufetat og Bufdir. Målsetjinga var å gjøre kjend den digitale rettleieren for samarbeid mellom skole og barnevern. I tillegg sette vi særleg søkjelys på opplæring for barn som bur i institusjon, og vi gjennomførte to fagsamlingar der tilsette på institusjonane inkl. skoleansvarleg, PPT (fylkeskommune og kommune), fylkeskommunen og kommunane deltok.

Etter vår vurdering er Sjumilssteget det viktigaste tiltaket for å styrke samarbeid om og samordning av tenestetilbodet til utsette barn og unge. Men også dei andre tiltaka vi nemner her, har effekt, sjølv om det er vanskeleg å sjå resultat på kort sikt.

**Rapporteringskrav 7.3.8.3****Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for den gjennomførte egenevalueringen av kompetanse til å løse oppgavene på regelverksområdet innenfor barnehage og grunnopplæringen. Egenevalueringen skal det gjøres rede for styrker og utfordringer, samt tiltak som er iverksatt for å sikre god kvalitet i klage-, tilsyns- og veiledningsarbeidet.

Oppgåvene til utdanningsavdelinga krev høg kompetanse på alle område, og kompetanse er såleis fundamentet for verksamda vår. Forsvarleg oppgåveløysing inneber at medarbeidarane samla sett må ha kompetanse på følgjande område: Barnehage- og skolefagleg kompetanse, system- og forvaltningskompetanse, juridisk kompetanse, økonomi- og analysekompetanse og formidlings- og rettleikskompetanse. Slik kompetanse må sikrast både gjennom rekruttering og gjennom intern kompetanseutvikling.

Vi gjennomfører egenevaluering av kompetansen vi har til å løsse oppdragene våre jamleg. Vi gjer det kvart år i samband med verksamdsplan, vi gjer det kvar gong vi tilset nye medarbeidarar og vi gjer det anna kvart år i samband med at vi reviderer den interne organisasjonsplanen i avdelinga. Evalueringa for 2016 viste at vi har kompetanse til å løse oppgåvema på regelverksområdet. Avdelinga har variert kompetanse innanfor dei områda vi har ansvar for i embetet. Utfordringa vår er at vi i dei siste åra har hatt relativt stor utskifting, vi er sårbar for sjukemeldingar og raske endringar i oppgåveportefølja. Vi har sett i verk mange tiltak for å sikre god kvalitet, m.a. har vi tidligare sytt for å auke lønsnivået i avdelinga. Dette trur vi er ei medverkande årsak til at medarbeidarutskiftinga no er lågare og at vi opplever fleire og meir kompetente søkjarar til ledige stillingar. I verksamdsplanen våt har vi ein kompetanseutviklingsplan med detaljert oversikt over kompetanseutvikling for den einskilde medarbeidaren. I verksamdsplanen har vi også ei risiko- og sårbarheitsvurdering med konkrete tiltak der vi meiner risikoen er størst. I avdelingsmøta har vi systematisk gjennomgang av ulike regelverk knytte til opplæringslov, barnehagelov, friskolelov, forvaltningslov og barnekonvensjonen. Vi har også systematisk registrering, gjennomgang og drøfting av vanskelege saker. Dette sikrar både god oppgåveløysing og brei kompetanseutvikling. I intern organisasjonsplan, som blir rullert kvart andre år, syter vi for at dei områda som treng særleg merksem, får naudsynt "møteplassar", anten via fast møte, ressursgrupper eller lagsorganisering. Til slutt vil vi nemme eit godt organisiert, systematisert og velfungerande samarbeid med dei fire andre Fylkesmennene i Sør-vestsamarbeidet. Dette gir også god kompetanseutvikling til mange medarbeidarar.

**Rapporteringskrav 7.3.8.4****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere i eget skjema om antall klager, type klager og resultatet av behandlingen.

Sjå tabellar.

**Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Skyss, § 7-1	23	12	10	1	0
Skoleplassering, § 8-1	45	2	37	0	6
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	13	10	2	0	1
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	3	1	1	1	0
Standpunkt i fag	124	0	22	102	0
Standpunkt i orden og oppførsel	5	1	4	0	0
Særsiktig språkopplæring, § 2-8	0	0	0	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	17	6	7	4	0
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	3	1	1	1	0
Bortvisning, § 2-10	1	0	0	1	0
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	5	0	4	1	0
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	5	0	5	0	0
Grunnskoleopplæring for voksne, § 4A-1	1	0	1	0	0
Sum	245	33	94	111	7

**Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Barnehageloven § 10	0				
Barnehageloven § 16	1	0	1	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0				
Forskrift om foreldrebetalting § 5	0				
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	5	4	1	0	0
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0				
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0				
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0				
	6	4	2	0	0

**Klagebehandling - Frittstående grunnskoler (friskoleloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Standpunkt i orden og oppførsel	1	1	0	0	0
Spesialundervisning, § 3-6	1	0	1	0	0
	2	1	1	0	0

**Klagebehandling - Frittstående videregående skoler (friskoleloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Inntak, § 3-1	1	0	1	0	0
	1	0	1	0	0

**Klagebehandling - Spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	2	1	1	0	0
	2	1	1	0	0

**Klagebehandling - Videregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	13	4	9	0	0
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	1	0	1	0	0
	14	4	10	0	0

**Rapporteringskrav 7.3.8.5****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall og type saker hvor klager henvender seg på nytt til fylkesmannen hvor skoleeier /barnehageeier /barnehagemyndigheten ikke har fulgt opp vedtaket.

Fylkesmannen har ikke registrert saker i 2016 der ein person har fått medhald hos Fylkesmannen og kontakta oss igjen fordi kommunen ikkje har følgt opp vedtaket.

**Rapporteringskrav 7.3.8.6****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere i eget skjema på tiltak innenfor kompetanse og rekruttering på barnehageområdet.

Vi må dessverre melde eit avvik på dette punktet. Ved ein inkurie har vi ikkje innhenta rapport frå kommunane om talet på barnehagar som har deltatt innanfor dei ulike emna knytte til prosjektnummer 21000. Sjå merknad nedanfor.

#### Kompetanse tiltak tabell 1

Kompetanse tiltak	Midler brukt	Antall deltagere totalt	Antall deltagere fra kommunale barnehager	Antall deltagere fra ikke-kommunale barnehager
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	745 280	117	73	44
Kompetansehevingsstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	506 000	475	245	230
Kompetanseutviklingstiltak for samisk				

11 kommunar har fått midlar til Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget, totalt 115 deltagarar. 2 kommunar har brukt Norsk fagskole og Aftenskolen til å gjennomføre opplæringa, medan dei andre kommunane har brukte eigne tilsette i opplæringa.

#### Kompetanse tiltak tabell 2

Midler brukt	Kompetansemidler til kommuner og barnehager
Antall barnehage myndigheter som har fått midler	5 009 000
Antall kommunale barnehager som deltar i tiltak	26
Antal ikke-kommunale barnehager som deltar i tiltak	0
Antall barnehager delatt på tema: pedagogisk ledelse	0
Antall barnehager delatt på tema: språkmiljø	0
Antall barnehager delatt på tema: realfag	0
Antall barnehager delatt på tema: barn med særslite behov	0
Antall barnehager delatt på tema: læringsmiljø	0
Antall barnehager delatt på tema: danning og kulturelt mangfold	0
Antall barnehager delatt på tema: annet	0

Fylkesmannen i Rogaland har dessverre ikkje fått innhenta informasjon om nøyaktig tal på barnehagar som har delteke innanfor dei ulike tema. Alle kommunane har sendt inn felles kompetansehevingsplan for kommunale og ikkje kommunale barnehagar. Fylkesmannen har sjekka alle planane og sett at dei dekkjer dei sentrale føringane og satsingsområda. Nokre kommunar har fått tilbakemelding om manglar i planen og retta dei opp for midla blei tildelte. Vi er dirfor sikre på at alle kommunar har med alle aktuelle tema, men vi har ikkje henta inn den forespurte rapporten om talet på barnehagar som har hatt dei ulike tema.

#### Kompetanse tiltak tabell 3

Regionale rekrutteringsnettverk og fagsamlinger	Midler brukt
	121 950

Vi fekk desse midla 23 mai, det er restmidlar frå 2015. Midla er brukte til å dekke utgifter til Utdanningsmess, deltaking på NAFO-samling i Oslo, deltaking på BASIL-samling Oslo, arrangere sakbehandlarsamling i eige fylke, arrangere GLØD-samling i eige fylke, honorar til foredragsholder på eigne samlingar og reiseutgifter til seniorrådgivar som har delteke i arbeidsgruppe om tilsyn på barnehageområdet i regi av Udir

#### Kompetanse tiltak tabell 4 - Hordaland

Midler søkt	Kompetansemidler til ikke-kommunale barnehageeiere
Antall barnehageeiere som har søkt midler	
Antall barnehageeiere som har fått midler	
Antall fylker som har delatt	
Antall kommuner som har delatt	
Antall barnehager som har delatt	
Antall barnehager delatt på tema: pedagogisk ledelse	
Antall barnehager delatt på tema: språkmiljø	
Antall barnehager delatt på tema: realfag	
Antall barnehager delatt på tema: barn med særslite behov	
Antall barnehager delatt på tema: læringsmiljø	
Antall barnehager delatt på tema: danning og kulturelt mangfold	
Antall barnehager delatt på tema: annet	

Dette er ein tabell som hører til Hordaland

#### Rapporteringskrav 7.3.8.7

Rapportere på
Fylkesmannen skal gi en kort skriftlig kvalitativ vurdering av arbeidet med kompetanseutvikling i fylket. Dette gjelder både for strategi for etter- og videreutdanning og for strategi for etter- og videreutdanning for ansatte i PPT.

Vi har sær få spørsmål om kompetanse for kvalitet, fordi skoleiegarane har etablert gode rutinar for å gjøre denne jobben. I Rogaland er det mange som deltar på dei ulike tilboda, og dei er nøgne med tilboda. Vi informerer på nettstaden vår, og det kan synast som om dette er nok til at skoleiegarane gjer sin del av arbeidet både med lærarane og med tilsette i PPT. Motivasjonsarbeid har gitt god oppslutning om SEVU PPT. Vi meiner at godt grunnarbeid frå vår side over fleire år har medverka til at dette arbeidet no er kvalitativt godt også i kommunane.

#### Rapporteringskrav 7.3.8.8

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal gjøre rede for i hvor stor grad de kommuner med lav kvalitet og kompetanse på barnehage- og grunnopplæringsområdet som er fulgt opp, har økt sin kvalitet og kompetanse, og videre hvilke virkemidler og tiltak som har hatt god effekt.

I grunnskolen er dei viktigaste indikatorane knytte til læringsmiljø og læringsresultat om lag som snittet for landet når vi ser fylket under eitt og over noko tid. Men variasjonane er sjølv sagt store når vi ser kommunane kvar for seg, og konkrete indikatorar vart våren 2016 tatt opp med kvar kommune i ein besøksrunde til alle kommunane. Heile leiargruppa i embedet deltok, og vi mette politisk og administrativ toppleiring i kommunen.

Nokre kommunar har vi hatt særleg fokus på: I innstillinga frå Fylkesmannen om kommunestruktur, peika vi på at to av dei små kommunane i fylket ikkje oppfylte kravet om skolefagleg kompetanse i kommune-administrasjonen, og dei har utfordringar når det gjeld læringsutbyte og/eller læringsmiljø og forvaltning. I ettertid har vi hatt eigne møte med desse kommunane, og begge har no personale med slik kompetanse på plass. Den eine blir følgt tett opp vidare på grunn av særlege utfordringar knytte til læringsmiljø, men det er for tidleg å sjå konkrete effektar av dette enno.

Vi har endra kontakten vår med kommunar som har skolar med vedvarande høge mobbetal. Dei to første åra hadde vi heildagsmøte med alle kommunane og skolane samla, men vi meiner det gav liten effekt. I 2016 har vi så sendt brev til og hatt møte med kvar kommune v/skolesjef og rektor ved kvar skole på lista. Vi har kravd plan for tiltak og gitt tilbakemelding om planen, og no vurderer vi om det er naudsynt med enno eit møte med nokre av desse kommunane. Så må vi nok rekne med at det vil ta noko tid før vi ser resultat i Elevundersøkinga.

Fylkesmannen har vore "tett på" kommunen som var med i pulje 2 i Læringsmiljøprosjektet. Fylkesmannen hadde mellom anna ei samling om forvaltningskompetanse for skolane som var med i prosjektet i januar 2016. I tillegg har Fylkesmannen vore tilstades ved oppsummeringsmøter i kommunen saman med med rettleiarane.

Fylkesmannen har også eit godt samarbeid med kommunen og rettleiarane som er med i pulje 3 i Læringsmiljøprosjektet. I tillegg har Fylkesmannen hatt fleire møte med tre kommunar og utvalde skular som har hatt vedvarande høge mobbetal over tid, og som ikkje er med i Læringsmiljøprosjektet.

Tilsyn er sjølv sagt eit sentralt verkemiddel i arbeidet med å medverke til god kompetanse og kvalitet i kommunane og i fylkeskommunen. Ein meir tydeleg læringsdimensjon i tilsynsarbeidet har gitt god respons frå kommunane, men det vart også i 2016 gitt varsel om pålegg i mest alle tilsyn. Nokre kommunar strevar med å rette, og vi har valt å vere romslege med rettleiing når det blir bede om det. Eit hendingsbasert tilsyn dette året etter varsling om ulovleg tvang i spesialundervisning, vart krevjande både i gjennomføring og rettleiing. Kommunen har sett i verk omfattande tiltak både på systemnivå og ved skolen, men dei ønskjer framleis å rådføre seg med Fylkesmannen om nokre særlege utfordringar knytte til forvaltning. Det har også vore krevjande på mange vis å følge opp tilsyn med spesialundervisning i vidaregående opplæring. Dette tilsynet vart varsli i sept 2013 og er enno ikkje avslutta. Etter mykje tilsend dokumentasjon og fleire møte valde vi å sende eit oppsummerande brev til fylkeskommunen i juni 2016, der vi varsla at vi ville ta tilsynet opp i eit eige møte mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen v/fylkesordføraren. Dette gav som resultat at fylkeskommunen oppretta eit eige prosjekt for å sikre framdrift og opplegg med vidare rettingsarbeid. Fylkeskommunen har søkt om og fått frist for retting til 20. juni 2017.

Samla sett meiner vi at kontakten mellom Fylkesmannen, kommunane og fylkeskommunen er prega av tillit og respekt, og at dette gir godt utgangspunkt for forbettingsarbeid. Det er likevel vanskeleg å peike på kva for tiltak som gir best resultat – slike vurderinger fortener forskarblikk.

#### Rapporteringskrav 7.3.8.9

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal gi tilbakemelding på kontroll av foreløpig rapport fra BASIL av antall minoritetsspråklige barn i barnehage – tall per 15.12

Dette rapportkravet har gått ut

#### Rapporteringskrav 7.3.9.1

##### Rapportere på

Rapporter på antall årsverk i fylkesmannens landbruksavdeling per 31.12.2016, og antall årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene per 31.12.2016, samt antall enheter/landbrukskontor i kommunene i fylket.

Fylkesmannens landbruksavdeling har totalt 23,7 årsverk pr. 31.12.2016, og av desse er 21,2 årsverk finansiert via 052501 og 2,5 årsverk er eksternt finansiert.

Kommunane i Rogaland hadde pr. 31.12.2016 totalt 51,41 årsverk. Det er totalt 21 eininger/landbrukskontor i Rogaland. Det strekk seg frå større felles landbrukskontor med fleire tilsette, til kommunar som berre har ein brokdel av ei stilling til landbruksforvaltning.

#### Rapporteringskrav 7.3.9.2

##### Rapportere på

Rapporter på bruk av midler over kap. 1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket til kommunerettet arbeid, inkludert en regnskapsmessig fremstilling.

#### BRUKEN AV KOMMUNERETTA MIDLER 2016 – KR 200 000

To-dagers fagsamling for landbruksforvaltningen kr 117.277,00

Dialogmøte med tilsette i kommunal landbruksforvaltning –

tema; skjøtsel beite, forvaltningsplan vatn, bygging av kårhus kr 24.620,00

Tilskotsamling – produksjonstilskot, januar	kr 8.313,00
Tilskotsamling – produksjonstilskot, august	kr 5.286,00
Skogseminar – Gjesdal	kr 24.438,00
Infomøte for nytilsette i kommunal landbruksforvaltning	kr 320,00
Regionale samlinger om areal- og eigedomsforvaltning –	
målgruppe kommunepolitiktarar	kr 12.672,00
SMIL-ordninga – kurs for kommunene	kr 4.995,00
Landbrukskonferansen 2017	kr 1.218,00
<u>AR5-kurs for kommunane</u>	kr 858,00
Sum	kr 199.997,00

Tilgangen på tenester fra dyrehelsepersonell i fylket

I 2016 fekk Rogaland tildelt kr 8 314 919 i vakt- og administrasjonstilskot. Rogaland har ikkje stimuleringstilskot.

Rogaland er inndelt i ti veterinæravdistrikta. Tilgangen på tenester fra dyrehelsepersonell fungerer bra, og kundane gir uttrykk for at dei er nøgde med tenestetilbodet. I dei distrikta der ein er avhengig av ferje/båt for å nå delar av distriktet, eller distrikta er store, kan likevel responstida bli relativt lang.

**Rapporteringskrav 7.3.9.3****Rapportere på**

Gi en kort beskrivelse av arbeidet med saker etter naturmangfoldloven, verneplaner, energisaker og konsekvensutredninger som berører landbruk.

Det har ikkje vore forslag på høyring om nye Utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova.

Landbruksinteresser blir i varierande grad følgt opp i arbeidet med konsekvensutredningar. Det er framleis ein veg å gå når det gjeld kvalitet og innhald av jordvern- og landbruksvurderingar i konsekvensutredningar og andre viktige plandokument.

**Rapporteringskrav 7.3.9.4****Rapportere på**

Rapporter på omfanget av skogbruksplanlegging med miljøregistreringar

Arbeidet med ny skogbruksplan - områdetakst i Vindafjord og Karmøy kommune er kome langt, og blir sluttført i 2017. Dette er vår første områdetakst med bruk av laserdata. Vi har godkjent takstopplesget og har per 2016 løvd totalt 2,55 mill. kroner. Samla tilskotsbehov for å fullfinansiere taksten er på 2,8 mill. kr. Godkjent kostnadsramme er på 4 mill. kroner. I tillegg er vi godt i gang med områdetakst i Sandnes kommune med eit takstareal på om lag 40 000 dekar. Forprosjektet og mobilisering for å sikre oppslutning blei avslutta i haust, og der ein har nådd målsettingane om min 50 % planbestilling på arealet. Det vil bli full framdrift i 2017 med ferdigstilling i 2018. Rett før jul er det sendt ut kravspesifikasjon til takstutvalet for godkjennin og deretter innhenting av pris tilbod. Tilskotsbehovet er på totalt 0,8 mill. kroner til skogbruksplanlegging, fordelt på 250 000 kr Vindafjord/Karmøy og 550 000 kr til Sandnes.

Når områdetaksten i Sandnes blir avslutta i 2018 har alle «større» skogkommunar fått tilbod om områdetakst på digitalt format. Vindafjord kommune var først ute med digital takst, og er no først ute med revisjon og bruk av laserdata. I gjennomsnitt er om lag 40 % av det produktive arealet i Rogaland dekt med digitale skogbruksplandata. Vi samarbeider med Geovekst for å unngå ekstrakostnader i nye prosjekt på blant anna laserdata og flybilde.

**Rapporteringskrav 7.3.9.5****Rapportere på**

Beskriv kort arbeidet med klimatiltak innenfor landbrukssektoren, og gi en vurdering av måloppnåelse for miljøvirke midlene.

**Skogbruk**

Utviklinga i det ordinære skogbruket er ikkje berekraftig. Ubalansen mellom hogst og investeringar i ny skog held ikkje tritt med rekordstor hogstaktivitet. Store og høgproduktive areal gå ut av skogproduksjon. Statistiken og ein analyse av utviklinga dei siste 10 år viser eit total hogstareal etter barskoghogst på om lag 30 000 dekar der;

- 10 000 dekar blitt forynga med ny kvalitetsskog
- 10 000 dekar har blitt omdisponert til andre formål – mest jordbruksformål (inmmarksbeite).
- 10 000 dekar seilar sin eigen sjø utan tiltak, der krattskog og ukrut tek overhand.

Dette betyr at relativ store høgproduktive areal går ut av skogproduksjon. Avskoging av høgproduktive areal er svært negativt for klima, men også for verdiskapinga i skogbruket. Avskoging skal rapporterast inn klimarekneskapen utan at vi kan sjå det er etablert system for dette på skogområdet, jf. ny klimaavtale i Paris. Tilskot til tettare planting som klimatiltak er positivt. Men for Rogaland med svært gode forhold for skogproduksjon, har eit utplantingstall på rundt 250 planter/dekar i stor grad vore hovudregelen og praksis over lengre tid. Tilskotet til tettare planting vil difor isolert sett ha relativt liten effekt hos oss. Dette fordi svært mange plantefelt uavhengig at ordninga vil ligge godt over innslagspunktet for å få tilskot til tettare planting. Men for motivasjon og fokus på skog som eit viktig og kostnadseffektivt klimatiltak er ordninga svært positiv – spesielt i områder med svake tradisjonar for skog.

Fylkesmannen har arbeidd aktivt ut mot kommunane for å snu denne utviklinga med nedbygging av skogresursane blant anna gjennom forvaltningskontroller,

seminar/samlingar og direkte oppfølging/kontakt. Vi ser at dei kommunane som prioritærer innsats på skogområdet, har kompetente folk over tid og arbeider aktivt ut mot skogeigarane genererer mykje aktivitet. Med låg kompetanse og interesse hos mange skogeigarar er den direkte kontakten med rettleiarar svært effektiv for å skape aktivitet og snu denne utviklinga. Stadig fleire kommunar prioritærer ikkje ressursar i det heile til motivering, oppfølging og kontroll av skogkulturarbeid. Vi ser at ein relativt liten innsats kan bidra til ein vesentleg aktivitetsauke på både planting og ungskogpleie.

### Bioenergi

Bioenergisatsinga i Rogaland skyter fart trass svært lave strømprisar dei siste åra. Det er full drift på 18 større varmesentralar basert på skogsflis, og det er mange konkrete og ny større anlegg på gang. Vi ser en vesentleg større bevisstgjering blant både kommunar og utbyggjarar på bruk av flis som fornybart og klimavennlig råstoff til oppvarming. Vi trur den positive utviklinga på flisbasert biovarme er eit resultat av målretta arbeid over lang tid og der ein har bygd opp spisskometanse gjennom fleire prosjektsatsingar. I tillegg ser vi ein generell haldningsendring til meir klimavennelege løysningar blant folk flest.

### Biogass

Rogaland har dei beste føresetnadene i landet for produksjon av biogass. Dette skuldast at fylket mellom anna har mykje husdyrgjødsel, ein infrastruktur med gassleidningar og teknologisk kompetanse innan handtering av gass og husdyrgjødsel.

Regjeringa øyremerka i 2015 åtte millionar kroner til pilotanlegg for biogass. Etter byggestart i slutten av 2016 blei det første private pilotanlegget for biogass basert på rein husdyrgjødsel testa ut på eit gardsbruk i Klepp hausten 2017. Den produserte rågassen blir sendt inn på det eksisterande røyrleidningsnett for rågass på Jæren.

Utan innblanding av anna substrat kan bioresten frå dette pilotanlegget nyttas både som gjødsel i landbruket og/eller kan omdannast til eit trygt gjødselprodukt for til dømes hageigarar. Forskarar frå Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er involvert for å fram til fleire reseptar for nye gjødselprodukt for hagemarknaden. Røysland arbeidar òg saman med Norsk Naturgjødsel som produserer sel gjødselvarer med opphav frå husdyrgjødsel for landbruket og hagemarknaden.

Som ein følgje av detta pilotanlegget, blei det avholdt eit dagseminar om biogass på Øksnevad vidaregåande skule. Her stilte mellom anna bønder, rådgjevarar, IVAR, Lyse-Neo og NHO og mange som jobbar for etablering av fleire biogassanlegg i Rogaland.

### Ny teknologi innan utnytting av biogass

Fylkesmannen hadde eit møte med ein aktør som tar sikte på å utvikle teknologi for at veksthusnæringa på billegare vis kan nytte biogass til produksjon av elektrisitet og varme samstundes som CO<sub>2</sub> frå denne produksjonen og kan nyttas i veksthus. Hydrogen, som er eit svært interessant biprodukt av denne teknologiske løysinga er til no, ein interessant og unytta energikjelde med stort potensial.

### Rapporteringskrav 7.3.9.6

#### Rapportere på

Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll:

### Avløysartilskot ved sjukdom og fødsel mv.

Fylkesmannen i Rogaland meiner at ordninga er ganske krevjande for kommunane. Erfaringa vår er at det er varierande kvalitet på arbeidet i kommunane. En del kommunar har lite personalressursar til saksbehandlingsarbeid innan velferdsordningane. Fleire kommunar meiner at dei foreinklingane som vart gjennomført i den siste tida har forårsaka mykje meir arbeid. I 2016 gjennomførte vi risikobasert forvaltningskontroll innan sjukdomsavloying. Vi har kontrollert ein kommune. Val av denne kommunen var basert på ein del avvik og misforståing av regelverket. Fylkesmannen prøver med god dialog og rettleiring til å bidra til god forståing av ordninga.

### Tidlegpensjon til jordbrukare

Fylkesmannen har gjennomført kontroll av tidlegpensjonsmottakernes inntekter i 2016. Kontroll var ressurskrevjande. Vi har kontrollert 17 brukare av 193 som var på Skattedirektoratet si liste. Vi har vald å kontakte brukerane direkte med brev. De fleste mottakarane av tidlegpensjon har svart innan fristen og har sendt dokumentasjon. Basert på kontrollen har Fylkesmannen i Rogaland ikkje registrert nokon avvik.

### Rapporteringskrav 7.3.9.7

#### Rapportere på

Gi en oversikt over gjennomførte kontroller og hvordan avvik er fulgt opp, og gi en vurdering av kontrollresultatene. Ressurser avsatt til kontroll skal oppgis, fordelt på årsverk og antall personer.

Det er gjennomført 6 forvaltningskontoller. I tillegg er det ført kontroll med husdyrkonsesjon, foryngingsplikt i skogbruket, plantefelkontroll, veterinære reiser, RMP, SMIL med meir.

Detaljar rundt funn og oppfølging står spesifikt under dei einskilde ordningane.

### Rapporteringskrav 7.3.9.8

#### Rapportere på

Utarbeid oversikt over og gi en vurdering av klager og dispensasjonsøknader behandlet av fylkesmannen for samtlige tilskuddsordninger på landbruksområdet der kommunen er førsteinstans.

### Sjukdomsavloying

Etter at dispensasjonsadgangen blei stramma inn har tal dispensasjonsøknader gått kraftig ned. 90% av dei restarande søknadane går på krav om næringsinntekt.

### Produksjonstilskot

I behandling av saker etter forskrift om produksjonstilskot og tilskot til avloying ved ferie og fritid er det variert kva dei har handla om. Men eit par dispensasjonssaker har handla om dispensasjon frå søknadsfristen og dispensasjon frå disponeringskravet for å kunne få husdyrtilskot mjølk og driftstilskot mjølk (har ikkje disponert kvote

på teljedato). Eit par klagesaker har handla om klage på avkorting og eit par andre gjeld at søker ikkje får utbetalt pengar for det han gløymte å søkje på.

#### SMIL

Rogaland fekk tildelt 8 mill. kr. i SMIL-midlar i 2016. Med unytta midlar i 2015 og inndrattne midlar frå 2016 hadde Rogaland 11,614 mill. kr. til disposisjon i 2016. Løyvingane til SMIL-tiltak i 2016 var 10,677 mill. kr. Dette blei fordelt på 141 søkerarar.

Fylkesmannen informerte kommunane i 2016 på at vedtak etter SMIL-forskrifta utan ein politisk godkjend SMIL-strategi er å anse som eit ugyldig vedtak. Alle kommunane i Rogaland med unnatak av 4 kommunar har oppdatert sine lokale SMIL-strategiar.

	2015	2016
Tal søkerar	173	141
a - Kulturlandskapstiltak	<b>6 328 000</b>	<b>6 356 000</b>
b - Miljøtiltak	<b>2 889 000</b>	<b>2 302 000</b>
c - Planleggingstiltak	<b>553 000</b>	<b>2 019 000</b>
<b>Sum</b>	<b>9 759 000</b>	<b>10 677 000</b>

#### a - SMIL til kulturlandskapstiltak (59,5%)

- 24% gjekk til tiltak og skjøtsel etter naturmangfaldlova. 11% av desse midlane blei løyvd til tiltak for å ivareta kystlynghei. Løyvingane er spreidd over heile fylket. Resten av midlane blei nytta til tiltak på biologisk mangfald, naturbeitemark og gammal kulturmark.
- 9% gjekk til tilrettelegging for opplevelingar og ferdsel i kulturlandskapet. Den jamne aktiviteten på ordninga med gjerdeklavarar viser i tillegg at turstiane over heile fylket er godt brukt. Det var få som sökte på den nye ordninga med hundeportar i 2016.
- 27% gjekk til restaurering av bygningar og andre kulturminner. Tiltak for å fremja, ivareta, utvikle og synleggjere heilskapen i kulturlandskapet er viktig. Fylkesmannen har dei seinare åra jobba for at kommunane i større grad prioriterer å nytte SMIL-midlar til tiltak innan biologisk mangfald og ureining framfor bygningar.

#### b - SMIL-tilskot til miljøtiltak: 2,3 millionar (21,6 %)

Tiltak innan ureining har hatt eit særskilt fokus i Rogaland dei siste åra. Løyvingane mot ureining var i 2016 på 22% av samla disponible midlar (29,6% i 2015). Målet på minst 25% av midlane til ureiningstiltak for 2016 blei ikkje nådd. Det ble i 2016 løyvd SMIL-midlar til:

- 11 reinseparkar i områdar med mykje husdyr i Vindafjord og på Jæren.
- 8 hydrotekniske tiltak for å redusere erosjon og nærings langs sårbare bekker og vassdrag.
- 2 veksthus på Finnøy fekk løyvd SMIL for å resirkulere avvatningsvatn frå veksthus.

#### c - SMIL til planlegging og tilrettelegging (18,9%)

Tilretteleggingstiltak legger til rette for at aktive bønder kan søkja SMIL til tiltak som kjem fram av plana på eigen gard. Døme på tiltak er mellom anna overordna skjøtselsplanar, kart over turstiar, ferdels- og informasjonstiltak,- og planlegging av samordna tiltak mot ureining over større område.

Desse midlande går til planlegging og tilrettelegging av tiltak på tvers av grunneigedomar. Kommunane er som oftast aktiv pådrivar til slike tiltak. I 2016 gjekk til dømes 15 grunneigarar i Tysvær kommune saman om leggia til rette for at turgåarar kunne få gode opplevelingar i kulturlandskapet.

SMIL er ein god innfallsport til positive tiltak for kulturlandskapet som til dømes restaurering av habitat for biologisk mangfald, gjennomføre ureiningstiltak eller tilrettelegging for friluftsliv. Skjøtsel- og vedlikehaldskrava i RMP bidrar til å sikre at SMIL-investeringar blir ivaretakne og vedlikehalde. Denne «symbiosen» er særskiktig for å gi heilskap i tilskotsordningane SMIL og RMP.

#### Tilskot til drenering

Rogaland si tildelte årsramme for dreneringstilskot var på 2 mill. kr. Med unytta midlar overført frå 2015 hadde Rogaland 7,11 mill. til disposisjon i 2016.

På lik linje med tidlegare år var oppslutninga om dreneringstilskotet i 2016 därleg. 122 søkerarar fekk løyvd totalt 2,04 mill. i dreneringstilskot i 2016. Dei mest aktive kommunane var Vindafjord, Tysvær og Hå.

Trass i at bøndene er aktive på drenering i Rogaland er dreneringstilskotet for lågt til å utløyse interesse for å søkja om tilskot.

#### Avløsning ved sykdom og fødsel mv.

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
0	0	3	20	3

*Vi har avslått 3 dispensasjonssakar, 2 var dispensasjon frå søknadsfrist og 1 dispensasjon frå krav til næringsinntekt. Vi har ikkje motteke klagar på desse sakane. Vi har hatt 2 sakar med krav om tilbakebetaling av avløysartilskot ved sjukdom i 2016, søkerane har ikkje klaga på desse vedtaka.*

#### Produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
2	2	15	5	8

**Regionale miljøtilskudd**

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
0	0	1	16	4

Dei fleste dispensasjonssakane gjaldt utsatt spreiefrist for husdyrgjødsel for dei med Miljøavtale. Det var lange periodar med mykje regn i tida rundt 2. slåtten. 7 sakar gjaldt dispensasjon frå søknadsfrist, der 4 fekk avslag. Det er generelt lite omfang av klagesakar.

**Ressurser avsatt til kontroll skal oppgis, fordelt på årsverk og antall personer**

Antall personer	11.0
Antall årsverk	1.2

**SMIL**

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
0	0	0	3	2

**Tidligpension for jordbrukere**

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
0	0	0	0	0

Vi har innvilga 26 tidlegpensionssøknadar og 5 forhåndssøknadar. Det var 1 sak med krav om tilbakebetaling av TPO. Vi har ikkje hatt nokon dispensasjons og klage saker i 2016.

**Øvrige tilskuddsordninger**

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
0	0	0	0	0

Ingen klager.

**Rapporteringskrav 7.3.9.9****Rapportere på**

Gi en oversikt over

- Antall mottatte redegjørelser fra kommunen for avkorting av tilskudd (kopi av brev som er sendt søker), samt antall kommuner som har sendt dette.
- Antall mottatte redegjørelser fra kommunene i saker hvor det ikke avkortes selv om det er avdekket avvik som ville medført merutbetaling (begrunnelse skal sendes FM i PT-4100B), samt antall kommuner som har sendt dette.

Tolkar teksten slik at vi skal rapportere på dei mottatte grunngjevingsbreva som ligg til grunn for avkorting i sentral utbetaling, og ikkje eventuell avkorting som skjer i dei manuelle utbetalingane. Vidare legg vi til grunn at vi skal rapportere på dei søknadssomgangane som blei utbetalt i 2016.

Når det gjeld mottatte forklaringar på kvifor det ikkje er avkorta fekk vi ein generell kommentar frå to kommunar i søknadssomgangen august 2015 om at avvik som ikkje var avkorta gjeld areal (oppdatering av gardskart og liknande.) Når det gjeld vurderingar i søknadssomgangen januar 2016 knytta fleire seg til at det var feil i avloysarlaget sin første årsoppgåve. I berre ein kommune var det til dømes 47 av forklaringane, oppgitt i tabellen, som knytta seg til denne feilen. Vidare knytta fleire av dei mottatt forklaringane seg til fordeling av avløysartilskot ved driftsfellesskap. I tillegg blei fleire tilskotssøknadar ikkje avkorta på grunn av at søker meldte frå om feilen sjølv.

**Avkortning av tilskudd**

	Antall mottatte reddegjørelser	Antall kommuner som har sendt reddegjørelse
Reddegjørelse fra kommunen for avkorting av tilskudd (kopi av brev som er sendt til søker)	198	21
Reddegjørelse fra kommunen i saker hvor det ikke avkortes selv om det er avdekket avvik som ville medført merutbetaling (begrunnelse i PT4100B)	290	21

**Rapporteringskrav 7.3.9.10****Rapportere på**

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart skal det gis en oversikt over:

- Hvilke tiltak som er gjennomført for å ivareta landbruksinteressene i det regionale kartsamarbeidet.
- Eventuelle kommuner i fylket som ikke har ajourført AR5 og sendt nye jordregisterfiler til Landbruksregisteret (Lreg).
- Eventuelle utfordringer kommunene har med ajourføring av arealressurskart (AR5).

I 2016 har vi hatt ekstra fokus på å minne kommunane om behov for å senda jordregisterfiler for å oppdatera landbruksregisteret. Dette har bedra situasjonen, men det er framleis ein del kommunar som ikkje har gjort dette. Desse kommunane vil blir følgd ekstra opp i 2017.

**Kartsamarbeid**

Rapporteringskrav	Kort redegjørelse (stikkord)
a. Hvilke tiltak er gjennomført for å ivareta landbruksinteressene i det regionale kartsamarbeidet.	Vi har delteke på geovestmøter, møter i basisdata og temadatautvalget for Norge Digitalt og i fylkesgeodatautvalget i regionmøter i Norge Digitalt.. Vi har ein god dialog med kartverket, og AR5 er med i geodatoplan. Vi har gjennomført kurs i ajourføring av AR5 (nivå 1-2) med NIBIO, i mai 2016. 6 kommunar deltok. Vi har rettleia kommunar som ikkje har delteke på kurs i korleis finne informasjonen hjå NIBIO, og korleis få nettbasert opplæring og rettleiing. Vi har minna kommunane om å oppdatere LREG og bestille eigeprodusert jordregister (epost). Der la vi inn oversikt over korleis dei enkelte kommunane ligg an. Vi har informert om NIBIO sitt karthjelppemiddel «oppdateringsbehov ar5» på ar5 kurs. Vi har informert på nettsidene, og sendt ut e-post til dei kommunane i fylket med meir enn 200 dekar fulldyrka areal som moglegvis allereie er nedbygd. Dette for å gjøre dei merksame på dei store avvika, og synleggjere behov for ajourføring. Vi legg inn tilgiengeloge og oppdaterte kart relevante for landbruket på www.temakart-rogaland.no. Dette inkluderar «oppdateringsbehov ar5» og endringsanalyser. Vi har hatt dialog med kartverket om moglegheita for å selje inn laserdata frå skognæringer til Geovest. I denne omgang var opplysinga for dårleg.
b. Eventuelle kommuner som ikke har ajourført AR5 og sendt nye jordregisterfiler til Landbruksregisteret (Lreg).	Ikkje levert ajourhold av AR5: Sandnes, Randaberg, Sokndal, Suldal og Utsira Ikke sendt nye jordregisterfiler: Klepp, Randaberg, Forsand, Strand, Suldal, Sauda, Finnøy, Rennesøy, Utsira
c. Eventuelle utfordringer kommunene har med ajourføring av arealressurskart (AR5)	Nokon kommunar er sårbar med bare ein medarbeidar som kan gjøre den tekniske jobben. Svangerskapspermisjon og vakansar fører ofte til at desse kommunane glipper einskilde år. Det kan også glippe dei åra det er ekstra stort behov for desse tenestene i andre deler av kommuneforvaltinga.

**3.3 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk****Generelt**

Fylkesmannen i Rogaland fordeler ressursane til avdelingane i samsvar med vedteke langtidsbudsjett, som årleg blir tilpassa tildelingsbrev på kap 0525 og særskilde tildelingar frå fagdepartementa. I 2016 var embetet tilbake på "normal" tildeling etter kutt i 2015, som følgje av medfinansiering av tapt husleigekonflikt mellom staten og eigar av Statens hus i 2014. Dette kuttet vart fordelt på heile embetet og når ein samanliknar budsjettet mellom 2015 til 2016, må ein ha dette for auga.

Ved ressursfordelinga tek vi høgde for at det årleg blir tilført ein del refusjon for mellom anna sjukefråvær og innsparinger som følgje av vakante stillingar. Slike forhold fører likevel til at rekneskapstala for kap 0525 dei siste åra har vist noko mindreforbruk, som har blitt overført til neste års budsjett. I 2016 var mindreforbruket på berre om lag kr 250 000.

